

# BELØNNING AV MODERSKAPET

**Kvifor staten i Noreg gjennom utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta gjekk inn i den heimlege sfæren på 1900-talet.**



Alice Mathilde Aase Osen

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Universitetet i Bergen

Våren 2013



# FORORD

---

Ei masteroppgåve er eit sjølvstendig arbeid, til dels ein einsam prosess, men med god hjelp og støtte frå andre.

Særskilt takk til min rettleiar, professor Inger Elisabeth Haavet, som har inspirert meg, og gitt meg gode råd og nyttige innspel undervegs. Tusen takk! I tillegg vil eg takke rettleiarane og medstudentane ved masterseminaret *Individ, kultur og samfunn etter 1800* for gode tilbakemeldingar og lærerike diskusjonar. Takk til tilsette ved Universitetsbiblioteket i Bergen for ei hjelpande hand i jakta på forskingslitteratur og kjeldemateriale. Sist men ikkje minst takk til familie og sambuar, som har oppmuntra og motivert meg, og mint meg på at masteroppgåva ikkje er ein livsstil.

God lesing!

Alice Mathilde Aase Osen

Bergen, 15. mai 2013

# INNHALD

---

<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>3</b>
<b>KAPITTEL 1: INNLEIING</b> .....	<b>6</b>
TEMAET.....	6
AVGRENSING OG PROBLEMSTILLING.....	7
FORSKINGSSTATUS.....	8
KJELDER.....	11
<i>Offentlege dokument</i> .....	12
<i>Politiske dokument</i> .....	13
<i>Diverse publikasjonar</i> .....	14
METODE.....	14
VEGEN VIDARE.....	15
<b>KAPITELL 2: MODERSKAPET PÅ DAGSORDEN</b> .....	<b>17</b>
INNLEIING.....	17
DET PRIVATE BLIR POLITISK.....	18
<i>Ei tid i endring</i> .....	18
<i>Sosiale ildsjeler</i> .....	21
Katti Anker Møller og Johan Castberg.....	21
Sigrid Undset.....	24
FAMILIEN SOM SAMFUNNSINSTITUSJON – MODERSKAPS- OG FAMILIESTØNADAR GJENNOM 1900-TALET.....	25
<i>Fyrste debattepoke</i> .....	25
Mødreforsikringa.....	25
Dei Castbergske barnelovene.....	26
Enke- og morstrygda.....	26
<i>Andre debattepoke</i> .....	28
Fødselspermisjon og foreldrepenigar.....	28
Eingongsstønad ved fødsel.....	29
Overgangsstønad.....	30
EIN OFFENTLEG FAMILIE?.....	31
OPPSUMMERING.....	32

<b>KAPITTEL 3: BARNETRYGDA – EI HUSMORSTØTTE?.....</b>	<b>34</b>
INNLEIING.....	34
MØDRELØN, FORSØRGJARLØN OG BARNETRYGD.....	35
<i>Arbeidarkvinnebevegelsen versus den borgarlege kvinnebevegelsen.....</i>	<i>35</i>
Arbeidarkvinnebevegelsen og mødreløn.....	35
Den borgarlege kvinnebevegelsen og forsørgjarløn.....	37
Same kjønn, ulike syn.....	39
<i>Barnetrygd på dagsorden.....</i>	<i>39</i>
Stortinget sin barnetrygdkomite.....	40
Fleirtalet si innstilling.....	41
Mindretalet si innstilling.....	43
Ja, til barnetrygd, men i kva for ei form?.....	44
BARNETRYGDLOVA SIN FØDSEL.....	48
<i>Stortingsforhandlingane.....</i>	<i>49</i>
Sosialdepartementet (Regjering) versus Sosialkomiteen (Storting).....	51
Debatt, votering og avgjering.....	53
<i>Resultatet.....</i>	<i>54</i>
Formålet.....	55
Målgruppe.....	55
Tiltaket kjønnsretta?.....	56
OPPSUMMERING.....	57
<b>KAPITTEL 4: KONTANTSTØTTA – EIT BROTT MED TIDA?.....</b>	<b>59</b>
INNLEIING.....	59
KONTANTSTØTTELOVA SIN FRAMVEKST.....	60
<i>Kontantstøtta på det politiske kartet.....</i>	<i>60</i>
<i>Stortingsforhandlingane.....</i>	<i>62</i>
Forslag til kontantstøttelov.....	62
Kontantstøttelovforslaget til vurdering i Stortinget.....	65
Vedtaket.....	68
<i>Resultatet.....</i>	<i>69</i>
Formålet.....	69
Målgruppe.....	70
Tiltaket kjønnsretta?.....	71

EIN OPPHEITA SAMFUNNSDEBATT.....	71
<i>Meir tid</i> .....	72
<i>Reell valfridom</i> .....	73
<i>Meir likskap</i> .....	77
EVALUERINGA.....	78
OPPSUMMERING.....	80
<b>KAPITTEL 5: BELØNNING AV MODERSKAPET.....</b>	<b>82</b>
INNLEIING.....	82
TO FORSKJELLIGE DEBATTAR PÅ BETALT	
MODERSKAP/OMSORGSARBEID.....	82
<i>Barnetrygddebatten</i> .....	87
<i>Kontantstøttedebatten</i> .....	89
<i>Debattane</i> .....	91
FORMÅLET: LIKSKAPAR OG ULIKSKAPAR?.....	92
MODERSKAPSSTØNADAR?.....	94
UTFORDRINGAR I DET 21. HUNDREÅRET.....	95
OPPSUMMERING.....	96
<b>KAPITTEL 6: KONKLUSJON.....</b>	<b>98</b>
<b>LITTERATUR OG KJELDER.....</b>	<b>101</b>
LITTERATURLISTE.....	101
KJELDELISTE.....	108
INTERNETT.....	113
<b>ENGLISH SUMMARY.....</b>	<b>119</b>

# KAPITTEL 1: INNLEIING

---

## TEMAET

”Man kan si det er like verdifullt å gå hjemme med barn som å jobbe – men det er det ikke.”<sup>1</sup> Noregs barne-, likestillings- og inkluderingsminister Inga Marte Thorkildsen (SV) gjekk på kvinnedagen i 2013 og jubileumsåret for kvinneleg stemmerett ut og ville opplyse kvinner om konsekvensane av å velje husmorrolla fullt eller delvis framfor yrkeslivet. Arbeid, definert som sjølvstendig inntekt, hevda ho er inngangsporten til likestilling. Med arbeid fylgde velferdsordningar, makt og status.<sup>2</sup> Dette skapte sterke reaksjonar frå enkelte.

Omsorgsarbeidet som hadde dominert dei familiepolitiske diskusjonane førre hundreår vart på nytt aktualisert. Kvifor var det ikkje arbeid når mødrene (foreldra) passa sine egne barn, men berre når framande gjorde det? Spurte t.d. Kvinne- og Familieforbundet sin leiar, Elisabeth Rusdal, under debatten i Litteraturhuset i Oslo nokre dagar seinare.<sup>3</sup>

Staten hadde på 1900-talet støtta opp om kvinners reproduksjonsarbeid i heimen gjennom fleire ulike familiestøtter, mellom anna barnetrygda og kontantstøtta, som anno 2013 var dagsaktuelle. Kravet om ei belønning av moderskapet hadde i byrjinga av 1900-talet blitt satt på dagsorden.<sup>4</sup> Staten og samfunnet erkjente verdien av framtidens vaksne, og omsorgsarbeidet vart av mange sett på som ei samfunnssteneste. Reproduksjonen var eit samfunnsbehov. Barnetrygdlova av 1946 og kontantstøttelova av 1998 vaks ut av to ulike debattepokar om reproduksjonsarbeidet. Eineforsørgjarsystemet rådde i den fyrste halvdel av hundreåret, medan toforsørgjarsystemet i slutten. Samfunnet hadde i perioden gått frå å vere eit kjønnssegregert samfunn til i større grad å vere meir kjønnsnøytralt og likestilt. Likevel var dei samfunnsmessige rammene framleis forskjellige for kvinner og menn. Idealiseringa av husmorrolla stod sterkt i byrjinga av hundreåret. Blant anna arbeidarkvinnene og den politiske venstresida såg med barnetrygda verdien av heimeverande mødrer, medan under kontantstøtta var dette blitt til eit hinder for likestilling og integrering. Dei borgarlege partia, særleg Kristeleg Folkeparti, tok over kampsaka om ein heimeverande forelder

---

<sup>1</sup> Melgård, Marie. (2013) Man kan si det er like verdifullt å gå hjemme med barn som å jobbe – men det er det ikke. *Aftenposten*, 8.3.2013 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://web.retriever-info.com/services/archive.html?method=displayPDF&documentId=020002201303081132937&serviceId=2>> [Nedlasta 15.3.2013].

<sup>2</sup> Melgård 2013.

<sup>3</sup> NRK TV. (14.3.2013) Debatten [Internett] Tilgjengeleg frå: <<http://tv.nrk.no/serie/debatten1/nnfa51031413/14-03-2013>> [Nedlasta 6.4.2013].

<sup>4</sup> Med belønning meiner eg ei økonomisk gjengjeld for ei yting, som i dette tilfellet er omsorgsarbeidet i den heimlege sfæren. Altså ei økonomisk familiestøtte til mor eller ein forelder som brukar si tid til barna.

(mødrer). I slutten av hundreåret var dette eit brot med tida. Dilemmaet mellom yrkesarbeidet og reproduksjonsarbeidet gjorde seg gjeldande gjennom heile perioden. Forsørgjarproblemet var pressande under barnetrygddebatten, medan tidsklemma låg bak kravet om kontantstøtta. Samfunnet hadde i løpet av hundreåret akseptert og vent seg til staten si rolle i privatsfæren. Frå å gje ein følelse av umyndiggjering gjekk staten gradvis over til å bli sjølvsgd velferdsprodusent. Velferdsstaten gav individa og kollektivet rettar. Men vart moderskapet belønna gjennom barnetrygda og kontantstøtta?

## AVGRENSING OG PROBLEMSTILLING

Korleis skulle staten ha klart seg om det ikkje fødast barn? Barna er framtida og foreldreskapet ei samfunnsteneste. Opplevinga av foreldrerollene er forskjellige frå eit tid til ei anna. Omsorgsproblemet rammar kvar ein generasjon. Staten si deltaking i familien er avgjerande for oppfatninga av foreldreansvaret og familieforma. Barnetrygda og kontantstøtta vaks ut av to ulike periodar mht. organisering av omsorgsarbeidet. Utgangspunktet for barnetrygda var ei heimeverande mor med ansvaret for hus- og omsorgsarbeidet. Medan kontantstøtta vaks ut av ein samfunnsmodell med to yrkesaktive foreldre ilag om barneomsorga, og avlasta av andre tilsynsordningar. Ordningane er to døme på staten sin innsats i familien i løpet av 1900-talet. I 2012 vart Noreg for tredje gong kåra til verdas beste mammaland av Redd Barna.<sup>5</sup> For å forstå dette og familieane sin situasjon i dag, må vi tilbake til fortida – til familiepolitikken. Eg siterar sosiologen Runa Haukaa: ”Vi forstår når vi tenker bakover og vi forandrer når vi ser framover.”<sup>6</sup> Barnetrygd og kontantstøtte er to dagsaktuelle ordningar som belyser dette.

Med masteroppgåva vil eg vise kvifor og dermed korleis staten i Noreg gjennom utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta gjekk inn i den heimlege sfæren. Kva formålet med dei ulike ordningane var til dei ulike tidene i dei ulike samfunnskontekstane. Korleis forholdet mellom det offentlege og private endra seg. Som studieobjekt har dei to statlege ordningane både likskapar og ulikskapar. Dei set fokuset på normalfamilien der heteroseksuelle foreldre lever ilag, gift eller ugift. Ordningane er universelle for alle med barn i aktuell alder. Ytingane er kontantbidrag til omsorgsgjevaren i familien. Ordningane byggjer vidare på tankegodset om ei belønning av moderskapet frå byrjinga av det 20. hundreåret.

---

<sup>5</sup> Brodshaug, Lisa. (8.5.2012) *Norge er verdens beste mammaland – igjen* [Internett], Redd Barna. Tilgjengeleg frå: < <http://www.reddbarna.no/nyheter/norge-er-verdens-beste-mammaland-igjen> > [Nedlasta 25.2.2013].

<sup>6</sup> Haukaa, Runa. (1982) *Bak slagordene*. Oslo, Pax Forlag A/S, s. 1



Tida omkring utforminga av ordningane er den vesentlege her. Frå cirka 1920 til og med 1946 vart barnetrygda diskutert i samfunnet og det politiske rom. Før andre verdskrigen føregjekk det oppheita diskusjonar, medan vedtaket i 1946 vart gjort samstemt. Utforminga av kontantstøtta vart langt frå så langdryg. Med somme teikn til interesse frå 80-talet av, tok diskusjonane om ei kontantstøtte fart frå 1998. Etter nokre år i praksis kom den lova evalueringa av ordninga i april 2001. Her stansar min periode sidan stortingsforhandlingane og samfunnsdebatten deretter tar for seg dei faktiske konsekvensane av ordninga med bakgrunn i evalueringa, og ikkje sjølve utforminga av kontantstøttelova. Under desse lovutformingane gjorde fleire aktørar seg gjeldande, som varierte med dei ulike ordningane. Dei som på best måte representerte motpolane i debattane fant ein blant press- og interessegrupper, som kvinnebevegelsar, sosiale ildsjeler eller forskarar i tillegg til dei politiske aktørane innanfor partiorganisasjonar og komitear. Aksjons-, organisasjons-, medie- og valkanalen vart flittig tatt i bruk.

Hovudproblemstillinga for masteroppgåva mi er: *Kvifor greip staten inn i den heimlege sfæren gjennom barnetrygda og kontantstøtta, og kan desse to ordningane sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønadar til forskjell frå fedre og familieeininga?* Denne vil eg tilnærme meg gjennom å ta for meg formålet, målgruppa og motivasjonen som låg til grunn for utviklinga av desse to ordningane. Underproblemstillingane lyder som følgjande: *Kva var formålet for utviklinga av ordningane og var den lik i dei to epokane? Kven var målet for ordningane, mødrene, fedrane, barna – eller familien som heilskap? I kva grad kan vi sjå tiltaka som kjønnsretta – var dei begge tenkt som moderskapsstønadar, trass i ulik formulering og grunngjeving? Kunne dei verke til å likestille barneomsorga mellom foreldra eller til å morsrette den? I kva grad gjenspeglar debattane endringar i samfunnet i perioden, og korleis kunne dette vere med å endre synet på omsorgsarbeidet og betalt moderskap?* Ordningane vil fyrst bli vurdert kvar for seg, og deretter samla. Underproblemstillingane er nødvendige for oppnå hensikta med masteroppgåva.

## **FORSKINGSSTATUS**

Forskingsfeltet på temaet mitt er dominert av samfunnsvitskapleg og humanistisk vitskap (historie). Innanfor forskingslitteraturen både blant samfunnsvitarane og humanvitarane (historikarane) er det eit mangfald som går inn på ein/eller begge ordningane, men med hovudfokuset på eit anna overordna tema, som for eksempel velferdsstaten. Dette førekjem

særskilt innanfor den samfunnsvitskaplege forskingslitteraturen i omtalen av barnetrygda. For eksempel sosiologen Arnlaug Leira sitt individuelle bidrag: *En kvinnevennlig velferdsstat?*, og May-Linda Magnussen si masteroppgåve i sosiologi: *Kontantstøttedebatten: argumenter og ideologier*.<sup>7</sup> Innanfor den humanistiske vitskapen er det derimot skrivingar om kontantstøtta, men meir om hundreåret si familiepolitiske utvikling. Dette kjem nok av ordninga si samtidshistoriske stilling. Forskingslitteraturen innanfor humanvitskapen tar i hovudsak for seg staten si rolle i familien gjennom hundreåret. Somme døme på dette finn ein blant anna i tekstar skrivingar av kvinne- og kjønns historikar Inger Elisabeth Haavet, som for eksempel i *Da det private ble politisk*, og *Milk, Mothers and Marriage* mfl.<sup>8</sup> Kulturvitaren Hilde Danielsen: *Den kjønnskonservative velferdsstaten. Feministiske perspektiv på omsorgsendringar for små barn*.<sup>9</sup> Fagtradisjonane og dermed forskingsmetodane er avgjerande for korleis forskarane forklarar utviklinga og resultatet av ordningane, til tross for at dei stort sett konkluderar med det same. Sosiologiske, feministiske, kvinne- og kjønns perspektiv dominerar den utvalte litteraturen.

Forskingslitteraturen som i hovudsak går inn på barnetrygda med relevans for mine problemstillingar finn ein blant den historiske fagtradisjonen. Dei mest sentrale historikarane på emnet blir ofte referert til blant samfunnsvitskapleg forskingslitteratur på emnet. Dei mest relevante bidraga er tidsskriftsartikkelen til den moderne historikaren Anne Lise Seip og miljøhistorikaren Hilde Ibsen: *Morsøkonomi, familieøkonomi og samfunnsøkonomi. Barnetrygden i historisk perspektiv*.<sup>10</sup> Mykje brukt er også Seip si bok *Veiene til velferdsstaten. Norsk sosialpolitikk 1920-1975*.<sup>11</sup> Ein kjem heller ikkje utanom Haavet sine bidrag i *Langsomt ble landet et velferdssamfunn*.<sup>12</sup> Denne litteraturen tar for seg utviklinga av

---

<sup>7</sup> Leira, Arnlaug. (1998) *En kvinnevennlig velferdsstat?* I: red. Anne-Hilde Nagel et al. *Kjønn og Velferdsstat*. Bergen, Alma Mater forlag AS, s. 180-204. Magnussen, May-Linda. (1999) *Kontantstøttedebatten: argumenter og ideologier*. Masteroppgåve, Universitet i Bergen, 97 sider.

<sup>8</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (2007) *Da det private ble politisk*. I: An-Margit Jensen, Elisabeth Backe-Hansen, Harald Bache-Wiig og Kåre Heggen et al. red. *Oppvekst i barnets århundre. Historier om tvetydighet*. Oslo, Pensumtjenesten, s. 46-62. Haavet, Inger Elisabeth. (2006) *Milk, Mothers and Marriage*. I: Niels Finn Christiansen, Klaus Petersen, Nils, Edling og Per Haavet et al. red. *The Nordic Model of Welfare – a Historical Reappraisal*. Copenhagen, Museum Tusulanum Press, s. 189-214.

<sup>9</sup> Danielsen, Hilde. (2002) *Den kjønnskonservative velferdsstaten. Feministisk perspektiv på omsorgsendringar for små barn*. I: Cathrine Holst et al. red. *Kjønnsrettferdighet. Utfordringer for feministisk politikk*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS, s. 89-121.

<sup>10</sup> Seip, Anne-Lise og Hilde Ibsen. (1989) *Morsøkonomi, familieøkonomi og samfunnsøkonomi. Barnetrygden i historisk perspektiv*. *Historisk tidsskrift*, bind 68, s. 412-433.

<sup>11</sup> Seip, Anne-Lise. (1994b) *Et solidarisk trygdesystem? Veien mot den skandinaviske trygdemodellen*. I: Anne-Lise Seip. *Veiene til velferdsstaten. Norsk sosialpolitikk 1920-1975*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag, s. 146-224.

<sup>12</sup> Bjørnson, Øyvind og Inger Elisabeth Haavet. (1994) *Introduksjon*. I: Øyvind Bjørnson og Inger Elisabeth Haavet, red. *Langsomt ble landet et velferdssamfunn. Trygdens historie 1894-1994*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 11-27. Haavet, Inger Elisabeth. (1994c) *Barnetrygd og familiepolitikk*. I: Øyvind Bjørnson og Inger Elisabeth

barnetrygda med ulik vektlegging av aktørar, men med eit langtidsperspektiv. Dei ser på utviklinga av ordninga mot eit universelt velferdstiltak, som eit symbol på framveksten av velferdsstaten, og som eit familiepolitisk verkemiddel. Fokuset deira ligg på fortida.

Forskingslitteraturen på kontantstøtta med relevans for mine problemstillingar finn ein innanfor samfunnsvitskapen. Dei fleste bidraga går inn på kontantstøtta som ein del av eit større emne, som velferdsstaten og familiepolitikken. Døme på dette finn ein hos juristen Aksel Hatland med artikkelen *Familien og velferdsstaten*, og *Ein kvinnevennlig velferdsstat* av Leira.<sup>13</sup> Den mest relevante litteraturen i mitt høve, som går direkte inn på sjølve ordninga, er masteroppgåvene til Magnussen og Kari N. Håland i statsvitskap: *Kontantstøtten – et veiskille i norsk familiepolitikk? En sammenligning av kontantstøtten til småbarnsforeldre og fødselspermisjonsordningene*.<sup>14</sup> Forskingslitteraturen er prega av fagdisiplinane sine interessefelt. Masteroppgåvene er samtidshistorisk orientert, men den statsvitskaplege famnar i større grad eit historisk perspektiv. Fokuset deira ligg på undersøkinga av samtida.

I tillegg til forskarane og litteraturen som allereie er nemnt, er det eit mangfald av forskingslitteratur på samfunnsendingane i Noreg på 1900-talet, som har vore relevant i forhold til temaet mitt. Særskilt viktig er litteraturen som diskuterar utbygginga av velferdsstaten i forhold til familiepolitikken. Dermed fylgde også temaa kjønnsroller, familiemønster, og forholdet mellom arbeid og reproduksjon med på lasset. Den utvalte litteraturen er prega av kjønns- og/eller sosiologiske perspektiv. Innanfor samfunnsvitskapen har bidrag frå to kollektive prosjekt særskilt vore til nytte i forståinga av utforminga av velferdsstaten sin familiepolitikk i slutten av det 20. hundreåret. Anne Lise Ellingsæter og Leira (red.) si bok *Velferdsstaten og familien*, og *Velferdsstatens familier* av Ellingsæter og Karin Widerberg (red.).<sup>15</sup> Innanfor den humanistiske vitskapen har kapitla av historikarane

---

Haavet, red. *Langsomt ble landet et velferdssamfunn. Trygdens historie 1894-1994*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 203-227. Haavet, Inger Elisabeth. (1994d) På terskelen til velferdssamfunnet. I: Øyvind Bjørnson og Inger Elisabeth Haavet, red. *Langsomt ble landet et velferdssamfunn. Trygdens historie 1894-1994*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 195-201.

<sup>13</sup> Hatland, Aksel. (2011) Familien og velferdsstaten. I: Aksel Hatland, Stein Kuhnle og Tor Inge Romøren red. *Den norske velferdsstaten*. Oslo, Gylden akademisk, s. 148-168. Leira 1998.

<sup>14</sup> Magnussen 1999. Håland, Kari N. (2001) *Kontantstøtten – et veiskille i norsk familiepolitikk? En sammenligning av kontantstøtten til småbarnsforeldre og fødselspermisjonsordningene*. Masteroppgåve, Norges tekniske-naturvitenskaplige universitet, 118 sider.

<sup>15</sup> Ellingsæter, Anne Lise. (2004) Tidskrise i familien? I: Anne Lise Ellingsæter og Arnlaug Leira (red.). *Velferdsstaten og familien*. Oslo, Gyldendal Akademiske, s. 128-159. Kavli, Hanne Cecilie. (2004) Familiepolitiske dilemmaer i det fleretniske samfunnet. I: Anne Lise Ellingsæter og Arnlaug Leira (red.). *Velferdsstaten og familien*. Oslo, Gyldendal Akademisk, s. 290-321. Leira, Arnlaug. (2004) Omsorgsstaten og familien. I: Anne Lise Ellingsæter og Arnlaug Leira red. *Velferdsstaten og familien*. Oslo, Gyldendal Akademisk, s. 67-99. Noack, Turid. (2004) Familien i velferdsstaten: fra støttespiller til trojansk hest? I: Anne Lise Ellingsæter og Arnlaug Leira (red.). *Velferdsstaten og familien*. Oslo, Gyldendal Akademisk, s. 39-66.

Kari Melby og Ida Blom i *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årtusenskiftet* vore særskilt nyttige i skildringa av samfunnsendingane utover hundreåret med fokus på kjønn.<sup>16</sup> I tillegg har litteraturvitar og mannsforskar, Jørgen Lorentzen, belyst farskapet si rolle på 1900-talet i boka *Fra farskapets historie i Norge: 1850-2012*.<sup>17</sup> Ut over dette føreligg det ei rekke individuelle forskingsbidrag som har vore til stor hjelp. Sjå litteraturlista mi for ein fullstendig oversikt av nytta forskingslitteratur.

Den utvalte forskingslitteraturen har etter mi vurdering framstått som nødvendig ut frå oppgåva sitt tema. Forskarane er anerkjent på sitt område og den historiske litteraturen har særskilt blitt bygd vidare på av andre med ulike fokus. Litteraturen har vore viktig i forklaringa av hendingsgangen av ordningane med vekt på samfunnskonteksten. All litteratur er til ei viss grad subjektiv, men dei historiske utviklingstrekk er eit faktum. I HIS 301 oppgåva mi om historisk forskingslitteratur tok eg for meg korleis forskingslitteraturen forklarar staten si moderskapsstøtte gjennom to ulike debattepokar på 1900-talet. Det overordna funnet var at den samfunnsvitskaplege og humanistiske forskingslitteraturen på barnetrygda og kontantstøtta, uavhengig av fagtradisjonen og metodisk tilnærming, var samstemt om at staten belønna moderskapet, enten direkte eller indirekte gjennom ordningane i dei to ulike debattepokane.

I det historiske feltet skal oppgåva mi bidra med ei ny framstilling av staten i den heimlege sfæren. Korleis staten belønna moderskapet gjennom det 20. hundreåret blir undersøkt med hovudfokuset på barnetrygda og kontantstøtta. Eg vil bidra med ei ny framstilling av moderskaps- og familiestøttepolitikken si utvikling på 1900-talet. Det er ingen som har vurdert desse to ordningane ilag ut frå min synsvinkel, som eksemplar på at staten grip inn i den heimlege sfæren og lønna hus- og omsorgsarbeidet. Hensikta er å få lesaren til å forstå ein del av bakgrunnen for at Noreg anno 2013 blir sett på som eit av verdas beste land for mødrer og foreldreskap.

## KJELDER

---

Kavli, Hanne C. (2012) Verdier på vandring. I: Anne Lise Ellingsæter og Karin Widerberg (red.). *Velferdsstatens familier*. Oslo, Gyldendal Akademiske, s. 265-288.

<sup>16</sup> Melby, Kari. (2007) Husmortid. 1900-1950. I: Ida Blom og Sølvi Sogner (red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo, Cappelen Akademisk forlag, s. 255-331. Blom, Ida. (2007) Brudd og kontinuitet. Fra 1950 til årtusenskiftet. I: Ida Blom og Sølvi Sogner (red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo, Cappelen Akademisk forlag, s. 335-390.

<sup>17</sup> Lorentzen, Jørgen. (2012) *Fra farskapets historie i Norge: 1850-2012*. Oslo, Universitetsforlaget, 172 sider.

I søket etter svar på hovud- og underproblemstillingane mine har eg nytta meg av skriftlege, normative og publiserte tekstar. Mitt syn på historiske kjelder er prega av å vere funksjonelt. Ifølgje Astri Andresen inneber det: ”[...] at ei kjelde alltid er ei kjelde til noko; til det spørsmålet historikaren stiller.”<sup>18</sup> I møte med kjeldematerialet var spørsmåla om kva, kven og kvifor hjelpeverktøyet mitt. Kjeldene kan delast inn i tre typar. For det fyrste offentlege dokument: stortingsforhandlingar, Norsk Lovtidend og Noregs Lover. Desse har eg funne på Universitetsbiblioteket, medan forskriftene frå Norsk lovtidend på lovdata sin nettstad. Stortingsforhandlingar frå 1998 er tilgjengelege på Stortinget sin nettstad, medan Norsk Lovtidend frå 2001 på Lovdata sin nettstad. For det andre har eg nytta meg av det politiske dokumentet: valprogram. Desse har eg hatt tilgjengeleg via ein cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste (NSD) og institutt for samfunnsforskning, som heiter ”Vi vil..!” Denne rommar alle norske partiprogram frå 1884 til 2001. Den tredje og siste kjeldetypen er diverse publikasjonar, som består av aviser, tidsskrift, brosjyrer og protokollar. Desse varierar etter kva ordningar eg behandlar. Kjeldene har vore tilgjengelege ved Universitetsbiblioteket, utanom avisene som eg fant i databasen Atekst – Noregs mest omfattande mediearkiv. På grunn av mangfaldet av kjelder har avgrensinga vore viktig. Kjeldene er valt ut i forhold til relevans for problemstillingane, referansar i forskingslitteratur på temaa, aktuelle datoar i forhold til saksgangen i lovutviklinga, og aktuelle og tilgjengelege kanalar. Tidsparing, tilgjengelegheit og relevans har spelt ei viktig rolle. Av det innsamla kjeldematerialet mitt vart mykje av avis- og tidsskriftartiklane ikkje tatt i bruk.<sup>19</sup> Det nytta kjeldematerialet fant eg tilfredsstillande. Kva inneber dei ulike kjeldetypane? Kor pålitelege er dei? Kva har eg brukt kjeldene til?

### ***Offentlege dokument***

Stortingsforhandlingane er dei offisielle publikasjonane frå saksgangen mellom Regjering og Storting og innan Stortinget. Ei samling av dokument og referat av Stortinget sitt

---

<sup>18</sup> Andresen, Astri. (2012) *Kjeldekunnskap*. I: Astri Andresen, Sissel Rosland, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg. *Å gripe fortida*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 45.

<sup>19</sup> Innsamla artiklar frå Bergens Tidende og Vårt Land om kontantstøtta vart ikkje tatt i bruk. I tillegg har eg på grunn av utilgjengelegheit ikkje nytta meg av Klassekampen og andre kvinnebevegelsar sine tidsskrift. Angående barnetrygda og Husmorforbundet har Kari Melby gjort greie for at det ikkje førekom noko skrivi om barnetrygdkomiteen si innstilling innan forbundet. Her referert: Melby, Kari. (1995b) *Norges Husmorforbund 1925-1940; ”der maa penger til”*. I: Kari Melby. *Kvinnelighetens strategier. Norges Husmorforbund 1915-1940 og Norges Lærerinneforbund 1912-1940*. Universitetet i Trondheim, Den allmennvitenskapelige høgskole, Det historisk-filosofiske fakultet, s. 139-141.

konstitusjonelle arbeid.<sup>20</sup> Tekstane er utforma etter faste rammer. Den offisielle samanhengen påverkar det som blir sagt og nedskrive. Opphavssituasjonen til kjeldetypen gjer den truverdig. Dokumenta eg nyttar meg av har ein normativ, samfunnsbevarande og ikkje kulturvarierte tendens. Resultatet av stortingsforhandlingane, vedtaket til lov, blir kunngjort i Norsk Lovtidend.<sup>21</sup> Forslag til lov kjem i hovudsak som konsekvens av eit framsett krav og opplevd samfunnsproblem. Lovene som blir vedtatt og trer i kraft finn ein trykt og nedfelt i Noregs Lover.

*Lov om barnetilskott til visse arbeidstakarar* frå 1944 i Norsk Lovtidend er eit eksempel på ei ordning som gjorde seg gjeldande under okkupasjonstida, og bygde vidare på innstillinga til barnetrygdkomiteen, som er lagt ved stortingsforhandlingane frå 1945-46 *Om lov om barnetrygd*. Dette omfattar saksgangen til barnetrygda si fyrste utforming. Kjeldene har eg nytta i høve når barnetrygda kom på den politiske dagsorden og gangen i lovutviklinga: diskusjonane, forslaga, aktørane, argumentasjonen, og resultatet. Det same gjaldt stortingsforhandlingane *Om lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøttelova)* frå 1997-98. I tillegg til desse har eg supplert med publikasjonar frå saka *Innføring av kontantstøtte til småbarnsforeldre* som starta rett forut. Desse refererer til diskusjonane i Stortinget der dei politiske partia legg fram sine synspunkt, som ligg bak merknadane og standpunkta som førekjem i saksgangen til kontantstøttelova. Men for å finne ut når det fyrst kom opp på den politiske dagsorden nytta eg meg av stortingsforhandlingar frå 1987-88 *Om barnehagar mot år 2000*. I stortingsforhandlingane frå 2000-01 *Om evalueringa av kontantstøtta* nytta eg meg av Stortingsmeldinga nummer 43.<sup>22</sup> Denne viser dei faktiske konsekvensane av kontantstøtta i forhold til det som vart diskutert og dei tenkte konsekvensane under saksgangen til lova og samfunnsdebatten i etterkant. Dei felles forskriftene frå Norsk Lovtidend frå 2006 og 2012 har eg nytta i høve nye utfordringar som ordningane møter og må ta omsyn til i dag.

## **Politiske dokument**

---

<sup>20</sup> Fiskvik, Eli Pauline. (23.9.2008) *Stortingsforhandlingar* [Internett], Oslo, Stortingets informasjonstjeneste. Tilgjengeleg frå: < <http://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Arbeidet/Om-publikasjonene/Stortingsforhandlingene/> > [Nedlasta: 1.3.2013].

<sup>21</sup> Gisle, Jon. (14.2.2009) *Norsk Lovtidend* [Internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå: < [http://snl.no/Norsk\\_Lovtidend](http://snl.no/Norsk_Lovtidend) > [Nedlasta 1.3.2013].

<sup>22</sup> I følge Stortinget sin nettstad er ei stortingsmelding: "[...] en rapport fra regjeringen om arbeid som er gjort på et spesielt felt, eller drøfting av framtidig politikk. Meldinger brukes når regjeringen vil presentere saker for Stortinget uten forslag til vedtak." Her referert: Fiskvik, Eli Pauline. (14.4.2012) *Nye publikasjonsbetegnelser* [Internett], Oslo, Stortingets informasjonstjeneste. Tilgjengeleg frå: < <http://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Nyhetsarkiv/Forsidenyheter/2008-2009/Nye-publikasjonsbetegnelser/> > [Nedlasta 26.11.2012].

Valprogramma er dei politiske partia sine arbeidsprogram for ein enkelt stortingsperiode. Programma held seg innanfor rammene av partiet sin politikk og retorikk. Sjangeren er prega av det offentlege språket. Hensikta er å fremje sakene sine og kapre veljarar. Kjeldene er truverdige i forhold til at dei representerar partia sine syn og arbeidsmål, som er relevant i mitt tilfelle. Problemet som eventuelt er knytt til kjelda er gjennomføringa av arbeidsmåla, som ein kan måle ved stemmegjevinga i Stortinget, men urelevant i mitt tilfelle. Valprogramma har eg nytta til å sjå på dei politiske partia sine synspunkt på ordningane, og kven som hadde dei som arbeidsmål i omtalen av saksgangen.

### ***Diverse publikasjonar***

Dei utvalte avisartiklane frå Aftenposten og Dagbladet som tek for seg kontantstøtta består i hovudsak av debattinnlegg i tillegg til ein kronikk. Debattinnlegga er av argumenterande karakter, medan kronikkar er opplysende eller resonnerande. Tidsskriftsartiklane på barnetrygda; frå Socialt Arbeide og Arbeiderkvinnen, og kontantstøtta; Kvinneforskning, Kvinnejournalen, Kvinner og Familie og Kvinnesaks-nytt, innbyr også til drøfting, men av klart avgrensa problematikkar. I motsetnad til debattinnlegga stillast det strenge krav til at innhaldet skal formidle noko nytt eller nye perspektiv innanfor eit gjeve tema. Kjeldene er prega av skribenten si hensikt, politiske og ideologiske ståstad. Poenget med kjeldene er å få fram dei forskjellige synspunkta. Har skribentane og utgjevar antipatiar eller sympatiar for ordningane? Innhaldet er truverdig i den forstand at det representerar avsendaren og eventuelt bevegelsen sine synspunkt i saka. Det same gjeld for brosjyrane om mødreløn eller barnetrygd. Hensikta til kjeldene er å påverke lesaren i sin retning. Forma til landsmøteprotokollane til Det Norske Arbeidsparti sin landskvinnekonferanse frå 1926 og 1930 skil seg frå dei andre publikasjonane. Protokollane er møtereferat og pålitelege i den forstand at dei representerar møta. Problemet knytt til dei diverse publikasjonane er om avsendarane har evne, vilje og mogelegheit til å gje ei truverdig framstilling av saka. Eg har brukt kjeldene til å gje eit bilete/ei framstilling av samfunnsdebatten om ordningane.

### **METODE**

”Metoden er ein reiskap til å gripe eit bestemt fenomen.”<sup>23</sup> Historisk kjeldekritikk er mitt analyseverktøy. Meiningsinnhaldet i det utvalte materialet blir tolka i lys av den konteksten

---

<sup>23</sup> Andresen, Astri, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg. (2012) Metodar. I: Astri Andresen, Sissel Rosland, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg. *Å gripe fortida*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 87.

det er skapt i, altså ein kvalitativ metode. Dette verktøyet med tilnærminga til teksten er nødvendig for å forstå meiningar, haldningar, handlingar og hendingar.<sup>24</sup> I tillegg tar eg i bruk enkeltstudiar, samtidig som eg ser etter samanhengar mellom ordningane: likskapar og ulikskapar. Fortolkinga mi i møte med kjeldene er prega av metodologisk kollektivism: ”En kollektivist vil kreve at forklaringspremissene utelukkende skal si noe om sosiale fenomeners atferd og egenskaper, og at forklaringsretningen skal gå fra sosiale fenomen til individer.”<sup>25</sup> Sosiale fenomen og enkeltindivida sine handlingar og tenkemåte forklarast ved å vise til (andre) sosiale fenomen. Struktur legg forklaringspremissane, frå sosiale fenomen til individa.<sup>26</sup> Samtidig utelukkar eg ikkje metodologisk individualisme: ”En individualist vil kreve at forklaringspremissene utelukkende skal si noe om enkeltindividens handlinger og egenskaper, og at forklaringsretningen skal gå fra individer til sosiale fenomen.”<sup>27</sup> Handlingsrommet til aktørar kan vere med å forklare sosiale fenomen. Eg følgjar ikkje nokon forklaringsstrategi slavisk. Det avgjerande har vore kva kjelder og metode som passar med det temaet eg undersøker, altså eit tematisk utval. Historiske fenomen er stort sett resultat av fleire årsaker. Den historiske forklaringa mi er i hovudsak ei årsaksforklaring. Det vil sei at eg forklarar oppkomsten av ordningane historisk ved å søkje å identifisere årsakene, rammeforholda, til ordningane som er mine fenomen. Dei utanforliggende årsakene blir vektlagt.<sup>28</sup> I tillegg tar eg i bruk intensjonale forklaringar når eg analyserar saksgangen og resultatet av lovutforminga. Ei intensjonal forklaring skal ved hjelp av aktøren sine handlingsmotiv gjere ei menneskeleg handling forståeleg.<sup>29</sup> På denne måten prøvar ein å forklare innsida av handlingane, som argumentasjonen under stortingsforhandlingane. I følgje Teemu Ryymin står ein intensjon: ”[...] i forhold til ei handling som ei årsak står i forhold til ein verknad.”<sup>30</sup> Eg har arbeida meg frå ei kjeldesamling til ei historisk framstilling.

## VEGEN VIDARE

Sidan oppgåva mi fokuserar på dei direkte overføringane til barna sine omsorgspersonar, går eg i kapittel to igjennom eit noko vidare spekter av velferdstiltak andsynes barnefamiljar

---

<sup>24</sup> Andresen, Ryymin og Skålevåg 2012, 101-102.

<sup>25</sup> Gilje, Nils og Harald Grimen. (1995) Metodologisk individualisme og kollektivism. I: Samfunnsvitenskapenes forutsetninger: innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi. Oslo, Universitetsforlaget, s. 191.

<sup>26</sup> Gilje og Grimen 1995, 176, 191.

<sup>27</sup> Gilje og Grimen 1995, 191.

<sup>28</sup> Ryymin, Teemu. (2012) Forklaringar. I: Astri Andresen, Sissel Rosland, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg. *Å gripe fortida*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 136, 144, 146.

<sup>29</sup> Ryymin 2012, 139.

<sup>30</sup> Ryymin 2012, 139.



under den fyrste og andre debattepoken, for å vise at det er eit større felt enn det eg har valt å ta for meg. I tillegg går eg inn på den historiske bakgrunnen, startskotet for debatten om ei belønning av moderskapet. Katti Anker Møller, Johan Castberg og Sigrid Undset illustrerer breiare strøymingar i den tidlegaste debatten om moderskapet. I det tredje kapitlet står barnetrygda for tur. Her skisserer eg samfunnsdebatten som set ordninga på den politiske dagsorden, og fører til stortingsforhandlingane, som førte fram til det endelege resultatet. I kapittel fire tar eg for meg kontantstøtta på same måten. Her kjem lovutforminga fyrst, og deretter fylgjer ein samfunnsdebatt. I desse to kapitla skal problemstillingane løysast som tar for seg formål, målgruppe og om ordningane var kjønnsretta. I kva grad debattane gjenspeglar endringar i samfunnet i perioden, og korleis dette var med å endre synet på omsorgsarbeid og betalt moderskap blir svart på i kapittel fem. I dette kapitlet tar eg også for meg ordningane under eitt, der eg ser på forskjellar, likskapar og årsaker i forhold til problemstillingane. Eg går også kort inn på nye utfordringar i møte med det 21. hundreåret. I siste og sjette kapitlet trekker eg saman trådane frå dei tidlegare kapitla og gjer ein konklusjon på hovudproblemstillinga. Avslutningsvis stiller eg nokre opne spørsmål til ettertanke og inspirasjon. Var det eit ynskje og/eller ein intensjon å belønne moderskapet?

# KAPITTEL 2: MODERSKAPET PÅ DAGSORDEN

---

## INNLEIING

Moderarbeidet, at bringe barn til verden og stelle med dem efter de er født er et arbeide som vi derfor må si en kvinne utfører uten vederlag, eller så godt som uten vederlag, ialfald staaer hendes løn ikke i noget rimelig forhold til hendes arbeide.

Denne ordning stemmer ikke længer overens med det syn vi nu har paa husmorens værdifulde opgave. Det svarer ikke længer til vor vurdering av mors gjerning, at la netop dette arbeide være det mindst lønsomme en kvinde kan paata sig i verden.<sup>31</sup>

Tidleg på 1900-talet tok Katti Anker Møller opp kampen for ei oppvurdering av moderskapsarbeidet. Foredraget *Kvindernes Fødselspolitik* frå 1919, som fyrst vart halde i Torsnes og Fredrikstad Arbeidarkvinneforeining og seinare i Venstrekvinnelaget i Oslo, skulle få mykje merksemd på både godt og vondt.<sup>32</sup> Anker Møller kravde at moderskapet, den viktige oppgåva med vidareføringa og opprettholdinga av slekta, måtte godtas som den samfunnstenesta det var. Ho peika på at lønningssystemet ikkje tok omsyn til forsørgjarbyrda, men var basert på arbeidsytinga aleine. Det å vere mor hevda ho var eit arbeid og burde lønnast deretter. Ho kravde altså ei belønning av moderskapet på lik linje med anna arbeid. Produksjonen av varer skulle likestillast med produksjonen av barn. Arbeidsgjevar måtte vere staten. Denne mødreløna frå staten, som skulle gjelde inntil barna begynte på skulen, skulle også gjere kvinnene økonomisk uavhengige i ein periode av livet kor dei ikkje kunne arbeide sjølv. I tillegg skulle mødreløna sjølv sagt bidra til ei god oppfostring og gjere husmor- og morsarbeidet meir attraktivt. Anker Møller hevda at det no var dei gifte kvinnene som stod igjen som taparane i den moderne samfunnsutviklinga. Barn var ikkje lenger ei investering eller ei livsforsikring, men ei klar utgift. Dessutan hadde dei ugifte kvinnene i større grad fått fri tilgang til lønna arbeid, medan staten var den heldige mottakaren av ei arbeidskraft, som mødrene hadde avla og oppdratt.<sup>33</sup>

Desse krava og synspunkta fekk både kvinner og menn til å sjå raudt. Det å setje ein prislapp på det kjærlege morsarbeidet - arbeidet med barna - og gjere samfunnets grunnpilar – ekteskapet - til ei økonomisk arbeidskontrakt, var svært radikale tankar på dette tidspunktet. Heftige debattar blussa opp og Anker Møller møtte sterk motstand og utestenging frå ei rekkje kvinnebevegelsar, som Norske Kvinners Nasjonalråd og Venstrekvinnelaget med fleire.

---

<sup>31</sup> Anker Møller, Katti. (1919) *Kvindernes Fødselspolitik*. Kristiania, Det norske Arbeiderpartis Forlag, s. 4.

<sup>32</sup> Lie, Anne Mette. (2008) *Tre generasjoners kvinnepolitikk. Katti Anker Møller, Tove Mohr og Tove Pihls familiepolitiske arbeid 1900-1987*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen/Høgskolen i Bergen, s. 44.

<sup>33</sup> Anker Møller 1919, 4-9, 14.

Vendepunktet i kravet om mødreløn kom rundt 1920. Kvinnenes Verdiskongress anerkjente kravet om ei mødreløn, og Katti Anker Møller sendte ”stafettpinnen” vidare til systera si, Ella Anker. Kravet om ei mødreløn eller eit familietillegg i arbeidslønningane skulle etterkvart bli viktige mål i sosialistiske kvinnebevegelsar og eit partipolitisk spørsmål utover 20-talet. I tillegg ville tankegodset vere fruktbart i fleire tiår, som i utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta.<sup>34</sup>

Då Katti Anker Møller set fram kravet om eit betalt moderskap i 1919, hadde allereie hennar ynskje om å bringe reproduksjonen under kultur vorte hevda sidan hundreårsskiftet i kampen for dei ugifte mødrene og dei utslitne fleirbarnsmødrene.<sup>35</sup> Gjennom 1900-talet skulle ei rekkje moderskaps- og familiestøtteordningar vekse fram som konsekvens av at moderskapet vart satt på dagsorden. Den fyrste debattepoken om problematikken rundt moderskapsstønadar på byrjinga av 1900-talet dreia seg i hovudsak rundt spørsmålet om omsorg for barn var samfunnet sitt ansvar. Skulle dette ansvaret takast gjennom å belønne moderskapet som eit økonomisk definert arbeid? Den andre debattepoken på slutten av 1900-talet tok i hovudsak for seg spørsmålet om korleis omsorg for barn skulle vere samfunnet sitt ansvar, både økonomisk og praktisk. Omsorg vart gjennom 1900-talet politikk og det private vart politisk. Grensa mellom det private og det offentlege vart eit varig dilemma igjennom heile perioden.

Kva var årsakene til at moderskapet kom på dagsorden? Kva for aktørar gjorde seg gjeldande som målbærerar for to ulike strøymingar innanfor debatten om moderskapet? Kva slags andre eksempel på moderskaps- og familiestøtteordningar enn barnetrygd og kontantstøtte vaks fram i dei to ulike debattepokane på 1900-talet, som konsekvens av at moderskapet vart sett på dagsorden? Vart familien offentleggjort og på kva måte?

## **DET PRIVATE BLIR POLITISK**

### ***Ei tid i endring***

I overgangen til 1900-talet bar det norske samfunnet preg av ei stadig aukande tilpassing til det moderne industrielle samfunnet og ei aukande byvekst. Den industrielle produksjonsforma, der ein tok i bruk både menn, kvinner og barn som arbeidskraft, som i det

---

<sup>34</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1994a) Betalt moderskap? Katti Anker Møller og arbeidet for mødrelønn og mødreforsikring. I: Inger Elisabeth Haavet et al. *Katti Anker Møller. Mødrenes forkjemper 125 år*. Bergen, Senter for humanistisk kvinneforskning/SKOK Skriftserien nr. 7, s. 69, 86-87.

<sup>35</sup> Haavet 1994a, 75.

tidlegare bondesamfunnet sitt familieøkonomiske system, førte etterkvart til store sosiale problem og endringar i levesett.<sup>36</sup> Det nye skiljet mellom produksjon og reproduksjon, arbeidsplassen og heimen, gjorde det vanskelegare for familiane å få kvardagen til å gå i hop. Det var ikkje lenger laga rom for omsorga av småbarn i forsørgingsarbeidet. Dette førte til at nye familie- og kjønnsrollemønster gradvis vart etablert.<sup>37</sup> Med vitskapen si støtte vart den funksjonsdelte kjernefamilieforma norma, der kvinner og barn skulle haldast i den heimlege sfæren og utanfor produksjonen. Mannen vart plassert i den offentlege sfæren med rolla som forsørgjar. Heretter vart dei sosiale pliktene og rettane til dei ulike kjønna grunnlagt i biologien.<sup>38</sup> For dei som datt utanfor familiemønsteret, som dei einslege eller arbeidarkvinnene, måtte sjølv finne private løysingar før staten kom på bana.<sup>39</sup> I tillegg førte overgangen frå eit standsamfunn til eit klassesamfunn til at dei sosiale forskjellane auka, spedbarnsdødligheten blant uektefødde barn steig og færre barn vart født. Det oppstod ei aukande interesse for og verdsetting av den vaksande slekta, samfunnet si framtid. Samfunnet greip i stadig større grad inn for å verne om den, spesielt der foreldra stod makteslause i forhold til industrikapitalismen sine lover.<sup>40</sup> Synleggjeringa av industrialiseringa sine skyggesider førte altså til at sosialpolitikken etterkvart etablerte verne- og tryggleiksløvgjevingar, som skulle dempe dei største overgangsproblema for familien i den nye moderne tida.<sup>41</sup>

Tida omkring slutten av 1800-talet til mellomkrigstida var prega av debatt, der blant anna ei biologisering var den sjølvsaagte tenkjemåten, og vedtak om velferdsstaten sin konstitusjon.<sup>42,43</sup> Offentleg ansvar vart erkjent på ei rekkje områder, men i hovudsak avgrensa

---

<sup>36</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1994b) Befolkningspolitikk og familiepolitikk. I: Øyvind Bjørnson og Inger Elisabeth Haavet, red. *Langsomt ble landet et velferdssamfunn. Trygdens historie 1894-1994*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 109.

<sup>37</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1999a) Barn ingen hindring? Norsk og svensk familiepolitikk 1900-1940. I: Monika Janfelt red. *Den privat-offentliga gränsen. Det sociala arbetets strategier och aktörer i Norden 1860-1940*. København, NordGraf A/S, s. 139

<sup>38</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1999b) Et historisk blick på familiepolitiske endringer i Norge. I Velferd og Samfunn (program). *Velferd og Samfunn. Avslutningskonferanse 20- 21. april 1999. Foredragene*. Oslo, Norges Forskningsråd, s. 144, 147.

<sup>39</sup> Haavet 1999a, 140.

<sup>40</sup> Haavet 1994b, 106, 109.

<sup>41</sup> Haavet 1994c, 207.

<sup>42</sup> Kuhnle, Stein. (1994) Velferdsstatens idègrunnlag i perspektiv. I: Aksel Hatland, Stein Kuhnle og Tor Inge Romøren. *Den norske velferdsstaten*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 14. Kjeldstadli, Knut. (1999) Biologiens tid. Randbemerkninger om viten og venstrestat. I: Erik Rudeng red. *Kunnskapsregimer. Debatten om de nasjonale strategier*. Oslo, Pax Forlag A/S, s. 149.

<sup>43</sup> Ifølgje Arnlaug Leira er omgrepet velferdsstat ofte brukt om: "[...] en statsform som er kjennetegnet ved bruk av statsmakt og statlige midler for å sikre reproduksjon av arbeidskraft og trygge tilværelsen for de samfunnsmedlemmer som står utenfor arbeidsmarkedet." Her referert til: Leira, Arnlaug. (1996) Fra

til marginale grupper, særskilt blant dei lågaste inntektsklassane. Sosiale oppgåver vart løyst om ein annan av private og offentlege tiltak. Nasjonale sosialforsikringsordningar vart utvikla som eit brot med fattiglovgjevinga.<sup>44</sup> Desse ordningane vart ei nemning på dei tidlegaste trygdeordningane, som omfatta lønsarbeidarar. Klarare rettar vart stadfesta, dei vart påbydd ved lov og forvalta av eit offentleg organ.<sup>45</sup> Den fyrste ordninga som fekk ”ballen til å rulle” var ulykkesforsikringa for industriarbeidarar i 1894.<sup>46</sup> I tillegg vart økonomisk tryggleik og vern for mor og barn sett på dagsorden, med eit ynskje om å verne om slekta sin reproduksjon.<sup>47</sup> Det vart for det første etablert vernelover for barnarbeid og særbehandling av kvinner og mødrer i arbeidslivet, som ein del av lovrevisjonane av fabrikktilsynslova i 1892 og 1909. Barn under tolv år fekk med dette blant anna ikkje lov til å arbeide, medan for den eldre aldersgruppa vart det etablert ei rekkje innskrenkingar i arbeidsoppgåver. Dette gjaldt også for kvinnene, som i tillegg ved graviditet kunne nektast å arbeide i fabrikkar som kunne risikere livet og helsa deira. Dessutan vart kvinner seks veker etter fødsel skjerma for arbeid i 1892.<sup>48</sup> Kor vidt desse tiltaka fungerte i praksis var varierende. Tapte arbeidsmengd, løn og mangel på erstatning dei seks vekene etter fødsel, førte for eksempel til at enkelte berre skifta jobb.<sup>49</sup> Forholda vart til ei viss grad betra, i alle fall for dei ugifte mødrene som arbeidde i industrien, med sjukeforsikringslova av 1909. Då fekk forsikra kvinner rett til sjukepengar i seks veker i tilknytning til barnefødsel. Det ulovlege barnarbeidet derimot, eksisterte framleis.<sup>50</sup> Omsorga for barn og eit trygt moderskap vart med dette i stadig fleire samfunnsområde satt i system.<sup>51</sup> Dette skulle sikre ein effektiv reproduksjon og dermed sikre samfunnet sin viktigaste ressurs, som var barna.<sup>52</sup>

Reformpolitikken på slutten av 30-talet braut med arbeidartrygdene ved at dei ville innlemme heile folket.<sup>53</sup> Ei auka arbeidsløyse kravde ei nytenking. Sosialreformkomiteen av 1935 ville for eksempel i 1939 ha ei universell sjukeforsikring, slik at ein kunne imøtegå

---

statsfeminisme til statsfamilisme? Om mor og far, stat og marked i 1990-åra. I: Berit Brandth og Kari Moxnes red. *Familie for tiden. Stabilitet og forandring*. Oslo, Tano Aschehoug, s. 212.

<sup>44</sup> Kuhnle 1994, 9, 14.

<sup>45</sup> Hatland, Aksel. (1994) Trygdepolitikken ved et veiskille? I: Aksel Hatland, Stein Kuhnle og Tor Inge Romøren. *Den norske velferdsstaten*. Oslo, Ad Notam Gyldendal, s. 165.

<sup>46</sup> Hatland 1994, 166.

<sup>47</sup> Haavet 1999a, 139.

<sup>48</sup> Haavet 1994b, 110, 126.

<sup>49</sup> Blom, Ida. (1991) Kommunal omsorg for mødre og småbarn i Bergen i første halvdel av 1900-tallet. I: Anne Hilde Nagel red. *Velferdskommunen. Kommunenes rolle i utviklingen av velferdsstaten*. Bergen, Alma Mater forlag, s.62.

<sup>50</sup> Haavet 1994b, 110, 131.

<sup>51</sup> Bjørnson og Haavet 1994, 14.

<sup>52</sup> Haavet 1994b, 105.

<sup>53</sup> Hatland 1994, 166.

kravet om likebehandling av alle samfunnslag.<sup>54</sup> Det var semje om ei utbygging, men strida stod om korleis dei nye trygdene skulle byggjast opp.<sup>55</sup> Med ein pause i andre verdskrigen, skulle velferdsstaten få fotfeste i etterkrigstida. I dei politiske partia sitt samarbeidsprogram frå 1945 fekk ambisjonane om ein velferdsstat eit viktig uttrykk. Visjonane på tvers av partia vart heretter å skape sosial tryggleik, sosial likeverd og ei sikring av yrkesstatus. Universelle ordningar og eit offentleg ansvar for velferd karakteriserte det framvaksande systemet. Borgarskapet gav folk rettar, i staden for den yrkesmessige situasjonen. Samfunnsbeskyttelse vart på lik linje med forsikring for kriser erkjent som eit samfunnsmessig ansvar. Utover slutten av 1900-talet ekspanderte velferdsstaten drastisk med ei rekkje utvidingar, forbetringar eller nye reformer i møte med nye og udekka behov, som for eksempel for dei yrkesaktive mødrene og einslege forsørgjarar. Velferdspolitikken var blitt ein sjølvstendig del av den moderne staten sine oppgåver.<sup>56</sup>

### *Sosiale ildsjeler*

Frå slutten av 1800-talet og fram til andre verdskrig var det politiske systemet i Noreg karakterisert som ein fleirpartistat. Det politiske systemet bar blant anna preg av ei splitta og oppsmuldra politisk makt, og mangfaldige og ukanaliserte moglegheiter. Arbeidarbevegelsen hadde for eksempel endå ikkje oppnådd ei samfunnspolitisk makt. Dette gjorde det enklare for sosiale ildsjeler å blant anna handle på vegne av arbeidarklassen.<sup>57</sup> Enkeltpersonar hadde eit større spelerom under den fyrste debattepoken, og folk streva for å få politisk merksemd om ei rekkje hjartesaker. Det var ikkje før etter den andre verdskrigen at dei politiske partia og staten sjølv tok meir initiativ. Med velferdsstaten hadde då folket fått forventningar til staten.

### **Katti Anker Møller og Johan Castberg**

”Enhver der vil tænke sig om, maa jo indse at det at sørge for menneskehetens fortsatte tilværelse, vort folks videre eksistens er det uundværligste av alt arbejde. Forplantningen er derfor den vigtigste kjendsgjerning i politik og samfundsliv.”<sup>58</sup> Katti Anker Møller var ikkje aleine om å ville bringe reproduksjonen under kultur, og med dette legitimere statsinngrep på

---

<sup>54</sup> Kuhnle 1994, 16.

<sup>55</sup> Hatland 1994, 166.

<sup>56</sup> Kuhnle 1994, 11, 14, 16, 18-19.

<sup>57</sup> Bjørnson og Haavet 1994, 22-23.

<sup>58</sup> Anker Møller 1919, 5.

tidlegare private områder. I lag med Johan Castberg utgjorde ho og han eit dynamisk aktivistpar på byrjinga av 1900-talet.<sup>59</sup>

Katti Anker Møller var ein radikal og sosialpolitisk intellektuell med stor innflytelse, som kom frå eit borgarleg miljø. Ho starta karrieren sin innanfor den borgarlege kvinnebevegelsen, men gjekk seinare over til arbeidarkvinnene si side. Hennar fokus låg ikkje primært på ei likestilling mellom kjønna, slik som kvinnesakskvinnene rundt hundreårsskiftet, men på kvinner si sosiale rolle som mødrer og husmødrer.<sup>60</sup> Nokre av tankane hennar samsvarte også med det svogeren og støttespelaren hennar Johan Castberg stod for. Hans karriere som sosialpolitikar, Noregs fyrste sosialminister, og ein tilhengjar av den radikale delen av venstrebevegelsen, var prega av synspunktet om at staten kunne og burde regulere alle delar av samfunnslivet.<sup>61</sup> Castberg ynskja at samfunnet skulle verne om dei svake mot dei som stod betre stilt. Han trudde på ei samfunnsånd der samfunnet hadde som plikt å skaffe fridom for alle, og krevje tilbake harmoni og innbyrdes ansvar i kampen om tilveret til individa. Engasjementet var stort innanfor dei mest private forholda. For han kunne eit land sitt sivilisasjonsnivå målast på barn og kvinner sine rettar.<sup>62</sup> Castberg ville sikre ein effektiv reproduksjon og forvaltning av samfunnet sin viktigaste ressurs – barna - ved å trygge moderskapet.<sup>63</sup> Lovreform var hans strategi i omforminga av samfunnet.<sup>64</sup> For både Castberg og Anker Møller var staten den ynskja redningsmannen i møte med skyggesidene til det moderne samfunnet. Vitskapen og statistikken var deira hjelpemiddel.<sup>65</sup> Moderskapet vart sett på dagsorden som konsekvens av dei endra samfunnsforholda og med påverknad frå den sosiale bølga, som Katti Anker Møller og Johan Castberg var viktige aktørar og målbærerar for. Dette førte igjen til ei rekkje sosialpolitiske initiativ sin framvekst på byrjinga av 1900-talet.<sup>66</sup> For Katti Anker Møller låg prinsippet om ei oppvurdering av moderskapsarbeidet heile tida til grunn for hennar aktivitet.<sup>67</sup>

---

<sup>59</sup> Haavet 1999a, 142.

<sup>60</sup> Johansen, Kristin. (1998) Hvis kvinner ville være kvinner. Sigrid Undset, hennes samtid og kvinnespørsmål. Oslo, Aschehoug, s. 167-168.

<sup>61</sup> Bjørnson, Øyvind. (1997) "Hvad vil mit kald blive?" Den unge Johan Castberg. I: Geir Atle Ersland, Edgar Hovland og Ståle Dyrvik (red). *Festskrift til historisk institutts 40-års jubileum*. Historisk Institutt Universitetet i Bergen, Grafisk Hus a.s, s. 240. Bjørnson, Øyvind. (2000) Castberg, Johan. I: Jon Gunnar Arntzen og Knut Helle. *Norsk biografiske leksikon*. Oslo, Kunnskapsforlaget, s. 156.

<sup>62</sup> Bjørnson 2000, 156, 158.

<sup>63</sup> Haavet 1994b, 105.

<sup>64</sup> Slagstad, Rune. (1998) Venstrekapitalismen. I: Rune Slagstad. *De nasjonale strateger*. Oslo, Pax Forlag A/S, s. 147.

<sup>65</sup> Haavet 1999a, 142.

<sup>66</sup> Bjørnson og Haavet 1994, 23.

<sup>67</sup> Haavet 1994a, 76.

Dei ugifte mødrene og deira uektefødde barn stod fyrst i rekkja. Anker Møller arbeida for mødreheimar, vern og økonomisk tryggleik for mødrer og barn.<sup>68</sup> I arbeidet med å få desse tiltaka til å bli ein realitet, støtta ho seg på Johan Castberg.<sup>69</sup> Dei tok i bruk alle påverkingskanalar for å få igjennom sin bodskap. Dei skreiv eit mangfald av avisinnlegg, haldt foredrag landet rundt, og inngjekk personlege alliansar m.m.<sup>70</sup> Det endelege resultatet av dette arbeidet for dei ugifte mødrene førte fram til dei Castbergske barnelovene i 1915 og etter kvart enke- og morstrygda.<sup>71</sup>

Anker Møller og Johan Castberg haldt fram med kampen for kvinnene i arbeidet med å betre fødselsforholda. Dette innebar blant anna betre forhold for jordmødrer. Anker Møller ynskja ei etablering av føde- og barselsheimar. Castberg fremja i tillegg betydinga av ei lovbestemming om barselspengar.<sup>72</sup> Eit resultat av denne kampen var mødreforsikringa, som kom som eit tillegg i sjuketrygda si revidering i 1915.<sup>73</sup>

For Katti Anker Møller stod deretter det frivillige moderskapet for tur. Krava hennar på dette området bar preg av kampropet: ”Vi elsker moderskapet og vil dets vel, men i full frivillighet og under vort eget ansvar.”<sup>74</sup> Her var seksualopplysing, prevensjon og ikkje minst sjølvbestemt abort nødvendige midlar. Mødrehygienekontoret i Oslo vart blant anna eit resultat av desse krava.<sup>75</sup>

Heil til slutt, som nemnt ovanfor, set Katti Anker Møller ei belønning av moderskapet på dagsorden. Her skulle som sagt kampen for ei oppvurdering av moderskapsarbeidet løysast ved innføringa av ei mødreløn.<sup>76</sup> I dette tilfellet var det staten og vitskapen ho lente seg til i ynskja om ei reformering av kvinnes arbeidsområde.<sup>77</sup> Men dette kravet stod i strid med mange folks oppfatning av ekteskapet og kjønnsforskjellane, og møtte ein valdsam motstand blant anna frå forfattarinna Sigrid Undset.<sup>78</sup> Det skulle etterkvart vise seg å vere mykje enklare å arbeide for mødrer sine rettar grunna på barna sine behov enn på mødrene sitt arbeid. Tanken om morsrolla som eit arbeid støtte mot for mange andre prinsipp og ideologiar

---

<sup>68</sup> Haavet 1994a, 75.

<sup>69</sup> Blom, Ida. (1994) Katti Anker Møller – En revolusjonær feminist? I: Inger Elisabeth Haavet et al. *Katti Anker Møller. Mødrenes forkjemper 125 år*. Bergen, Senter for humanistisk kvinneforskning/SKOK Skriftserien nr. 7, s. 18.

<sup>70</sup> Haavet 1999a, 142.

<sup>71</sup> Haavet 1994a, 75. Bjørnson 2000, 158.

<sup>72</sup> Haavet 1994a, 75. Bjørnson 2000, 158.

<sup>73</sup> Haavet 1994a, 75. Blom 1994, 19.

<sup>74</sup> Blom 1994, 14.

<sup>75</sup> Haavet 1994a, 75.

<sup>76</sup> Haavet 1994a, 75-76.

<sup>77</sup> Johansen 1998, 170.

<sup>78</sup> Haavet 1994a, 86.



til at det kunne vinne brei oppslutning. Men dei provoserande tankane var viktige for å få familietema inn på den politiske dagsorden. Desse tankane skulle bli viktige på eit innleiande tidspunkt for utviklinga av den endelege barnetrygda, og på eit seinare stadium likne på tankegodset til forkjemparane for kontantstøtta. Grunnlaget var lagt for at familiepolitikken skulle bli eit viktig politisk felt framover.

### **Sigrid Undset**

”Der er da heller intet normalt menneske som kan tenke sig betalt moderskap. For at komme på en slik ide må man være sjælelig impotent.”<sup>79</sup> Forfatterinna Sigrid Undset ga uttrykk for ein motstand mot Katti Anker Møller og hennar meiningsfellar sitt tankegods, særleg med tanke på eit betalt moderskap. I 1919 kom ho med eit motangrep mot Anker Møller sitt foredrag, *Kvindernes Fødselspolitik*, i artikkelen ”Begrepsforvirring” i *Tidens Tegn*. Undset kritiserte ho for ikkje å verdsetje kvinner si rolle i familien, og på grunn av dette streve etter å avgrense og rasjonalisere familielivet etter den moderne tida sine ideal. Dessutan meinte Undset at Anker Møller gjorde kvinnesak ut av samfunnsproblem som var felles for begge kjønn, med døme i familien sin dårlige økonomiske situasjon. I tillegg hevda ho at Anker Møller bygde alle sine krav på at det var ei grunnleggjande interessekonflikt mellom mann og kvinne, der mannen var rota til alle problem. Han mangla ansvarsfølelsen, og på grunn av dette hadde Anker Møller tatt på seg jobben med å redde kvinner og barn ut av denne situasjonen. Dette stridde i mot Undset sitt syn, fordi familien var eit grunnleggjande ansvarsfellesskap som måtte styrkjast som ei samla eining. På grunn av dette såg ikkje Undset verdien av kvinner som økonomisk sjølvstendige i kampen for å styrkje familien. Ho var ikkje villig til å kjøpe Anker Møller si framstilling av familien som ein barnefabrikk for staten. Undset var ueinig i Anker Møller sitt synspunkt om at husmor og mor var det minst gunstige ei kvinne kunne velje. For Undset måtte ein med utgangspunkt i barnet akseptere dei store forskjellane mellom kjønna. Løysinga var ikkje slik som Katti Anker Møller ville, å gjere alle livsformer om til politiske reformer. Dette ville rive vekk grunnlaget for sjølvmeininga med livet. Familien var ei grunnleggjande eining i den sosiale strukturen som måtte klare seg sjølv.<sup>80</sup> For Undset var moderskapet livet i seg sjølv. Desse tankane representerte eit mangfald av kvinner, som blant anna Hjemmenes Vels Landsforbund og deira talerøyr, Marie Michelet. Søkelyset skulle ikkje rettast mot interessekonfliktar som kunne true ekteskapet. Vernet av

---

<sup>79</sup> Sigrid Undset sitt utsagn om betalt moderskap. Her referert etter: Haavet 1999a, 149.

<sup>80</sup> Johansen 1998, 164, 185, 193-194, 198, 208-209.

ekteskapet var viktig, men samtidig ville blant anna Husmorforbundet heve statusen til morsarbeidet. Men det økonomiske kvinnespørsmålet var vanskeleg å løyse i praksis.<sup>81</sup>

## **FAMILIEN SOM SAMFUNNSINSTITUSJON – MODERSKAPS- OG FAMILIESTØNADAR GJENNOM 1900-TALET**

### *Fyrste debattepoke*

Dei samfunnsmessige endringane og ildsjelene, som Katti Anker Møller og Johan Castberg, var sterke pådrivarar og årsaker til at moderskapsstønadar vart utforma under den fyrste debattepoken i fyrste halvdel av 1900-talet. Dei la mykje av grunnlaget for familiepolitikken framover og ein breiare sosialpolitisk bevegelse. I utforminga av dei fyrste ordningane dreia det seg i hovudsak om kvifor staten skulle regulere familielivet. Var omsorg for barn samfunnet sitt ansvar? Hadde samfunnet eit ansvar for å lønne moderskapet som eit økonomisk definert arbeid? Det var vanskeleg å sjå kor grensa skulle gå mellom offentleg og privat ansvar.

Ut av denne epoken oppstod det blant anna tre ordningar, som var revolusjonerande innanfor norsk familiepolitikk og elles i den vestlege verda. Mødreforsikringa, dei Castbergske barnelovene, og enke- og morstrygda var i tillegg til barnetrygda, dømer på moderskapsstønadar i denne debattepoken. Dei skil seg frå barnetrygda i formålet å vere haldningsskapande, i staden for å vere regulerande i forholdet mellom staten og familien. Dessutan bar dei preg av å vere behovsprøvde og meir retta mot marginale grupper. Kva hadde desse tre ordningane å by på?

### **Mødreforsikringa**

I 1915 kom mødreforsikringa opp til dagen som ei utviding av sjukeforsikringslova. Den var eit resultat av ein mangeårig kamp for å beskytte dei utarbeidande kvinnene i perioden omkring fødsel.<sup>82</sup> Forskingsresultat som viste kor viktig det var å trygge fødselsforholda, vart tatt i bruk som legitimeringsgrunnlag.<sup>83</sup> Ordninga gav trygda mødrer og koner til forsikra arbeidstakarar rett på eit eingongstilskot i fødselsstønad og fri jordmorhjelp. I praksis falt dei

---

<sup>81</sup> Melby, Kari. (1995a) Hjemmenes Vels Landsforbund 1915-25; ”enhver kvinde har sin mission i hjemskapende retning”. I: Kari Melby. *Kvinnelighetens strategier. Norges Husmorforbund 1915-1940 og Norges Lærerinneforbund 1912-1940*. Universitetet i Trondheim, Den allmennvitenskapelige høgskole, Det historisk-filosofiske fakultet, s. 100-102.

<sup>82</sup> Haavet 1994a, 85.

<sup>83</sup> Haavet 1994c, 205.

fleste framleis utanfor ordninga fordi sjuketrygda berre dekte lønstakarar.<sup>84</sup> Men arbeidet med trygginga av fødselsforholda ville halde fram.

### **Dei Castbergske barnelovene**

Dei omstritte barnelovene som trådde i kraft i 1916, skulle sikre barna ei sunn oppvekst og med dette skape gode oppvekstvilkår. Målet var eit effektivt lovverk som kunne bidra til samfunnsnyttige individ innanfor alle klassar. Barnet vart sett på som ein samfunnsressurs. Kommunane fekk ansvaret for gjennomføringa, medan staten stod som garantist. På grunn av den høge barnedødelegheita blant uektefødde barn, vart tyngda lagt på omsorga for barn født utanfor ekteskap. Vitskapen sin påstand om samanhengen mellom kunstig ernæring og barnedødlighet, førte til at reformarbeidet vektla mor og barn sitt samvær dei fyrste månadane etter fødsel. Tida rett før og rett etter fødsel vart eit samfunnsmessig ansvar, medan deretter låg forsørginga på foreldra si bær. Lovgjevinga skulle få foreldre til å ta på seg ansvaret med å få barn. Det var særleg faren si plikt dei tenkte på.<sup>85</sup>

Dei Castbergske barnelovene består av fem vernelover og ei tryggleikslov. Dei fire fyrste tar for seg barn utanfor ekteskap. Desse fastslår blant anna ei juridisk likestilling mellom ektebarn og uektebarn i forhold til rettsstilling og namne- og arverett. Dei to siste lovene tar derimot for seg omsorg generelt. Dei stadfestar samfunnet sitt minsteansvar for alle barn. Medan den femte lova skjerpar forsørgingsplikta, skulle den siste sikre mødrer og barn som vart ståande utan far sitt bidrag.<sup>86</sup>

I praksis fekk barnelovene få konsekvensar for mor og barn. Einslege mødrer kunne framleis ikkje ta på seg heile ansvaret med omsorga for barn, og den sjetta lova gav berre økonomisk kompensasjon i tida omkring fødsel. Dette viser motivet med å redusere spedbarnsdød, 6 månadar skulle brukast til amming. Det viktigaste resultatet av barnelovene var den haldningsskapande forsørgingsplikta til faren. Barnedøden blant uektefødde barn var framleis høg.<sup>87</sup> Ei ugift mor måtte framleis kombinere forsørging og omsorgsarbeid, medan den gifte mora fekk halde seg til omsorga, så lenge mannen greidde forsørgjaransvaret.<sup>88</sup>

### **Enke- og morstrygda**

---

<sup>84</sup> Haavet 1994b, 131.

<sup>85</sup> Haavet 1994b, 111, 115, 120.

<sup>86</sup> Haavet 1994b, 112-113.

<sup>87</sup> Haavet 1994b, 118.

<sup>88</sup> Blom 1991, 80.

Bakgrunnen for den endelege enke- og morstrygda i 1964 var Oslostrygda for einslege mødrer frå 1920. Denne vart kjempa fram av arbeidarkvinneforeninga. Med denne vart alle einslege mødrer, gift eller ugift, som ikkje klarte å forsørgje seg og barnet, støtta av ei kommunal trygd til barnet fylte seksten år, eller tjue dersom barnet var under utdanning. Utover 20-talet fylgde ei rekkje andre kommunar etter. Trygdene varierte i omfang, og eit mindretal valte å utelate dei ugifte mødrene og halde seg til enkene. Heilt på slutten av 40-talet fekk tanken om sosial rettferd for det enkelte individ i større grad gjennomslag i sosialpolitikken sine initiativ for mødrer. Kvinneleg arbeidskraft vart meir etterspurt og mødrene sine problem vart dermed tatt meir alvorleg. Ei rekkje kvinneorganisasjonar sette spørsmålet om nasjonal morstrygd på dagsorden.<sup>89</sup> Likevel måtte pioneren Oslostrygda stå lenge aleine.

Då den endelege enke- og morstrygda vart innført i 1964 hadde allereie 170 kommunar innført kommunal morspensjon i ulikt omfang.<sup>90</sup> Den grunnleggjande tanken bak ordninga var at ein i barnet sine fyrste leveår skulle leggje til rette for mor og barn sitt samvær i den heimlege sfæren. Mora skulle danne ein heim for barna og sikre dei ein god oppvekst.<sup>91</sup> Ein ville med dette innføre retten til å vere ”husmor” også for einslege mødrer. Ordninga var opphavleg tenkt for ei lita gruppe, men sidan Oslostrygda vart oppretta hadde tilstanden endra seg. Gruppa av einslege mødrer var på aukande front. Etterkvart bevega fleire kommunar seg i retning av at stønaden ikkje skulle dekkje heile livsopphaldet. I Bergen i 1949 var det eit krav at friske mødrer med få barn skulle ta seg inntektsgevande arbeid. Med eksplosjonen av einslege mødrer utover 60-talet vart ordninga sett på som ein utgiftspost og arbeidslinja kom på bana.<sup>92</sup> Då enke- og morstrygda kom, var det eit gammalt tankegods. Med den nasjonale lova vart hensikta å setje enker og einslege mødrer i stand til å forsørgje seg sjølv. I 1966 vart enke- og morstrygda inkorporert i folketrygda og overgangsstønaden vart etterkvart den gjeldande ordninga.<sup>93</sup> Tida hadde endra seg og gifte kvinner, som ugifte, var i full fart på veg ut i arbeidslivet på 60- og 70-talet. Etterspørselen etter arbeidskraft var stigande, og ein bevega seg over i ei tid kor det private igjen skulle bli politisk, men på ein ny måte. Den andre debattepoken var i sikte.

---

<sup>89</sup> Blom 1991, 80, 82, 84- 85.

<sup>90</sup> Blom 1991, 85.

<sup>91</sup> Hatland, Aksel. (1987) *Oslostrygden. Fra nasjonal modell til lokal fortidslevning*. INAS – rapport 1987:10, Oslo, Institutt for sosialforskning, s. 33.

<sup>92</sup> Ifølgje Hilde Danielsen gjekk arbeidslinja ut på: ”[...] at sosiale ytingar vart knytta til krav om deltaking eller vilje til deltaking i arbeidslivet. Dette prinsippet har eigentleg alltid lege til grunn for norsk sosialpolitikk, men har i særleg grad gjennomsyra det norske trygdesystemet frå 1990-talet.” Her referert: Danielsen 2002, 101.

<sup>93</sup> Blom 1991, 80, 82, 85.

### *Andre debattepoke*

Ved inngangen til den andre debattepoken på slutten av 1900-talet hadde samfunnet erkjent verdien av den vaksande slekta. Staten hadde utvida ansvaret sitt i barneomsorga og med dette også i høve til moderskapet. Samfunnet hadde akseptert staten si rolle i privatlivet. Likevel var det ein lang veg å gå for velferdsstaten sin familiepolitikk. Kvinner sin utmarsj i arbeidslivet, retten til sjølvbestemt abort, auka skilsmisssar, utdanningsekspløsjonen, toinntektsfamiliar og sambuarskap sin entre, og ikkje minst fedrane si auka ansvarstaking i omsorgsarbeidet, førte til nye utfordringar. I tillegg til eit aukande tal innvandrarfamiliar med andre tradisjonar og haldningar. Kvinner kravde at det personlege vart politisk og ei kjønnsmessig rettferd. Frå omkring 1970-talet og utover vart ei utviding av permisjonsordningar, utbygging av barnehagar og andre lovfesta rettar for foreldre satt i gang.<sup>94</sup> Spørsmåla ein stilte seg i denne debattepoken var: Korleis skulle omsorg for barn vere samfunnet sitt ansvar? Korleis skulle samfunnet ta ansvar for å lønne omsorga som eit økonomisk definert arbeid? Og kvar skulle skiljelinjene mellom velferdsstaten og barnefamiliane sitt ansvar gå? Barn vart med dette i større grad eit forhandlingsprosjekt mellom mor, far og staten.

Fødselspermisjon, eingongsstønad og overgangsstønad var tre av dei mest aktuelle stønadane i tillegg til kontantstøtta i denne debattepoken. Ordningane på dette tidspunktet bar i hovudsak preg av å vere familiestønadar, men moderskapsstønadar førekom også. Kva hadde desse tre ordningane å by på?

### **Fødselspermisjon og foreldrepenigar**

Fødselspermisjonen har vore under stadige utbetringar over ein lengre periode. Norske yrkesarbeidande mødrer hadde i 1946 rett til betalt permisjon i tolv veker i forbindelse med svangerskap og fødsel. I 1970 tok Arbeidarpartiet opp ei utviding av permisjonen til diskusjon. Dei kravde atten vekers permisjon grunngjeve med mor og barn si helse. Dei borgarlege partia feia det av bana. Yrkesaktive mødrer kunne ikkje få betre ordningar enn heimeverande mødrer. Sju år seinare vart forslaget vedtatt, og frå 1978 fekk mannen også til ei viss grad lov til å nytte seg av godet. Men det var ikkje før i 1993 at fedrar fekk sin eigen fedrekvote, som reserverte fire veker for far. I tillegg vart foreldrepengeperioden utvida til eit år med 80 prosent lønnskompensasjon.<sup>95</sup> Utvidingane i permisjonsrettane som skjedde utover

---

<sup>94</sup> Danielsen 2002, 93. Leira 1996, 223.

<sup>95</sup> Leira 1996, 215.

1980- og 90-talet bar preg av politisk semje og lite debatt. Det var blitt ein allmenn tanke at ein måtte leggje til rette for kombinasjonen av omsorg og arbeid.<sup>96</sup>

Den endelege lovfesta fødselspermisjonen gav yrkesaktive og nybakte foreldre rett til ein permisjon, dels med og dels utan foreldrepenget frå arbeidslivet.<sup>97</sup> Foreldrepenget vart dekkja av staten. Stønadsperioden vart utvida til 47 veker med 100 prosent dekningsgrad eller 57 veker med 80 prosent dekningsgrad. I denne perioden vart tre veker før og seks veker etter fødsel reservert for mor. Medan fedrekvoten reserverte tolv veker for far. Resten av stønadsperioden vart felles for begge foreldre. Dessutan fekk foreldre tilbodet om å kombinere arbeid og foreldrepenget. I tillegg til dette vart det slått fast ei rekkje med kriterium og unntak i forhold til rettane knytt til foreldrepenget.

Den betalte fødselspermisjonen skulle med dette gje foreldre mogelegheita til å vere heime med barn inntil dei fylte eitt år.<sup>98</sup> Hensikta med ordninga var å møte yrkesaktive kvinner sine behov, kompensere for tapt arbeidsinntekt, meir tid til barna og ei auka likestilling mellom foreldra.<sup>99</sup>

### **Eingongsstønad ved fødsel**

I 1970 fekk mødrer som var utan arbeid og uavhengig av sivilstatus rett til ein eingongsstønad. Dette gjaldt ikkje dersom kvinner vart innlagt på ein fødeheim på trygda si rekning.<sup>100</sup> Summen var på omkring 150 kroner, men skulle i 1977 stige med 20 prosent av grunnbeløpet. I tillegg førte ikkje lenger innlegging i fødeheimar til at retten falt bort. Endå ei lovendring skjedde i 1981 ved at eingongsstønaden vart lausrive frå grunnbeløpet og frå no av fastsett av Stortinget. Beløpet vart med dette satt til 3480 kroner og skulle gradvis auke fram til dags dato.<sup>101</sup>

Stønaden vart eit slags plaster på såret for dei som ikkje hadde opparbeida seg retten til foreldrepenget. Resultatet vart at stønaden skulle bli utbetalt ved fødsel eller når

---

<sup>96</sup> Danielsen 2002, 102.

<sup>97</sup> Leira 2004, 85.

<sup>98</sup> NAV. (13.9.2012b) *Foreldrepenget ved fødsel* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.nav.no/Familie/Svangerskap%2C+f%C3%B8dsel+og+adopsjon/Foreldrepenget+ved+f%C3%B8dsel>> [Nedlasta 13.9.2012].

<sup>99</sup> Håland 2001, 46.

<sup>100</sup> Barnefamilieutvalget. (1996) *Offentlige overføringer til barnefamilier*. NOU 1996:13. Oslo, Statens forvaltningstjeneste, s. 214-215.

<sup>101</sup> NAV. (9.7.2012a) *Folketrygdloven. Rundskriv. Generell del – Kapittel 14* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.nav.no/rettskildene/Rundskriv/Generell+del+-+Kapittel+14.183541.cms>> [Nedlasta 14.9.2012].

svangerskapet hadde vart i 26 veker.<sup>102</sup> I tillegg låg det til grunn for ulike unntakstilstandar når det gjaldt retten til støtte. Der ein far eller ein annan person fekk tildelt foreldreansvaret vart stønaden utbetalt til desse, sjølv om mora hadde mottatt stønaden før fødsel.<sup>103</sup>

Hensikta med eingongsstønaden var å lette den økonomiske børa i samband med svangerskap og fødsel. I tillegg vart endringane med beløpet i større grad eit ynskje om å dekkje alle omkostningane med eit spedbarn.<sup>104</sup>

## Overgangsstønad

Med enke- og morstrygda i 1964, hadde staten tatt på seg eit avgrensa ansvar for enker og ugifte mødrer. I 1966 vart den inkorporert i folketrygdlova, og i 1981 omfatta denne stønadslova ugifte, skilte og separerte aleineforsørgjarar av begge kjønn.<sup>105</sup> Endeleg fekk og einslege fedrar rett til stønaden.<sup>106</sup> Desse gruppene fekk frå dette tidspunktet ein overgangsstønad fram til det yngste barnet fylte 10 år. I tillegg til at ei rekkje andre stønadar vart tilgjengelege. Talet på ugifte forsørgjarar som i løpet av 80-talet fekk utbetalt overgangsstønad viste ei sterk auke i forhold til skilte og separerte.<sup>107</sup> Gruppa som gjekk inn under ordninga var langt i frå ei marginal gruppe lenger. Ordninga var blitt ein stor utgiftspost. I 1998 vart det gjort omfattande endringar i stønadsordningar for einslege forsørgjarar. Stønadsperioden vart blant anna korta ned på grunn av det aukande mangfaldet av ei rekkje andre familiepolitiske tiltak. Tiltaka hadde gjort det lettare å kombinere yrkesaktivitet og omsorg. Målet var å betre inntekta for dei som i ein midlertidig periode mottok overgangsstønaden som viktigaste inntektskjelde. Desse ville ein stimulere til sjølvforsørging og kvalifisering gjennom arbeid eller utdanning.<sup>108</sup>

Den endelege overgangsstønaden i 2012 gav einslege foreldre ein sum i månaden, som skulle bidra til å sikre livsopphaldet. Denne stønaden skulle bli utbetalt i tre år fram til det

---

<sup>102</sup> NAV. (13.9.2012a) *Engangsstønad ved fødsel og adopsjon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nav.no/Familie/Svangerskap%2C+f%C3%B8dsel+og+adopsjon/Engangsst%C3%B8nad+ved+f%C3%B8dsel+og+adopsjon> [Nedlasta 13.9.2012].

<sup>103</sup> NAV 9.7.2012a.

<sup>104</sup> NAV. (9.7.2012b) *Folketrygdloven. Rundskriv. § 14-17 Engangsstønad* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nav.no/rettskildene/Rundskriv/%C2%A7+14-17+Engangsst%C3%B8nad.147867.cms> [Nedlasta 13.9.2012].

<sup>105</sup> Blom 1991, 85. NAV. (27.11.2009) *Folketrygdloven. Rundskriv. Kapittel 15 – Generell del* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nav.no/rettskildene/Rundskriv/Kapittel+15+-+Generell+del.183539.cms> [Nedlasta 14.9.2012].

<sup>106</sup> NAV 27.11.2009.

<sup>107</sup> Solheim, Liv. (1991) *Trygdesystemet – fordeling eller forfordeling? I: Stein Kuhle og Liv Solheim. Velferdsstaten – vekst og omstilling. 2. utgave.* Kolbotn, Nikolai Olsens trykkeri a.s, s. 144.

<sup>108</sup> NAV 27.11.2009.

Yngste barnet fylte åtte år. Stønadperioden kunne bli utvida i opptil to eller tre år med omsyn til utdanning, omsorgsansvar for fleire barn, forsørgjarens alder og/eller helse m.m. I desse tilfella kunne kriteriet for alderen på barnet stige. Dessutan kunne ein få utbetalt stønaden to månadar før termin, om ein kom til å vere aleine på fødselstidspunktet. Kravet for å gjere seg fortent til denne stønaden var at ein måtte halde seg i aktivitet. Enten gjennom minimalt deltidsarbeid, eller utdanning frå barnet fylte eitt år. Dersom dette ikkje vart tilfellet, måtte ein stå som arbeidssøkar hos NAV. Dette aktivitetskravet gjaldt dessutan ikkje for barn under eitt år, sjuke barn eller mangel på barnehageplass.<sup>109</sup> Arbeidslinja vart det rådande prinsippet.

Dette var ei klar kursendring i forhold til den grunnleggande tanken som låg bak enke- og morstrygda, som innførte retten til å vere ”husmor” også for einslege. Den lange prosessen med overgangsstonaden synleggjer endringane i vektlegginga frå alternativ forsørging til hjelp til å kome i arbeid. Hensikta med overgangsstonaden vart å gje einslege forsørgjarar midlertidig hjelp til sjølvhjelp, slik at dei etterkvart vart rusta til å forsørgje seg sjølv ved eige arbeid. I tillegg vart det eit mål i seg sjølv å sikre livsopphaldet i barna sine fyrste leveår.<sup>110</sup> I teorien stod forsørgjaren fritt til å vere heimeverande eller å ha deltidsarbeid eller å studere medan ein mottok stønaden. I praksis ville det vere vanskeleg for einslege forsørgjarar å leve berre på denne stønaden. Einslege forsørgjarar måtte i tillegg stø seg på ei samanhoping av andre offentlege tilskotsordningar.<sup>111</sup>

## EIN OFFENTLEG FAMILIE?

De mængder av love som nu i vore dager vælter ind over os, er ikke altid tiltalende. Vi blir saa rent umyndiggjorte alle sammen, naar staten skal gripe ind slik overalt og paa alle omraader. Naar det offentlige skal bestemme over de intimeste forhold, saa vort hjem snart ikke længer er vort, men statens.<sup>112</sup>

Grensesettinga mellom privat og offentlig ansvar vart eit dilemma gjennom heile perioden. Det produktive og det reproduktive arbeidet vart sett opp mot kvarandre. Synet på moderskapet som eit løna arbeid kom i kollisjon med prinsippet om sjølvforsørging. Arbeidslinja var gjennom heile perioden det rådande prinsippet i sosialpolitikken, men i familiepolitikken dukka omsorga opp og laga kaos. Kravet om betalt moderskap var kome for å bli, det skulle kjempast for. Staten hadde blitt ein del av familien, og familien var blitt ein

<sup>109</sup> NAV. (1.7.2012) *Overgangsstonad* [Internett]. Tilgjengeleg frå:

<http://www.nav.no/Familie/Enslig+mor+eller+far/Overgangsst%C3%B8nad> [Nedlasta 13.9.2012]

<sup>110</sup> NAV 27.11.2009.

<sup>111</sup> Danielsen 2002, 96.

<sup>112</sup> Illustrerer dilemmaet med grensesettinga mellom offentlig og privat ansvar. Uttalt av redaktør Anne Bøe i *Kvinnetidsskriftet Urd* 1915, s. 77. Her sitert etter: Haavet 1994b, 116.



samfunnsinstitusjon, med krav på støtte og tilrettelegging. Stridene stod i stor grad om kva former og omfang støtta skulle få.

## OPPSUMMERING

Dei omtalte moderskaps- og familiestønadane sprang ut av eit behov om ei tilpassing til det moderne samfunn, som hadde endra vilkåra for omsorg og forsørging. Den vaksande slekta sin samfunnsverdi vart erkjent. Staten trådde stegvis til som ei forsikring av denne. Sosiale ildsjeler og vitskapen skynda på den framveksande velferdstanken. Moderskapet vart sett på dagsorden til nokre si begeistring og til andre si skrekk og gru.

Forholdet mellom stat og familie var stadig under forhandling og stadig i endring. Moderskaps- og familiestønadane er eksempel på korleis staten gjekk inn i den heimlege sfæren og påverka familielivet si organisering og overleving. Situasjonen og vala til den enkelte familie eller forsørgjar var svært avgjerande for kva økonomiske overføringar ein hadde rett til. Omfanget av statleg innblanding i folks liv endra seg utover hundreåret. Den fyrste debattepoken var i større grad prega av ein politikk med sjølvforsørging som mål. Medan politikken og argumenta i den andre epoken var prega av den føresetnad at velferdsstaten gav rettar. Samfunnet skulle støtte opp om omsorg og mogelegheita for å leve som både foreldre og yrkesaktive. Velferdsstaten sin framvekst hadde gjort barna til eit samfunnsansvar på ein annan integrert og omfangsrik måte enn då Sigrid Undset blei sjokkert. Men alle ordningane ovanfor bar preg av å vere ei midlertidig hjelp til sjølvhjelp, slik at foreldre kunne setjast i stand til å forsørgje seg sjølv ved eige arbeid. Men kva med bidrag til forsørging?

Ekteskapslova av 1927 likestilte kona sitt arbeid i heimen med den forsørgjande mannen sitt lønsarbeid. Men det vart ingen garanti for at fordelinga av midlar og ansvar gjekk riktig for seg.<sup>113</sup> Moderskapet vart ikkje direkte belønna gjennom denne lova. Kom målbærer Katti Anker Møller sitt ynskje om ei statsløn til alle mødrer, uavhengig av den mannlege forsørgjaren si inntekt, til å gå i oppfylling i løpet av hundreåret?

Forholdet mellom det produktive og det reproduktive arbeidet skulle aldri skape fred i familiepolitikken. To ordningar som skilde seg ut frå dei ovanfor nemnte ordningane skulle skape begeistring og hysteri. Med sin fødsel i kvar sin debattepoke, var dei komne med eit håp om å få bli. Utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta bar vidare brannfakkelen etter dei sosiale ildsjelene som talerøyr for fleire, i håpet om ei oppvurdering av moderskapsarbeidet.

---

<sup>113</sup> Haavet 1994c, 223, 224.

Gjekk det seg til? Kvifor greip staten inn i den heimlege sfæren gjennom desse to ordningane, og kan desse to sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønadar?

# KAPITELL 3: BARNETRYGDA – EI HUSMORSTØTTE?

---

## INNLEIING

Kravet om ei belønning av moderskapet, ei mødreløn, var allereie satt på dagsorden.<sup>114</sup>

Dessutan bar den offentlege debatten og det politiske klima i mellomkrigstida preg av problemkompleksa knytt til forsørging, levekår og befolkningssvikt.<sup>115</sup> Kombinasjonen av ny vitskapleg kunnskap om ernæringa si betydning for god helse, og fattigdomstrusselen på grunn av den økonomiske krisa, var påverkannde faktorar.<sup>116</sup> Sosiale ildsjeler og kvinnebevegelsar engasjerte seg. Mødreløns og familieløns- komitear søkte etter ei løysing på dei gifte mødrene si avhengige stilling i forhold til mannen som forsørgjar, og barnefamiliane sine tronge kår. Kravet om ein familiepolitikk var blitt utløyst.

Omkring 30-talet skifta kampen fokuset frå mødrene og over til barna, politikken vart familiesentrert. Det skulle bli enklare å arbeide for barna sitt vel og dermed arbeide for mødrene sine rettar gjennom barna. Barnetrygda erstatta mødreløn.<sup>117</sup> I 1934 såg barnetrygdkomiteen dagens lys etter ei massiv samfunnsmessig interesse for ei utredning, og med eit sterkt press frå grasrota, der kvinnebevegelsane stod fremst i rekkja.<sup>118</sup> Spørsmålet var problematisk og komiteen delte seg i to fraksjonar. Brått med andre verdskrig vart saka satt på vent, men i 1946 kom endeleg løysinga etter fleire tiårs kamp frå grasrota og forhandlingar i politiske organ. Barnetrygda vart innført samstemt i Stortinget, og bekrefta av Kongen i statsråd den 24 oktober 1946.<sup>119</sup>

Trygda skulle utbetalast til mødrene. Kvifor greip staten inn i den heimlege sfæren gjennom barnetrygda, og kan denne ordninga sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønad til forskjell frå fedre og familieeininga? For å forstå resultatet må vi

---

<sup>114</sup> Omgrepet mødreløn blir i denne samanhengen brukt om ei løn for arbeidet kvinnene utførte som mødrer. Ei ordning der morsarbeidet vart økonomisk definert og eit samfunnsstøtta arbeid.

<sup>115</sup> Seip, Anne-Lise. (1994a) Fra sosialhjelpstat til velferdsstat: Et nytt handlingsrom. I: Anne-Lise Seip. *Veiene til velferdsstaten. Norsk sosialpolitikk 1920-1975*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag, s. 127-128.

<sup>116</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1999c) LO og spørsmålet om familielønn. *Arbeiderhistorie 1999*, s. 116.

<sup>117</sup> Omgrepet barnetrygd blir i denne samanhengen brukt om eit økonomisk tillegg for barn.

<sup>118</sup> Barnetrygdkomiteen. (1938) Utkast til lov om barnetrygd med motiver. Innstilling fra den komite som blev nedsatt av Sosialdepartementet 3 oktober 1934. I: *Om utferdigelse av lov om barnetrygd*. Ot.prp. nr 16 (1945-46). Oslo, Sosialdepartementet, s. 11.

<sup>119</sup> Lagtinget. (1946) *Sak nr. 4. Odelstingets vedtak til lov om barnetrygd*. Lagtingstidende (1945-46). Oslo, Lagtinget, s. 179. Stortinget. (1946) *Lov om barnetrygd m. v. av 24 oktober 1946 nr. 2*. Norsk lovtidend 1ste avdeling (1946). Oslo, s. 642.

tilbake til startpunktet for barnetrygda. Til den offentlege debatten, som skulle føre fram til utgreiingane før andre verdskrigen og dei avgjerande forhandlingane etterpå.

## **MØDRELØN, FORSØRGJARLØN OG BARNETRYGD**

### *Arbeidarkvinnebevegelsen versus den borgarlege kvinnebevegelsen*

I 1920-åra vart debatten om ei forsørgjarløn eller ei mødreløn, som løysinga på mødrene og familien sine vanskelege kår, ført blant grasrota i organisasjonar og partilag.<sup>120</sup>

Kvinnebevegelsane blant arbeidarane og dei borgarlege markerte seg blant anna ved opprettinga av kvar sine komitear. Problemet var komplekst, ein stridast til ei viss grad om morsideologien, yting og form, og la eit kraftig press på dei politiske aktørane i Regjering og Storting. Ein ville at det skulle bli emne til politisk debatt. Kva var hensikta med dette?

### **Arbeidarkvinnebevegelsen og mødreløn**

Det er en kjensgjerning, at kvinnens arbeid i hjemmet, som hustru og mor, er det minst påaktede og minst anerkjente arbeid som ydes. Hun får for dette arbeid ikke noen lønn. Og som regel blir det aldri noe tilbake av mannens inntekt. Skal det bli noe til beste, må hun knippe inn på de knappe husholdningspenger.

Vi er vant med at kvinnens arbeid i hjemmet ikke blir verdsatt. Men vi er sikkert alle enige om at det arbeid er like verdifullt som et hvilket som helst arbeid en mann utfører; det er likeså verdifullt både for hjemmet og for samfundet. Ingen gjerning er mere betydningsfull, intet arbeid samfundsnyttigere enn det å føde og opfostre den kommende slekt. Men det slitsomme og opofrende arbeid med barnefødsler og det dyktige barnestell venter ennå på sin bestemte økonomiske vurdering og anerkjennelse av sitt høje verd.<sup>121</sup>

---

<sup>120</sup> Omgrepet forsørgjarløn blir i denne samanhengen brukt om eit lønssystem med ei grunnløn med eit tillegg for kvart barn til forsørgjarar. Dette tillegget blir omtalt som eit barnetillegg og/eller eit forsørgjartillegg. Omgrepet forsørgjarløn førekjem ikkje nødvendigvis direkte i kjeldene som omtalar den borgarlege kvinnebevegelsen og Margarete Bonnevie sine forslag om barnetillegget/forsørgjartillegget, og Ella Anker som tilhengar av tankegodset. Det kjem ikkje klart fram i alle kjeldene kva dei vil kalle forslaga sine. Her førekjem både bruken av omgrepet familieløn og forsørgjarløn med den same tydinga. I anna forskingslitteratur i omtalen av den borgarlege kvinnebevegelsen og forslaget deira om eit barnetillegg/forsørgjartillegg, og Ella Anker i dette høve, blir omgrepa forsørgjarløn og familieløn brukt om det same, men av ulike historikarar. Anne-Lise Seip og Hilde Ibsen (1989) og Ida Blom (1993) brukar omgrepet forsørgjarløn, medan Inger Elisabeth Haavet (1994c og 1999a) brukar omgrepet familieløn. Sidan eg har nytta Blom (1993) og Seip og Ibsen (1989) i tillegg til kjeldene i omtalen av den borgarlege kvinnebevegelsen og deira forslag, vel eg å følge desse historikarane sin bruk av omgrepet forsørgjarløn om desse aktørane sine forslag.

<sup>121</sup> Sigrid Syvertsen si uttaling i det innleiande foredraget av Arbeiderpartiet sin landskvinnekonferanse i 1925 om motiveringa bak mødreløna, i følge Ella Anker. Her referert: Sigrid Syvertsen. Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse. (1926) Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse. I: Oslo 2 og 3 september 1925. Protokoll over forhandlingene. Arbeidernes aktetrykkeri, Oslo, s. 35.

I 1923 tok Arbeidarpartiets kvinneforbund steget vidare i kravet om ei belønning av moderskapet. Med opprettinga av mødrelønnskomiteen skulle dei arbeide med spørsmålet om ei mødreløn. Komitémedlem Sigrid Syvertsen var ein av fleire arbeidarkvinner som meinte at ein skulle krevje mødreløn frå samfunnet for at kvinna skulle bli i stand til å ivareta sine plikter som hustru og mor.<sup>122</sup>

Etter to år med diskusjonar innan komiteen, vart det på det norske Arbeidarparti sin landskvinnekonferanse i 1925 lagt fram eit forslag om ei mødreløn. Ordninga måtte vere regulert av staten slik at kommunane kunne få tilgang til å setje den i verk.<sup>123</sup> Finansieringsforma låg på arbeidsgjevaren, staten og kommunane i fellesskap, basert på sosialforsikringsmodellen. Etterkvart bevega ein seg i retning av ei statleg finansiering.<sup>124</sup> Mødreløna skulle utbetalast direkte til mødrene uavhengig av status og for dei tre fyrste barna etter ein senkande skala. Den skulle vere uavhengig av mannen si løn, og dermed utbetalast utan omsyn til arbeidsause, streik, lockout eller sjukdom. Syvertsen peika på at dette var eit middel til hjelp i klassekampen, og det som blant anna skilde dei frå den borgarlege kvinnebevegelsen. På denne måten skjerma ein mødrer og barn frå arbeidsmarknaden. Med ei løn for det arbeidet kvinnene utførte som mødrer, ville dei skaffe betre forhold i familielivet og gje kvinner endå tryggare vilkår.<sup>125</sup> Med dette ville mødrer bli forsørgjarar på lik linje med menn og dermed mindre avhengige av fedrane si inntekt.

Til tross for at trygd såg ut til å vere hovudmodellen for arbeidarkvinnebevegelsen i spørsmålet om ei mødreløn, var ikkje forsørgjarløna ein framand tanke.<sup>126</sup> Systema til Katti Anker Møller, publisist og mødrelønnskomitémedlem Ella Anker, såg husmorarbeidet som ein sjølvstendig næringsveg som hadde sine eigne produksjonsvilkår og krav på staten si støtte. Anker la ikkje skjul på at ho ikkje utelukka ei forsørgjarløn med eit barnetillegg frå arbeidsgjevaren si felleskasse utbetalt til mødrene. Denne kunne styrke familien sin økonomi, særleg mødrene og barna si tilstrekkelege ernæring. Ho var her inspirert av det franske systemet med forsørgjartillegg.<sup>127</sup>

Det som var klart for arbeidarkvinnene var at dersom ein mottok ei pengestøtte, så skulle den utbetalast til mødrene. Med dette som felles mål, la Arbeidarkvinnene i 1930 om

---

<sup>122</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1926, 3, 35-36.

<sup>123</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1926, 4.

<sup>124</sup> Seip og Ibsen 1989, 419.

<sup>125</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1926, 3, 35-36.

<sup>126</sup> Seip og Ibsen 1989, 419.

<sup>127</sup> Anker, Ella. (1928) *Mødrelønn*. Oslo, Det Norske Arbeiderpartis Forlag, s. 4, 12-13. Eg brukar omgrepet forsørgjarløn i staden for familieløn jf. Seip og Ibsen 1989, 419.

taktikken ved å setje barnetrygd på dagsorden.<sup>128</sup> Men før den tid føregjekk det også diskusjonar innanfor den borgarlege kvinnebevegelsen omkring ei løysing på mødrene sine vanskelege og urettferdige livssituasjon.

### **Den borgarlege kvinnebevegelsen og forsørgjarløn**

I motsetnad til arbeidarkvinnebevegelsen stod kravet om ei forsørgjarløn, som skulle kome familieforsørgjarane til hjelp, sterkt blant dei borgarlege kvinneorganisasjonane. Dei bygde vidare på praktiske førebilete. Allereie i 1913 nedsette Stortinget ein departemental komité i utgreiinga av spørsmålet om løn med forsørgjartillegg til staten sine funksjonærar.<sup>129</sup>

Diskusjonane dreia omkring samfunnet si rolle i forhold til barnefamiliane sitt forsørgingsproblem, med utgangspunkt i misforholdet mellom dei barnlause og barnerike lønstakarane. Det vart diskutert at dei barnlause lønstakarane fekk for høg løn ved at dei mottok den same summen som personar med ei forsørgingsbyrde.<sup>130</sup> Ordninga vart reell under den fyrste verdskrigen, men med eit siktemål om å godtgjere for dei stigande prisane. Det var ikkje før etter nedsettinga av Nasjonalrådet sin familielønnskomite, at Stortinget i 1927 fastslo eit midlertidig barnetillegg til offentlege tenestemenn som var forsørgjarar. Mødrene fortente ei oppmuntring, og ein ville hindre at mor og barn skulle kome under nød ved eventuelle lønsreduksjonar.<sup>131</sup>

Familielønnskomiteen, som vart oppretta på Norske Kvinners Nasjonalråds landsmøte i 1925, hadde som formål å greie ut om barnetillegg. Den kravde at Stortinget ved å setje ned ein komité av begge kjønn, skulle granske spørsmålet om barnetilskot til forsørgjarar. Husmora lei naud når mannen, som eineforsørgjar, si inntekt ikkje strakk til. Ho måtte kanskje søke ut av heimen for fortene og overlate oppdraginga av barna til gata.<sup>132</sup> Samtidig gjorde ikkje utestenginga av dei gifte kvinnene frå arbeidsplassane livssituasjonen noko enklare.<sup>133</sup> Dei meinte interessa for barna fall i hop med mødrene sine. Målet var å sikre barna den beste føresetnaden, som også samsvarte med samfunnet si interesse.<sup>134</sup>

---

<sup>128</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse. (1930) Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse. I: Oslo 12 og 13 mars 1930. Protokoll over forhandlingene. Arbeidernes aktietrykkeri, Oslo, s. 12-17.

<sup>129</sup> Norske Kvinners Nasjonalråds Familielønnskomite. (1929) *Utredning av prinsippene for familielønn*. Oslo, Haakon Arnesens Trykkeri, s. 3.

<sup>130</sup> Blom, Ida. (1993) Margarete Bonnevie – skisse av et liv. I: Universitetsforlaget. *Portretter fra norsk historie*. Oslo, Universitetsforlaget AS, s. 171.

<sup>131</sup> Seip og Ibsen 1989, 421.

<sup>132</sup> Norske Kvinners Nasjonalråds Familielønnskomite 1929, 2, 5, 11, 13.

<sup>133</sup> Haavet 1999c, 123.

<sup>134</sup> Norske Kvinners Nasjonalråds Familielønnskomite 1929, 11.

Komiteen sitt forslag var eit lønssystem med ei grunnløn med tillegg for kvart barn. Lønsreforma skulle først vurderast for offentlege tenestemenn, deretter i industrien og til slutt for heile folket. Ifølgje komitémedlem Helga Eide Parr, ville ordninga rette opp i misforholdet i lønningane mellom forsørgjarar og einslege, som på den eine sida var eit sløseri med pengar, og på den andre sida med levande menneske si velferd. Komiteen meinte denne løysinga var den beste for ikkje å bryte med likelønsprinsippet for same arbeid og same kjønn, og for å hindre at kvinner vart pressa ut av arbeidslivet. Dersom ein ikkje skulle ha barnetillegg, måtte lønningane for vaksne menn iallfall baserast på familiebehovet.<sup>135</sup> Konfliktlinja her gjekk altså i større grad langs kjønnsaksen, der likeløn var hovudsaka.

Utover 30-talet sette også den borgarlege ildsjela, forfattarinna og venstrekvinna, Margarete Bonnevie, sine spor i kravet om ei lønsreform etter forsørgjarbyrde.<sup>136</sup> Bonnevie var ei av fleire røyster frå den borgarlege Kvinnesaksbevegelsen som argumenterte for gifte yrkesaktive kvinner.<sup>137</sup> Lønsreforma hennar bar preg av dette ved at forsørgjarbyrda skulle fordelast mellom far, mor og ei familiekasse. Som Nasjonalrådet sitt forslag skulle forsørgjartillegget utbetalast til dei som hadde barn å forsørgje, men ho gjekk vekk ifrå mannen som den eigentlege forsørgjaren. Ho rokka ved eit grunnleggjande element i oppsedingstradisjonen til dei borgarlege, og ytra ein tanke som var utenkeleg for dei fleste i mellomkrigstida. Uansett kor ulønna arbeidet i heimen måtte vere, såg ho det som ei form for arbeidsløyse. Med Bonnevie si lønsreform skulle motstanden mot kvinner sitt lønsarbeid forsvinne, og ho ville innfri lik løn for kvinner og menn. Barnet ville med dette også stå tryggare.<sup>138</sup>

For Margarete Bonnevie var eineforsørgjarsystemet ein trussel mot yrkesaktive kvinner. Det var allment oppfatta, som også i arbeidarkvinnebevegelsen, at det eksisterande lønssystemet gjennom den implisitte føresetnaden om menn som forsørgjarar førte til ulikeløn. I tillegg straffa det dei kvinnelege forsørgjarane. Eit nytt lønssystem med ei forsørgjarløn i form av eit barnetillegg ville få den reelle forsørgjarbyrde fram i lyset.<sup>139</sup> Forslaget var for dei fleste innan den borgarlege kvinnebevegelsen ein stønad for at mor skulle kunne vere i den heimlege sfæren, medan for andre, som Bonnevie, skulle den legge til rette for mora i den offentlege sfæren. Fordelinga av løna etter forsørgingsbyrda var ingen

---

<sup>135</sup> Norske Kvinners Nasjonalråds Familielønnskomite 1929, 11-14, 17-18.

<sup>136</sup> Seip og Ibsen 1989, 422. Blom 1993, 174, 182.

<sup>137</sup> Melby 2007, 304.

<sup>138</sup> Blom 1993, 171-172.

<sup>139</sup> Norske Kvinners Nasjonalråds Familielønnskomite 1929, 17. Blom 1993, 171.

enkel veg å gå. Den møtte kritikk frå ulike hald som meinte den strida i mot lik løn for likt arbeid, den ville føre til lønspress og utelet personar i sjølvstendige næringar.<sup>140</sup> Samtidig viste blant anna Hjemmenes Vels Landsforbund si støtte til forslaget ved ein henvendelse til Stortinget.<sup>141</sup> Den borgarlege kvinnebevegelsen med Nasjonalrådet og Margarete Bonnevie i spissen hadde som hensikt å leggje press på Stortinget. Problemet var at meiningane var delte og ingen resolusjon vart vedtatt.<sup>142</sup>

### **Same kjønn, ulike syn**

Kvinnebevegelsane søkte å løyse dei gifte mødrene si urettferdige stilling i forhold til den mannlege forsørgjaren på ulike måtar. Løysingsforslaga bar preg av ulike syn på kvinnerolla versus yrkesarbeidet. Medan arbeidarkvinnene si mødreløn var eit resultat av synet på arbeid som ei ulempe og eit hinder for morsrolla, var forsørgjarløna til dei borgarlege kvinnene prega av ein moderne visjon om kvinner sin rett til eige yrkesliv. På same tid som dei kravde barnetillegg for forsørgjarar, kravde dei dermed lågare lønningar for barnlause. Dei ville ikkje ha ei pengestøtte til dei heimeverande mødrene slik som arbeidarkvinnene, men helst ei kjønnsnøytral løysing med ei lønsreform. I tillegg var dei borgarlege kvinnene, særskilt med Bonnevie i fronten, forkjemparar for direkte løysingar i det private næringslivet heller enn løysingar basert på staten. Dei såg problemet meir som ei kjønnskonflikt, enn ei klassekonflikt. Arbeidarkvinnene var derimot prega av klasselojalitet framfor å vere kritiske til si eiga kjønnsrolle. Dei ville ha ein delaktig stat innanfor familielivet. Begge bevegelsane ville at mødrer skulle vere forsørgjarar på lik linje med menn. Forskjellen var at arbeidarkvinnene ville løyse dette gjennom ei løn til mødrene uavhengig av arbeidslivet, medan den borgarlege kvinnebevegelsen ville ha ei forsørgjarløn som eit tillegg til ei yrkesløn.

### ***Barnetrygd på dagsorden***

Arbeidarkvinnebevegelsen sin landskonferanse tok i 1930 ei ny vending i kravet om ei mødreløn ved å rette fokuset mot barnet. Ella Anker sette barnetrygda på dagsorden: "Staten må erkjenne sitt ansvar for den nye slekt og styrke hjemmenes økonomi, så at hvert barn får

---

<sup>140</sup> Blom 1993, 171-172.

<sup>141</sup> I følge Det Store Norske Leksikon går: "Hjemmenes Vels Landsforbund seinare under navnet Norges Husmorforbund og frå 1997 Norges Kvinne- og Familieforbund." Her referert: Lønnå, Elisabeth. (24.9.2012b) *Norges Kvinne- og Familieforbund* [Internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå: <[http://snl.no/Norges\\_Kvinne-\\_og\\_Familieforbund](http://snl.no/Norges_Kvinne-_og_Familieforbund)> [Nedlasta 13.1.2013].

<sup>142</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 10-11.



hvad det trenger op til voksen erhvervsdyktig alder.”<sup>143</sup> Anker meinte at samfunnet hadde forsømt barna og peika blant anna på lønningssystemet.<sup>144</sup> Mødrelovskomiteen samla seg om ordet barnetrygd, som den beste forma til støtte for heimane sin økonomi og barna sitt underhald.<sup>145</sup> Forslaget deira var eit samfunnsmessig kontantbidrag til støtte for familien si barneoppfostring.<sup>146</sup> Trygda skulle framleis utbetalast til mødrene eller den som stod for omsorga. Dei hadde framleis i tankane å setje barna utanfor løningskampen. Komiteen argumenterte for at ordninga ville styrkje kjøpekrafta, senke arbeidsløysa og få ned avgiftene på sjukeforsikringa, forsorga m.m.<sup>147</sup> Forslaget vart vedtatt på landskonferansen, og i 1931 sendte dei ein førespurnad til Stortinget om å setje ned ein komité til utgreiing av spørsmålet om ei barnetrygd. Partiet vart oppmoda om å setje ordninga på stortingsprogrammet.<sup>148</sup>

### Stortinget sin barnetrygdkomite

Komitèens oppgave vil være nærmere å unnersøke og avgi innstilling om hvorvidt og i tilfelle efter hvilke prinsipper en ordning med barnetrygd bør søkes gjennomført i vårt land. Herunder bør det bl. a. drøftes om ordningen i tilfelle bør søkes gjennomført som en almindelig folketrygd eller om den bare bør omfatte lønsmottagere eller visse grupper av lønsmottagere. Videre forutsettes behandlet hvad trygdens ydelser bør være, hvad utgiftene vil beløpe sig til, hvorledes midlene bør tilveiebringes, hvorledes trygden mest hensiktsmessig bør organiseres o.s.v. Innstillingen forutsettes bilagt med lovutkast i emnet.<sup>149</sup>

Sosialdepartementet måtte i 1934 gje etter for den samfunnsmessige interessa for ei utgreiing av spørsmålet om ei barnetrygd.<sup>150</sup> Presset hadde auka for å få det på det politiske kartet, og Det Norske Arbeidarparti og Venstre hadde allereie satt det som arbeidsmål.<sup>151</sup>

Kvinnebevegelsane gav seg heller ikkje med det fyrste. Barnetrygdkomiteen vart satt ned med representantar for alle interessegruppene, og såg det som si oppgåve å utarbeide ei innstilling

<sup>143</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1930, 12.

<sup>144</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1930, 13.

<sup>145</sup> Anker, Ella. (1930) Barnetrygd. Trygging av hjemmenes barneoppfostring til erhvervsdyktig alder. Trygden utredes til moren eller den som står for opfostring. *Arbeiderkvinnen* 2, s. 19.

<sup>146</sup> Anker, Ella. (1939) Barnetrygdkomiteens flertallsforslag. Kontantbidrag. *Socialt Arbeid*, 1939-1940, s. 26. Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1930, 16.

<sup>147</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1930, 16.

<sup>148</sup> Det norske Arbeiderpartis landskvinnekonferanse 1930, 16. Barnetrygdkomiteen 1938, 10.

<sup>149</sup> Sosialdepartementet uttrykte si meining om komiteen sitt mandat i samband med nedsettinga av komiteen 3 oktober 1934. Her referert: Barnetrygdkomiteen 1938, 4.

<sup>150</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 11.

<sup>151</sup> Det Norske Arbeiderparti. (1930) *Det norske arbeiderpartis program*. I: *Vi vil...! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001. Venstre. (1933) *Venstres program 1933*. I: *Vi vil...! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001.

om kor vidt og korleis ei ordning med pengebidrag til familieforsørgjarar burde innførast, med omsyn til tidlegare stortingsforhandlingar og ordningar i andre land. Medlemmane bestod av åtte politiske representantar av begge kjønn. Deriblant mødrelønskomiteen si Sigrid Syvertsen, Margarete Bonnevie og Sigrid Stray frå Norske Kvinnens Nasjonalråd. Komitémedlemmane delte seg i eit fleirtal på sju, medan Bonnevie stod aleine igjen som eit mindretal og la fram ei eiga mindretalsinnstilling.<sup>152</sup> Kva meinte desse to fraksjonane i sine innstillingar om departementet sine spørsmål til prinsippbruken i ei barnetrygd, og til innføringa, hensikta og formålet med den?

### **Fleirtalet si innstilling**

Desember 1937 kom barnetrygdkomiteen med sine to innstillingar etter ei rekkje møter med prinsipielle drøftingar, innsamlingar og behandling av statistisk materiale.<sup>153</sup><sup>154</sup> Fleirtalet sitt forslag gjekk ut på ei barnetrygd i form av eit pengebidrag til familiane. Barnefamiliane sitt uhandterlege økonomiske trykk som følgje av uroa på arbeidsmarknaden, senkande barnetal og auka av barnlause ekteskap gjorde barnetrygda til eit påkravd offentleg tiltak. Samfunnets reproduksjon var trua av dei harde tidene. Dessutan meinte komitéfleirtalet at fedrar som vart tvungne til å ta ekstraarbeid som sleit på helsa, eller at mødrer av same grunn vart drivne ut av heimane for å ta seg arbeid, heller ikkje kunne tale i mot ei slik ordning. Hovudformålet deira var å jamne ut kostnadane som foreldre tok på seg ved å setje barn til verda og gje dei ei forsvarleg oppfostring. Dei ville jamne ut skeivheita i levestandarden innanfor same lønsgruppe og same sosiale klasse mellom einslege og familieforsørgjarar. I tillegg meinte dei at barnetrygda ville ha ein positiv effekt på å betre forholda i heimen og etableringa av familiar. Oppfostring og oppdraging skjedde best innanfor familien og heimen, og dette var mest til nytte for samfunnet hevda dei. Dei hadde eit ynskje om at trygda kunne setje mødrene i stand til å ofre seg for dei heimslege oppgåvene i staden for å måtte reise utandørs for å få arbeid.<sup>155</sup>

Forslaget gjekk ut på å innføre ei barnetrygd for alle som forsørgja barn under 15 år busett i landet, uavhengig av forsørgjaren si inntekt og formuesforhold.<sup>156</sup> Sidan behovet for

---

<sup>152</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 3-4, 10-11.

<sup>153</sup> Sosialdepartementet. (1946a) *Om utferdigelse av lov om barnetrygd*. Ot.prp. nr 16 (1945-46). Oslo, Sosialdepartementet, s. 1. Barnetrygdkomiteen 1938, 3.

<sup>154</sup> Komiteen vart også i april 1937 bedt om å utrede ei ordning som burde ytast i naturalia i staden for pengar, men dette vart drege tilbake allereie i oktober same året. Referert: Barnetrygdkomiteen 1938, 3.

<sup>155</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 34-35, 37-42.

<sup>156</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

ei økonomisk hjelp til barneoppfostring var til stades i alle samfunnsklassar, meinte fleirtalet at ordninga prinsipielt burde omfatte heile folket.<sup>157</sup> Fleirtalet ville ikkje fastsette ei høgare aldersgrense med bakgrunn i at den aldersgruppa var ferdig med grunnskulen og ofte hadde stilt seg i rekkja av dei som tente til livets opphald.<sup>158</sup> Når det gjaldt barnerenta sette komiteen den til 120 kr. årlig berekna med 100 prosent til fyrste barn, 75 prosent til det andre, og 50 prosent til det tredje og følgjande barn.<sup>159</sup> Den største fraksjonen grunn gav dette med dei økonomiske forholda, og at det fyrste barnet ofte gav størst skår i familien sine inntekter, særskilt dersom hustrua var yrkesaktiv og måtte gje det opp.<sup>160</sup> Statskassa skulle utrede utgiftene gjennom kommunen. Trygda skulle bli styrt av Sosialdepartementet, og utgiftene vart berekna til 81,5 millionar kroner årleg.<sup>161</sup> Dei meinte at staten av humanitære omsyn og eiga befolkningspolitisk interesse ikkje kunne oversjå den økonomiske byrda som fylgde med barn.<sup>162</sup> Barnetalet var i ferd med å søkkje så sterkt at ein frykta for befolkninga.<sup>163</sup> Staten tente på ei frisk og meir livskraftig slekt med betre livsvilkår, som skulle vere med å bygge samfunnet. Samfunnsutviklinga kravde at staten letta dei økonomiske vilkåra under barna sin oppvekst. Dessutan meinte fleirtalskomiteen at det av økonomiske omsyn var urimeleg å gje ei barnerente som dekkja heile utgiftsauka med barn. Det ville vere uriktig å ta frå foreldra ansvarsfølelsen for barna si oppfostring. Dette ville svekkje arbeidslysta og samhaldet mellom dei. Trongen og gleda ved å ha barn meinte fleirtalet sat djupt rotfesta og naturleg, og at det var unødvendig å støtte foreldra i større utstrekning enn å lette det økonomiske trykket, som særskilt gjorde seg gjeldande når det var mange barn. Fleirtalet meinte også at barnetrygda ikkje var urimeleg i forhold til dei einslege sidan dei aller fleste på eit tidspunkt ville få barn. Dessutan var barneoppfostring ikkje ei privatsak, og lik løn for likt arbeid dekte ikkje dei verkelege forholda. Barnerenta skulle utbetalast til den som hadde omsorga for barnet, og i dei tilfella der begge foreldra var til stades, burde renta utbetalast til mor. Delvis som ei samfunnsmessig vedkjenning av hennar arbeid med barneoppfostringa, og delvis på grunn av at ho då vart ansvarleg andsynes samfunnet for at renta vart anvendt på rette måten. Dersom det var grunn til å tru at mora ikkje forvalta barnerenta på rette måten, meinte dei at trygdenemnda kunne bestemme at den skulle utbetalast til faren eller ein kompetent

---

<sup>157</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 42.

<sup>158</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 45.

<sup>159</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

<sup>160</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 46.

<sup>161</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

<sup>162</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 37.

<sup>163</sup> Seip 1994a, 128.

tredjemann. Komitémedlem og stortingsmann Jakob Vik meinte derimot at barnerenta skulle utbetalast til far, sidan han som oftast var familieforsørgjaren, som hadde forsørgjarbyrda.<sup>164</sup> Utkastet vart ikkje lagt fram for Stortinget på det tidspunktet, men det ville vere grunnsteinen i seinare forhandlingar om ei barnetrygd. Mykje av tankegodset til mødrelønskomiteen var blitt arva, men fokuset vart skyvd i retning barna.

### **Mindretalet si innstilling**

Spørsmålet om ei barnetrygd vart i følgje Margarete Bonnevie, som utgjorde mindretalet, sett på som eit problem som gjaldt lønssystemet, med bakgrunn i pressediskusjonane forut for Barnetrygdkomiteen sin oppkomst og ved behandlinga av barnetillegget til statstenestemenn. Etter Bonnevie si oppfatning var hovudpoenget å få i stand ei ordning der begge forsørgjarane av familien fekk direkte løn for arbeidet sitt, som i alle tilfeller ville vere til fordel for heile familien. Vilkåret var at kvinner og menn fekk same betaling for same arbeid. Dette meinte ho mindretalet si barnetrygd kunne oppnå. Ei barnetrygd der ein avskaffa mennene si innebygde ”forsørgjarløn” ved å etablere enkeltlønningar, som var supplert med eit barnetillegg til alle forsørgjarar. Med dette kunne ein hindre at den moderne familien gjekk i oppløysing. Samtidig fekk ein gjort slutt på at dei barnause fekk pengar for noko som dei ikkje gjorde vederlag for, som kostnaden for slekta si fornying bære av foreldra, særskilt mora. Dette hevda ho var eit sløseri på barna sin kostnad. Men Bonnevie meinte at det største problemet med å få trygge barna sin oppvekst, låg i hinderet for gifte kvinner sin yrkesaktivitet. Føresetnaden var at kvinnene måtte frigjerast og få innpass i arbeidslivet, i staden for å bli bundne til det uløna heimarbeidet av ei mødreløn. Samfunnet måtte forandre innstillinga si til mødrene, og streve etter å heve ekteskapsfrekvensen og minske talet på barnause kvinner.<sup>165</sup> Løysinga på dette og for å ivareta barna sine behov over heile linja, kravde også ei iverksetting av ei rekkje sosialpolitiske tiltak.<sup>166</sup> Som å gjere barnestellet så praktisk og rasjonelt som mogeleg ved å opprette offentlege barnestover; ein kombinasjon av dagheimar og barnekrybber, der fagutdanna tok seg av tilsynet med barna i mora si ynskjelege korte arbeidstid m.m. Husarbeidet burde overtakast av fagfolk og alle former for service måtte ytterlegare utviklast.<sup>167</sup>

---

<sup>164</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 37, 39-40, 46-47, 49, 51-52.

<sup>165</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 58-60, 63, 66, 74, 77, 91.

<sup>166</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 67-68. Bonnevie, Margarete. (1938) Barnetrygd. *Socialt Arbeid*, 1937-1938, s. 133.

<sup>167</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 59, 68.

Ved hjelp av offentlege trygdekassar skulle ein etablere like store lønningar for begge kjønn for same arbeid, supplert med eit barnetillegg til alle dei trygdepliktige som hadde barn under 15 år å forsørgje. Dermed fekk ein ifølgje Bonnevie ei utjamning av dei eksisterande lønningane mellom forsørgjarar og barnelause. Finansieringa skulle skje ved at alle med ei kontant løn over minst 2 500 kroner per år skulle betale eit innskot til barnetrygdkassa. Lønsreforma var tenkt som ei utlikning innan dei enkelte lønningsgruppene, og skulle anvendast på lønningar som oversteig eksistensminimumet for eit enkelt menneske. Lønsmottakarane som ikkje vart omfatta, måtte søkje støtte i andre midlar. Barnetrygda skulle ha den same oppbygginga av organ som sjuketrygdlova.<sup>168</sup>

I tillegg til lønsreforma meinte også Bonnevie at ein måtte supplere med ei rekke sosialpolitiske tiltak for å trygge mor og barn. Desse skulle finansierast av samfunnet gjennom skatt. Denne kombinasjonen var mogeleg på grunn av at forslaget hennar om lønsreform var kostnadsfritt for både stat og kommune, det var i realiteten berre ei omfordeling av løn.<sup>169</sup>

Forsørgjarløna til familielønskomiteen var grunnmuren til mindretalsinnstillinga. Men inngrepet i lønssystemet var for radikalt. Bonnevie var yrkeskvinnene sitt talerøyr, i likskap med Alva Myrdal i Sverige. Dei hadde dei same meiningane, men hadde ein ulike politisk bakgrunn.<sup>170</sup> Dette var eit døme på at meiningane kunne skifte på tvers av partigrensene.

### **Ja, til barnetrygd, men i kva for ei form?**

Barnetrygdkomiteen sitt utkast, den rådande fleirtalsinnstillinga, bygde vidare på mykje av argumentasjonen og krava til tidlegare forkjemparar for mødreløn. Likevel møtte dei mykje motstand frå 1937 og fram mot krigsutbrotet i 1940. Blant anna i tidsskriftet til Norsk Forening for Socialt Arbeide føregjekk det ein heftig debatt mellom barnetrygdkomiteemedlemmar, sosialøkonomar og andre sosiale ildsjeler. Strida om fleirtalsinnstillinga gjaldt fyrst og fremst ytinga i form av eit pengebidrag til familiane. Fleirtalet i komiteen hadde allereie gjort greie for at kollektive tiltak ikkje nådde fram aleine og dei var budd på motstand.<sup>171</sup> Formålet med barnetrygda var ei lønsutjamning, ei tilfredstilling av behova innanfor hushaldet og ikkje minst ei trygging av heimane, av mor og

---

<sup>168</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 77-80.

<sup>169</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 91-92.

<sup>170</sup> Haavet 1999a, 159, 161.

<sup>171</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 34. Wiesener, G. (1935) Barnetrygd. *Socialt Arbeid*, 1935-1936, s. 113.

barn. Dette stridde i følgje fleirtalet dei kollektive tiltaka i mot.<sup>172</sup> Motstandarane av ei kontantytning sa seg ikkje einige i dette og stod på sitt i ynskje om ei naturallinje med kollektive tiltak. Dei tenkte seg ei meir målstyrt støtteordning.

Spørsmålet om naturalytingar var ikkje framand. Allereie på 20-talet vart det sett fram krav om ulike tenester for mor og barn gjennom statleg og kommunale initiativ.<sup>173</sup> Men tilhengarane av ei naturallinje på 30-talet, vart i hovudsak inspirert av Sverige sitt arbeid med befolkningsspørsmålet og ekteparet Alva og Gunnar Myrdal sitt tankegods.<sup>174</sup> I 1934 kom ekteparet Myrdal ut med boka *Kris i befolkningsfrågan*. Problemet dei skulle finne løysinga på var den kraftige nedgangen i fødselstala. Dei ville ha heilskaplege løysingar på dette store problemkomplekset, og staten måtte stå for dei.<sup>175</sup> Dei hevda at det offentlege måtte overta meir av omsorga for barna i det moderne samfunnet. Løysinga på dette var ei støtte i form av tenester; som skulemåltid, barnehagar, subsidierte bustadar med meir til barnefamiliane.<sup>176</sup> Dette stridde i mot den dågjeldande morsideologien og førestillingane gjennomsnittet hadde om familieeininga.<sup>177</sup> For ekteparet var hensikta å styrkje styringsmogelegheitene ved at samfunnet gjennom tiltaka delvis kunne dirigere forbruket og med dette stimulere produksjonen.<sup>178</sup> Dermed kunne ein også løyse sosiale problem som arbeidsløyse og kriminalitet.<sup>179</sup> Sosialpolitikk og økonomisk politikk vart smelta saman.<sup>180</sup>

Dei yngre radikale sosialøkonomane, Arne Skaug, Knut Getz Wold og Åse Lionæs, introduserte denne politikken i Noreg.<sup>181</sup> Den prega særskilt kritikken til Skaug og Getz Wold av barnetrygdkomiteen si innstilling.<sup>182</sup> Dei var to av fleire som tok standpunkt for ei barnetrygd i form av naturalia, i motsetnad til fleirtalsinnstillinga si barnetrygd i form av eit kontantbidrag.<sup>183</sup> Dei kritiserte fleirtalsinnstillinga for ikkje å ha grunnleggjande standpunktet sitt for ei barnetrygd i form av kontantar. Dei ynskja derimot ei barnetrygd i form av direkte tiltak, som planmessig kunne setjast inn på dei mest nødvendige områda. Dermed ville

---

<sup>172</sup> Barnetrygdkomiteen 1938, 34-35.

<sup>173</sup> Sjå kapittel 2.

<sup>174</sup> Seip 1994a, 133.

<sup>175</sup> Haavet 1999a, 158-159.

<sup>176</sup> Seip 1994a, 135.

<sup>177</sup> Seip og Ibsen 1989, 425.

<sup>178</sup> Seip 1994a, 135.

<sup>179</sup> Stokholm Banke, Cecilie Felicia. (2003) Manden som kom cyklende med velfærdsstaten. I: Klaus Pedersen (red.). *13 historier om den danske velfærdsstat*. Odense, Syddanske Universitetsforlag, s. 116.

<sup>180</sup> Seip 1994a, 135.

<sup>181</sup> Seip 1994a, 133, 135.

<sup>182</sup> Seip 1994a, 135. Seip og Ibsen 1989, 425. Skaug, Arne og Knut Getz Wold. (1938) Barnetrygdkomiteens innstilling. *Socialt Arbeid*, 1937-1938, s. 325.

<sup>183</sup> Anker 1939, 26. Skaug og Getz Wold 1938, 324-338.

ordninga lettare tilpassast slik at den fyrst og fremst kom dei mest vanskelegstilte befolkningslaga til gode. Ein mogeleggjorde også ei omlegging av befolkninga sitt forbruk etter dei synsmåtane samfunnet fant rasjonelle. Dessutan hevda dei, til tross for fleirtalsinnstillinga sitt forslag om kontroll og foreldre sin naturlege ansvarsfølelse, at naturalytingane i motsetnad til kontantbidraga gav sikkerheit for at ytinga kom barna til gode. Dei var også ueinige med barnetrygdkomiteen i at dei kollektive tiltaka, som dei stod for, ville kunne svekke heim og familie. Dei poengterte andsynes fleirtal og mindretals- innstillinga at ein stod framfor eit val av kva for mogelegheiter ein skulle gå for, og for å få sett ei reform ut i livet måtte ein ikkje lausrive det sosialpolitiske utgreiingsarbeidet frå landet sin økonomiske og finansielle politiske samanheng.<sup>184</sup> Dei var altså nokre av dei fremste norske representantane for dei sosiale ingeniørane. Den sosiale ingeniørkunsten stod for ein planmessig sosialpolitikk, som fekk fotfeste hos sosialdemokratane over heile Europa.<sup>185</sup> For den sosiale ingeniørkunsten kunne samfunnet med fornufta styrast inn på ein rasjonell og dermed lykkeleg veg.<sup>186</sup> Dette tankegodset hadde nok eit ynskje om å snu den økonomiske krisa på 30-talet. Men i barnetrygddebatten sette det sterke følelsar i sving då enkelte innlegg i debatten vart oppfatta som ei mistenkeleggjering av mødrene, som t.d. at dei vart skulda for å ville bruke pengane på lepestift og nettingstrømper framfor god barneernæring. Slike argument fekk naturalytingane til å framstå som ein paternalistisk politikk.<sup>187</sup>

Ulike kvinneorganisasjonar kasta seg også inn i debatten. Hausten 1938 fekk blant anna Norske Kvinners Nasjonalråd respons frå eit fleirtal kvinnelege landsorganisasjonar og råd etter å ha etterspurt meininga deira om barnetrygdinnstillinga. Fleire stilte seg blant anna positive til ei innføring av kollektive tiltak, men dei ynskja ei utgreiing av ein komité.<sup>188</sup> Husmorforbundet presisterte blant anna at trygda måtte byggast på heimane.<sup>189</sup> Dei som stilte seg skeptiske til ei slik linje, trakk fram praktiske urovekkande moment. Til tross for at naturallinja gjekk vekk ifrå ei barnetrygd der mødrene var den sjølvsgatte mottakaren av ytinga, fengja den også nokre av medlemmane i arbeidarkvinnebevegelsen. I 1939 tok Arbeidarpartiet sitt kvinnesekretariat avstand frå barnetrygdkomiteen si innstilling og gjekk

---

<sup>184</sup> Skaug og Getz Wold 1938, 325-326, 328-329, 334, 338.

<sup>185</sup> Cecilie Felicia Stokholm Banke omtalar generelt den sosiale ingeniørkunsten som var felles for sosialdemokratane over heile Europa. Sjå: Stokholm Banke 2003, 114-116.

<sup>186</sup> Stokholm Banke 2003, 115.

<sup>187</sup> Anker 1939, 27-29. Skaug, Arne og Knut Getz Wold. (1939) Barnetrygdkomiteens innstilling. Svar til fru Margrete Bonnevie og fru Ella Anker. *Socialt Arbeid*, 1939-1940, s.188-189.

<sup>188</sup> Norske Kvinners Nasjonalråd. (1939) *Hva er og hva gjør NKN*. Oslo, N.K.N. Vedlagt ark – sirkulære nr. 5. mai 1939.

<sup>189</sup> Melby 1995b, 140.

inn for direkte bidrag i form av naturalytingar.<sup>190</sup> Det var splittingar innan kvinnebevegelsane når det gjaldt stønadsform, og meiningane skifta på tvers av bevegelsane sine grunninnstillingar.

Både Helga Eide Parr og Ella Anker engasjerte seg i den offentlege debatten for å hindre at kontantyttinga vart sløyfa. Eide Parr meinte at barnetrygdkomiteen si foreslått barnerente kunne minske fattigdom. Målet måtte vere å opplyse om ernæring i staden for foranstaltningar til å gjere mødrene umyndige i arbeidet sitt og auke følelsen av mindreverd.<sup>191</sup> Anker gjekk grundigare til verks og hevda at motstanden med inspirasjon i dei svenske og myrdalske planane kom av ein mistillit til mødrene. ”Man kommer ikke forbi husmorstanden i denne sak. Ved å vise tillit her, vil kontantbidrag til hjemmene under husmødrenes fulle ansvar bli en mektig løftestang for barnas levekår, - i samarbeide med jordbruket, og dermed også for det hele næringsliv.”<sup>192</sup> For Anker var løysinga ei tillit til mødrene. Det var altså ikkje berre naturallinja som hadde jordbruket si avsetningskrise i tankane. Anker hevda dessutan at naturallinja - ei oppstykkja familiehjelp i ei rekkje kollektive ytingar - var ei form for fattighjelp, ei undergraving av heimen sin solidaritet, og ei umyndiggjering og undervurdering av husmødrene sin innsats i landet sitt arbeidsliv. Anker peika på at dei norske husmødrene hadde meir enn nok arbeid, og mødrene hadde behov for ei betre økonomisk sikkerheit i høve arbeidet sitt med barneoppfostringa, slik som ifølgje ho var Stortinget si meining med barnetrygdkomiteen.<sup>193</sup>

Det rådde altså inga semje verken blant politikarane eller i folket om kva for ei yting som var best, men det var almen semje om at noko måtte gjerast. For fleirtalet stod det i denne omgang om ei pengeyting til mødrene som familiens forvaltarar eller ei målstyrt og naturaliabasert familiestøtte. Behovet for kollektive tiltak var likevel ikkje ein fjern tanke for folk flest eller barnetrygdkomiteen. Men gamle ordningar som skulemåltid o.l. var for mange kopla til fattigforsorg, og dette ville ein unngå med barnetrygda.<sup>194</sup> Med det myrdalske tankegodset oppstod det ei ny systemtenking i sosialpolitikken, og Katti Anker Møller sitt tankegods om mødreløn kunne framstå som gammaldags. Krigsavbrotet kom brått på utgreiingane og forhandlingane let vente på seg nokre år.

---

<sup>190</sup> Seip og Ibsen 1989, 427.

<sup>191</sup> Parr, Helga Eide. (1939) Barnetrygden. *Socialt Arbeid*, 1939-1940, s. 295.

<sup>192</sup> Anker, Ella. (1939) Barnetrygdkomiteens flertallsforslag. Kontantbidrag. *Socialt Arbeid*, 1939-1940, s. 29.

<sup>193</sup> Anker 1939, 28-29.

<sup>194</sup> Døme: Wiesener, G. (1940) Barnetrygd: kollektive tiltak og pengebidrag. *Socialt Arbeid*, 1939-1940, s. 241-242. Anker 1939, 28.



## BARNETRYGDLOVA SIN FØDSEL

Brått i 1940 vart all alminneleg politisk debatt, som barnetrygdsdebatten, stogga med andre verdskrig sin entre.<sup>195</sup> Likevel fekk ein under okkupasjonstida med Quislingregjeringa ei familiestøtteordning, som for ein del bygde på barnetrygdkomiteen sitt utkast.<sup>196</sup> Men lova om barnetilskott til visse arbeidstakarar var knytt saman med sjuketrygda og omfatta berre dei pliktige medlemmane i sjuketrygda. Arbeidsgjevaren vart med dette pålagt å bære kostnadane ved ordninga.<sup>197</sup> Samtidig fekk tenestemenn gleda av eit barnetillegg.<sup>198</sup> Ved frigjeringa i 1945 vart desse to ordningane og alle andre lover under Nasjonal Samling oppheva.<sup>199</sup> Men innanfor Sosialdepartementet i London rådde det usemje om barnetilskottordninga si framtid. Både departementet og representantar for Landsorganisasjonen og Arbeidsgjevarforeininga ville halde fram med ordninga etter frigjeringa.<sup>200</sup> Men store grupper som bønder og andre sjølvstendige ville då falle utanfor.

Krigen hadde satt sine spor. Talet på husmødrer hadde stege kraftig sidan 30-talet, og kvinnene hadde i endå større grad fått styrka sin posisjon i heimen. Å vere husmor i krigstid var ein heildøgnsinnsats med omsorg og ansvar for å halde familien saman.<sup>201</sup> Kvinnene fekk dessutan ei mykje meir allsidig rolle, der dei til tider måtte steppe inn i mannsarbeidet. Dei sette sitt preg på nasjonalproduksjonen.<sup>202</sup> I tillegg vart nasjonalkjensla forsterka, og individuelle parti- og klasse- interesser vart skyvd til sides for ei oppleving av ei overordna interesse.<sup>203</sup> Det nasjonale samhaldet vart styrka. Samstundes vart gleda over frigjeringa og framtidsoptimismen ein viktig pådrivar for at fleire starta familie saman. Vedtaket om barnetrygd skulle komme i rett tid for babyboomen i 1946.

I den politiske sfæren stod partia samla over partigrensene i den aller fyrste etterkrigstida. To dokument vart avgjerande for gjenreisinga. Det sosialpolitiske programmet *Fremtidens Norge*, som vart utgitt i 1945 av arbeidarbevegelsen sitt emigrantmiljø under

---

<sup>195</sup> Seip og Ibsen 1989, 428.

<sup>196</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

<sup>197</sup> Norsk lovtidend 2nen Avdeling. (1944) *Lov om barnetilskott til visse arbeidstakere*. Lovtidende (1944). Oslo, s. 553-554.

<sup>198</sup> Sosialkomiteen. (1946) *Innstilling fra sosialkomiteen om lov om barnetrygd*. Innst. O. XII. (1945-46). Oslo, Sosialkomiteen, s. 5.

<sup>199</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1. Sosialkomiteen 1946, 5. Dahl, Åshild. (1994) *Til barnets beste?: barnetrygdens utforming, utvikling og fordelingspolitiske virkninger*. Masteroppgave, Universitetet i Oslo, s. 19.

<sup>200</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

<sup>201</sup> Hjeltnes, Guri. (1987a) Når sov mor? I: Guri Hjeltnes. *Hverdagsliv i krig: Norge 1940-45*. Oslo, Aschehoug, s. 226, 228.

<sup>202</sup> Haavet, Inger Elisabeth. (1996) Mat som hjemmenes problem 1955-1970. I: Inger Elisabeth Haavet. *Maten på bordet: femti år med Statens ernæringsråd*. Oslo, Statens ernæringsråd, s. 72-73.

<sup>203</sup> Hjeltnes, Guri. (1987b) Underrets tid. I: Guri Hjeltnes. *Hverdagsliv i krig: Norge 1940-45*. Oslo, Aschehoug, s. 269.

krigen, hadde som mål for etterkrigstida sin politikk å skape tryggleik for arbeid, heim, kosthald, utdanning og inntekt.<sup>204</sup> I barnetrygdspørsmålet gjekk programmet inn for ei kontanttrygd, men utelet ikkje naturalia. Dei ville ikkje lenger ha ein motsetnad mellom kontant- og naturalia stønadslinjene. Trygda skulle gjevast som ein rett til alle og auke kjøpekrafta og sysselsettinga.<sup>205</sup> Programmet vart eit avgjerande dokument i gjenreisingsperioden og prega partia sitt *Fellesprogram* i 1945.<sup>206</sup> Løftet om sosial tryggleik vart slått fast og velferdsstaten byrja å spire.<sup>207</sup>

Med Arbeidarpartiet sin Einar Gerhardsen som statsminister vart ei samlingsregjering av politikarar og motstandsfolk etablert.<sup>208</sup> Gerhardsenregjeringa vakte barnetrygddebatten til live igjen – denne gongen på den politiske agendaen, innanfor Stortinget. No hadde også dei politiske partia Venstre og Høgre kasta seg inn i kampen om ordninga.<sup>209</sup> Ei barnetrygd i form av kontantar var blitt allment akseptert. Den offentlege debatten om barnetrygd i form av naturalytingar versus kontantyttingar døde med krigen. Naturalytingar måtte kome som eit eventuelt tillegg i framtida. Hovudlinjene under debatten om barnetrygdkomiteen si innstilling på 30-talet var smelta saman. Det var heller ikkje lenger eit ukjent fenomen at forbruket kunne styrast og at ein kunne dra nytte av dette i sosialpolitikken, slik som dei radikale sosialøkonomane og det sosialpolitiske programmet *Fremtidens Norge* ynskja med barnetrygda. Men dette vart tenkt inn i ei større ramme, som i 1966 vart vedteke som Folketrygda.<sup>210</sup> Den universelle barnetrygda vart den første steinen i folketrygdbyggverket.

### ***Stortingsforhandlingane***

4. januar 1946 la Sosialdepartementet på vegne av Gerhardsenregjeringa fram eit lovforslag om ei barnetrygd for Odelstinget.<sup>211</sup> Forslaget bar vidare på arven frå okkupasjonstida si

---

<sup>204</sup> Seip 1994a, 141-142.

<sup>205</sup> Seip 1994b, 186.

<sup>206</sup> Haavet 1994d, 197.

<sup>207</sup> Seip 1994a, 143.

<sup>208</sup> Furre, Berge. (2000) *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunnet – frå voktervisse til framtidstvil*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 121-122.

<sup>209</sup> Venstre. (1945) *For frihet – Framskritt – Trygghet – Fred*. Venstres valgprogram. Ved Stortingsvalget 1945. I: *Vi vil..!* Norske partiprogrammer 1884-2001, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001. Høgre. (1945) *Høires program ved Stortingsvalget 1945*. I: *Vi vil..!* Norske partiprogrammer 1884-2001, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001.

<sup>210</sup> Bjørnson og Haavet 1994, 15.

<sup>211</sup> Lovforslaget i form av ein Odelstingsproposisjon er det fyrste leddet i denne saksgangen. Ein Odelstingsproposisjon er eit lovforslag, det viktigaste lovforarbeidet, frå regjeringa (av det gjeldande departement på området) som blir oversendt til Stortinget for vurdering. Ruud, Jørn W. (2010) *Norsk*

ordning med eit barnetilskott, som var knytt til den pliktige sjuketrygda. Det skulle utbetalast 200 kroner per barn under 16 år der den trygdepliktige forsørgde meir enn eitt barn med unntak.<sup>212</sup> Dette gjaldt også barn født utanfor ekteskap og pleiebarn som var sjuketrygda som bipersonar etter sjuketrygdlova. Retten til barnetrygd skulle altså følgje det trygdepliktige arbeidsforholdet hos den enkelte arbeidsgjevar. Dermed falt fiskarar og småbrukarar utanfor ordninga, og departementet peikte på at dei ikkje kunne anwise nokon brukbar dekkingsmåte for å auke desse utgiftene. Dei gav i mellomtida uttrykk for at dei ville arbeide vidare med dette omfanget, og søke å kome til ei løysing der trygda snarast kunne utvidast til også å omfatte desse befolkningsgruppene. Finansieringa skulle skje ved ein premie på arbeidsgjevaren. Departementet fant på dette tidspunktet ikkje å kunne foreslå å pålegge staten eller kommunane å betale denne stønaden. Formålet til departementet med barnetrygda var å hjelpe dei fleste av dei forsørgjarane som stod dårlegast stilt og hadde størst behov for auka kontante midlar. Formålet var å yte ei økonomisk hjelp til arbeidstakarar med fleire barn.<sup>213</sup>

Forslaget til Gerhardsenregjeringa vakte protestar, og dei mottok ei rekkje med innvendingar i saka si anledning frå fleire hald, særskilt blant organisasjonane til fiskarar og småbrukarar.<sup>214</sup> Noko av kritikken gjekk ut på at forslaget bar preg av den gamle sosialforsikringsmodellen før fyrste verdskrig og at den vidareførte NS-regimet si ordning.<sup>215</sup> Medan innvendingane i hovudsak dreia seg omkring trygda sitt omfang, sidan den berre omfatta arbeidstakarane sine barn og ikkje dei sjølvstendig næringsdrivande.<sup>216</sup> Det vart satt fram forskjellige forslag til løysing av problemet. Deriblant eit privat lovforslag om ei barnetrygd frå tre representantar frå Bondepartiet. Lovforslaget samsvarte stort sett med barnetrygdkomiteen si fleirtalsinnstilling.<sup>217</sup> Skilnaden var at dei ville avgrense omfanget til personar som tente under 6000 kroner årleg og som forsørgja meir enn eitt barn under 15 år. Med dette ville dei inkludere familiar i sjølvstendige næringar i motsetnad til sosialdepartementet. Trygda skulle dessutan, som i forslaget til barnetrygdkomiteen og som ynskje frå kvinnebevegelsane, helst utbetalast til mødrene dersom begge foreldra hadde

---

*lovforarbeider frem til 1. oktober 2009* [Internett], Bergen, Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frå: <http://www.ub.uib.no/fag/rettsvit/norskforarb.htm> [Nedlasta 31.10.2012]

<sup>212</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1.

<sup>213</sup> Sosialdepartementet 1946a, 1, 3.

<sup>214</sup> Sosialdepartementet. (1946c) *Om utferdigelse av lov om barnetrygd*. Ot. prp. nr. 127 (1945-46). Oslo, Sosialdepartementet, s. 1.

<sup>215</sup> Dahl 1994, 19.

<sup>216</sup> Sosialdepartementet 1946c, 1. Dahl 1994, 19.

<sup>217</sup> Sosialkomiteen 1946, 5.

omsorga.<sup>218</sup> Innvendingane kom derimot ikkje uventa på departementet og Regjeringa, sidan dei hadde utelukka fleire store befolkningsgrupper.<sup>219</sup> Protestane fekk fortgang i arbeidet deira. 2. august trakk dei lovforslaget tilbake og foreslo å sette fram ein ny proposisjon til lov om barnetrygd.<sup>220</sup>

### **Sosialdepartementet (Regjering) versus Sosialkomiteen (Storting)**

Allereie i august var Regjeringa sitt sosialdepartement klar med eit nytt lovutkast om ei barnetrygd til Odelstinget. Lovutkastet bygde denne gongen i vesentlege punkt på barnetrygdkomiteen si fleirtalsinnstilling, som når det gjaldt omfang, administrasjonsordning og i prinsippet finansieringa. Men departementet peika på at det var store avvik og at den elles var lagt nær opp til alderstrygdlova.<sup>221</sup> Ein månad etterpå hadde Stortinget sin sosialkomité behandla lovforslaget deira og fått presentert synet sitt for Odelstinget.<sup>222223</sup> Dei var einige i at tida var moden for å gjennomføre ei barnetrygd. Det var ei felles oppfatning at samfunnet hadde interesse av at barn og ungdom vaks opp under gode levevilkår, og at dette i høg grad var avhengig av familien sin økonomiske stilling. Sosialkomiteen peika på det som blant anna kvinnebevegelsane og barnetrygdkomiteen tidlegare hadde hevda: lønningane tok ikkje omsyn til familien sin størrelse, og eitt nytt barn førte til ein senka levestandard for heile familien.<sup>224</sup> Men kva stridast og einast desse to lovforslaga om?

Departementet slo fast at dei ville innføre ei allmenn barnetrygd, som foreslått av barnetrygdkomiteen sitt fleirtal. Alle som forsørgde meir enn eit barn under 16 år skulle ha rett til barnetrygd. Dei skifta vesentleg retning frå deira fyrste forslag, og bevega seg vekk frå prinsippet om behovsprøving.<sup>225</sup> Sosialkomiteen var einige i dette, og la til at som for dei lågløna arbeidstakarane gjorde også behovet for eit tilfredsstillande underhold av barna og med dette ei økonomisk byrde seg gjeldande hos folk i sjølvstendige erverv.<sup>226</sup> Men tiltross for at departementet hadde eit ynskje om å innlemme det fyrste barnet blant uektefødde,

---

<sup>218</sup> Frogner, Einar, Nils Trædal og Jon Leirfall. (1946) *Privat lovforslag (lovteksten) fremsatt for Odelstinget 1946. 3. Forslag til lov om barnetrygd*. Dokument nr. 4 (1945-46). Oslo, s. 2-3.

<sup>219</sup> Sosialkomiteen 1946, 5.

<sup>220</sup> Sosialdepartementet. (1946b) *Om tilbakekalling av Ot.prp. nr. 16 om lov om barnetrygd*. Ot. meld. nr. 1 (1945-46). Oslo, Sosialdepartementet, s. 1.

<sup>221</sup> Sosialdepartementet 1946c, 2. Sosialkomiteen 1946, 5.

<sup>222</sup> I form av ei innstilling til Odelstinget, som er ei komitébehandling av saka (Odelstingsproposisjonen) frå ein av Stortinget sine fagkomitéar på området, som skjer før det skal opp til debatt og votering. Det andre leddet i denne saksgangen. Her referert: Ruud 2010.

<sup>223</sup> Sosialkomiteen 1946, 1-12.

<sup>224</sup> Sosialkomiteen 1946, 6.

<sup>225</sup> Sosialdepartementet 1946c, 2, 4.

<sup>226</sup> Sosialkomiteen 1946, 9-10, 6.

foreldreause og skilsmissebarn på grunn av deira vanskelege økonomiske stilling, stogga det budsjettmessige omsynet dei.<sup>227</sup> Medan sosialkomiteen derimot kom med eit forslag om å redusere trygdebeløpet til departementet frå 200 kroner til 180 kroner for å mogeleggjere dette. Argumentet var at dette var eit naturleg vilkår og samfunnet kunne dra fordel av det dersom einslege blant anna behaldt barna sine.<sup>228</sup> Som departementet, meinte også sosialkomiteen at ei barnetrygd var eit så betydeleg skritt i retning av å betre familiane og barna sine kår, at om den omfatta frå det fyrste eller andre barnet av, burde den helsast med tilfredsheit av alle.<sup>229</sup>

Trygda skulle framleis, som ynskja av kvinnebevegelsane og fleirtalet i barnetrygdkomiteen, utbetalast til mødrene. Departementet viste til fleirtalet i barnetrygdkomiteen sine merknadar til dette standpunktet, og sosialkomiteen sa seg einige der omkring.<sup>230</sup>

Hvis foreldrene lever og begge har omsorgen for barnet, bør barnerenten – således som tilfelle er i de fleste fremmede lover – i alminnelighet utbetales moren, dels som en samfunnsmessig anerkjennelse av hennes arbeid med barneoppfostringen, dels fordi hun derved overfor samfunnet blir ansvarlig for, at renten anvendes på beste måte. Jfr. Sykeforsikringslovens §27, nr. 5, hvorefter barselpenger utbetales moren personlig. Alene når der er grunn til å tro, at moren ikke forvalter barnerenten på rette måte, bør trygdenemnden kunne bestemme, at den skal utbetales til faren eller kompetent tredjemann.<sup>231</sup>

Barnerenta skulle altså utbetalast til mødrene som ei vedkjenning av deira arbeid med barneoppfostringa, og det var dei som på beste måte kunne nytte midlane etter si hensikt. Med dette skulle staten i følgje sosialdepartementet og sosialkomiteen ta seg av 7/8 delar av finansieringa, medan kommunane skulle dekkje 1/8 del.<sup>232</sup>

Sosialkomiteen føya til at det var viktig at staten gjennom ei barnetrygd ikkje måtte overta heile utgiftsauka til barna si oppfostring. Forsørgjarane måtte framleis ha ansvaret for barna sitt underhald.<sup>233</sup>

---

<sup>227</sup> Sosialdepartementet 1946c, 4.

<sup>228</sup> Sosialkomiteen 1946, 7, 10.

<sup>229</sup> Sosialkomiteen 1946, 6. Sosialdepartementet 1946c, 3.

<sup>230</sup> Sosialdepartementet 1946c, 8. Sosialkomiteen 1946, 11.

<sup>231</sup> Sosialdepartementet viser under merknadar til dei enkelte paragrafane at denne bestemmelsen svarar til barnetrygdkomiteen sine uttalelsar om den bestemmelsen. Her referert: Sosialdepartementet 1946c, 8.

<sup>232</sup> Sosialdepartementet 1946c, 11. Sosialkomiteen 1946, 11.

<sup>233</sup> Sosialkomiteen 1946, 6.

Formålet med ei barnetrygd var for sosialdepartementet eit tilskot til forsørging og ei lette i det økonomiske trykket som dei barnerike familiane var under.<sup>234</sup> Sosialkomiteen samtykkja i dette, og peikte på at den ville bety ei størst letting i dei økonomiske kåra for dei lågløna inntektsgruppene. For dei kunne barnetrygda berre ta sikte på å minske forskjellen i levestandard mellom forsørgjarar og ikkje forsørgjarar. Målet meinte dei burde vere å fjerne misforholdet der fleirbarnsfamiliar nødvendigvis fekk ein lågare levestandard enn dei einslege og barnlause med same inntekt.<sup>235</sup> Sosialkomiteen si vurdering og lovforslag stod for tur til debatt og votering.

### **Debatt, votering og avgjering**

4. oktober stod innstillinga frå sosialkomiteen om lov om barnetrygd på sakliste i Odelstinget.<sup>236</sup> Ordføraren i Sosialkomiteen, Rakel Seweriin, gjorde greie for saka og anbefalte Odelstinget å vedta sosialkomiteen si samstemte innstilling til lov om barnetrygd. Ho la vekt på at forslaget ynskja å jamne ut misforholdet som oppstod ved at familiane si inntekt verken steig eller sank i forhold til forsørgingsbyrda, som barnetrygdkomiteen hadde brakt på bane. Dessutan understreka ho med tanke på utbetalinga av trygda, at ein for fyrste gong fekk ei lov som slo fast at mødrene skulle ytast ei samfunnsmessig vedkjenning for deira arbeid med barneoppfostringa. Ho hevda at samfunnet gjorde det i forvissing om at ei god mor visste best korleis pengane skulle nyttast til barnas beste. På denne måten hevda ho at samfunnet ville lette mødrene sitt strev med å skape sunne og lykkelege barn. Odelstinget vedtok innstillinga samstemt utan debatt.<sup>237</sup> Lovforslaget vart oversendt til Lagtinget og der vart det også tilslutt vedtatt samstemt.<sup>238</sup> 24 oktober 1946 vart det gjort endeleg vedtak til ei lov om barnetrygd med Kongen i statsråd sitt samtykkje.<sup>239</sup>

At det endelege vedtaket vart gjort samstemt kom av fleire faktorar. Ein såg fleire ting i heilskap, kvinnebevegelsane sine krav vart no fletta inn i fleire samanhengar. I etterkrigstida vart det ei utbreidd meining at mødrene sitt strev under krigen viste at dei var verdige ei støttande påskjøning for forvaltarrolla si.<sup>240</sup> Under okkupasjonen hadde kvinnene sin

---

<sup>234</sup> Sosialdepartementet 1946c, 3.

<sup>235</sup> Sosialkomiteen 1946, 6.

<sup>236</sup> Innstillinga til sosialkomiteen oversendast til Odelstinget til debatt og votering, og Odelstinget formulerar deretter vedtaket sitt i form av ei Beslutning O, som er Odelstinget sitt vedtak til lov. Her referert: Ruud 2010.

<sup>237</sup> Odelstinget. (1946) *Sak nr. 7. Innstilling fra sosialkomiteen om lov om barnetrygd*. Odelstingstidende (1945-46). Oslo, Odelstinget, s. 560-563, 565.

<sup>238</sup> Lagtinget 1946, 178-179.

<sup>239</sup> Stortinget 1946, 639-642.

<sup>240</sup> Viser til Toralv Øksnevad sitt utsagn i NRK/London 14. januar 1945. Her referert: Hjeltnes 1987a, 227.

posisjon i heimen særskilt vorte styrkja.<sup>241</sup> Sjølve krigen hadde skrinlagt gammal partistrid for ei stund, og med *Fellesprogrammet* var samarbeid lagt til grunn. *Fremtidens Norge* la føringane til Gerhardsenregjeringa sitt gjenreisingsprogram. Barnetrygda skulle gjevast til alle og skulle vere ein rett. Usemje gjaldt ikkje lenger prinsippforskjellar, men i større grad små detaljar. Forarbeidet til sosialøkonomane vart trekt inn i ein større velferdssamanheng ved at kontantytninga kunne halde oppe kjøpekrafta og dermed styre sysselsettinga. Barnetrygda var ei markering på byrjinga på den universelle velferdsstaten. Kva var resultatet av lovutforminga?

### **Resultatet**

Lova om barnetrygd gjekk smertefritt igjennom med tanke på at den sprang ut av to ulike kampar. For det fyrste ein trettiårs lang kamp, om ei vedkjenning av mødrene sitt arbeid i heimen og etterkvart kravet om eit tilskot til barneoppfostring, som vart kjempa fram av kvinnebevegelsar og sosiale ildsjeler. For det andre ei knapp tautrekking i Regjering og Storting i hovudsak om ytinga til barnetrygda. Samstemt og omtrent utan debatt kom ein endeleg i mål med ei ordning og eit lovvedtak etter andre verdskrigen. Mellomkrigstida sine tankar og krav vart smelta saman til å omfatte alle familiar. Det nye prinsippet om universalisme vart stadfesta. Barnetrygda vart den fyrste velferdsstatsreforma etter krigen, og skulle prege velferdsstatsdebattane utover hundreåret.<sup>242</sup> Offentlege inngrep i den heimlege sfæren vart legitimert. Krigen hadde endra tida og samarbeidsviljen innanfor politikken var på frammarsj.

Med den lovfesta barnetrygda fekk dei som forsørgde meir enn eitt barn under 16 år og busett i riket rett til barnetrygd på 180 kroner årleg for kvart barn. Unntak vart gjort for første barn for skilsmisse-, foreldreause og uektefødde barn.<sup>243</sup> Trygda skulle utbetalast til mødrene dersom begge foreldra hadde omsorga.<sup>244</sup> Staten skulle ta seg av 7/8 delar av finansieringa, medan kommunane skulle dekkje 1/8 del.<sup>245</sup> Men kva var formålet med utviklinga av ordninga? Kven var målet for ordninga, mødrene, fedrane, barna – eller familien som heilskap? Og i kva grad kan vi sjå tiltaket som kjønnsretta – var den tenkt som moderskapsstønad? Verka den til å likestille barneomsorga mellom foreldra eller til å

---

<sup>241</sup> Hjeltnes 1987b, 265.

<sup>242</sup> Seip og Ibsen 1989, 412.

<sup>243</sup> Barnetrygdloven. (1946) *Lov om barnetrygd av 24 oktober 1946 nr. 2, §§1-2.*

<sup>244</sup> Barnetrygdloven 1946, §11.

<sup>245</sup> Barnetrygdloven 1946, §17.

morsrette den? Eller var den fyrst og fremst ei symbolsak for tanken om det universelle velferdssamfunnet etter krigen?

### **Formålet**

Barnetrygdlova vaks ut av ei allmenn oppfatning av at samfunnet hadde ei interesse av at alle barn vaks opp under gode levevilkår. Den vaksande slekta var samfunnet si framtid. Levekåra stod i eit urokkeleg avhengigheitsforhold til familien si økonomiske stilling.

Eineforsørgjarsystemet var rådande og den ynskja forma, og det idealet staten ville fremje. Problemet med lønningane som ikkje tok omsyn til forsørgingsbyrda, familien sin størrelse, og konsekvensen med den senka levestandarden i heile familiar var erkjent.

Med den endelege barnetrygdlova, med eit avgrensa kontantbeløp, var formålet å ta eit betydeleg skritt i retning av å betre mødrene og barna - dermed familien - sine kår. Med eit tilskott til forsørging ville dei lette det økonomiske trykket som pressa dei barnerike familiarne. Eit bidrag til ei lita oppmuntring til barnefødsjar. Lova skulle søke å heve levestandarden blant barnefamiliarne, men ikkje ta frå foreldra ansvaret med barna sitt underhald. Staten vedkjente den ekstra utgifta det var med barn.

I tillegg hadde lova også som formål å minske forskjellen i levestandard mellom forsørgjarar og ikkje forsørgjarar, og ikkje ei utjamning mellom inntektsgruppene. Det skulle verte slutt på misforholdet der familiar med fleire barn nødvendigvis fekk ein lågare levestandard enn dei einslege og barnelause med same inntekt. Å oppdra barn var ei samfunnsteneste.

Med ei barnetrygd tenkt innanfor ramma av eineforsørgjarsystemet fekk kvinner rolla som forsørgja. Mødrer vart dermed særskilt tenkt innanfor huset sine fire veggar. Husmornorma stod sterkt forankra, og kvinner fekk offisielt ansvaret innanfor familielivet. Dei skulle syte for slekta si framtid, og barnetrygda var ynskja som eit hjelpemiddel. Den hadde også som formål å leggje til rette for at mødrene kunne konsentrere seg om den heimlege sfæren. Mindretalet sitt poeng fekk inga løysing i denne saka.

### **Målgruppe**

Barnetrygda var ei støtte til den kjønnskomentære familien, der far var forsørgjar og hadde sin plass i den offentlege sfæren, medan mor vart forsørgja og hadde sin plass i den heimlege sfæren ilag med barna. Frå snakk om ei løn til mødrer til ein debatt om barna sine kår – vart barnetrygda satt på dagsorden. Mor og barn vart i fyrste halvdel av hundreåret,



under utviklinga av barnetrygda, sett under eitt. Dei var tenkt som ei uskiljeleg eining i tillegg til forsørgjaren. Barna og mødrene sine behov og interesser vart kjemd under same kam. Av foreldra var det mor som skulle syte for den trygge og lykkelege oppveksten for den komande slekta som var ein samfunnsressurs. Dette var norma i fyrste halvdel av hundreåret.

I følgje barnetrygdlova sin fyrste paragraf skulle det ytast ei økonomisk hjelp til forsørgjarar med barn under 16 år m.m. Utbetalinga skulle ifølgje paragraf elleve utbetalast til mødrene, som ei vedkjenning av deira arbeid med barneoppfostringa. I tillegg til at det vart fastslått i paragrafen at mødrene var dei som best visste korleis midlane skulle nyttast til beste for barna. Denne argumentasjonen var gjennomgåande under heile saksgangen. Ordføraren i Sosialkomiteen, Rakel Seweriin, uttrykte som nemnt på vegne av komiteen i Odelstinget at med denne utbetalinga vart mødrene sitt arbeid med barneoppfostringa for fyrste gong samfunnsmessig vedkjent. Med dette meinte ho at samfunnet ville lette mødrene sitt strev med barneoppfostringa. Ho var ein av fleire med desse meiningane. Dette tankegodset var årsaka til at ordninga vart emne for debatt, og til den store motstanden mot naturalytingar før krigen.

Barnetrygda var med det fyrste augekast ei ordning med barna for auge, men dermed fylgde mødrene med på lasset. Mødrene, som barnetrygda tenkte som heimeverande, fekk retten til "eigne" pengar. Samtidig gjaldt økonomien barna sine oppvekstvilkår. Dermed vart mødrene med utbetalinga det indirekte målet, eit formidlingsledd, medan barna det direkte målet. Eininga mor og barn var uskiljeleg.

### **Tiltaket kjønnsretta?**

Til tross for at debatten gjekk frå å vere morsretta til å bli barneretta eller familiesentrert, var det mogleg å oppnå ei viss offentleg støtte og vedkjenning av mødrene sitt arbeid i heimen. Med fokuset på barn kom det til fordel for mødrene. Tiltaket kan sjåast på som eit ynskje om å vere kjønnsretta ved utbetalinga til mødrene og med deira kontroll over forbruket. Mannen var den tenkte forsørgjar, og med ei barnetrygd ville ein hindre at mødrene tok seg arbeid ute i den offentlege sfæren. Den litle økonomiske stønaden symboliserte ei oppmuntring til mødrene om å halde seg til hushaldet og oppfostringa. Dette var samfunnet si interesse og framtida låg på mødrene sine skuldrer. Likevel måtte somme ty til yrkesarbeid i tillegg til omsorgs- og husarbeidet. Med barnetrygda fekk mødrer ubetinga krav på ein pengesum for morsrolla utan ei skjønsmessig vurdering, direkte utbetalt og med full rådighet. Ordninga vart ein dyrebar rett for norske kvinner. Barneomsorga og husarbeidet var kvinnene sitt

ansvar, sjølv når dei var yrkesaktive. Menn sine vanar vart ikkje påverka av kvinnene sin arbeidssituasjon.<sup>246</sup> Ordninga verka til å morsrette barneomsorga i normgjevande forstand, og kan sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønad til forskjell frå fedre og familieeininga.

## OPPSUMMERING

Samfunnet hadde vedkjent den ekstra utgifta det var med barn og erkjent nytteverdien av ei frisk vaksande slekt. Med barnetrygda fekk mødrene offisielt stadfesta ansvaret sitt innanfor familielivet. Dei hadde oppnådd ei viss offentleg støtte og vedkjenning av arbeidet deira der omkring. Den endelege barnetrygda var særskilt ei samansmelting av tankegodset og krava til kvinnebevegelsane og dei sosiale ildsjelene på 20-talet. Den endelege barnetrygdlova bygde vidare på fleirtalsinnstillinga til barnetrygdkomiteen frå 30-talet.

Formålet til den endelege ordninga var blant anna å heve levestandarden til barnefamiliane. Barnetrygda blei eitt av etterkvart fleire tiltak med dette formålet. Ordninga ville minske forskjellane i levestandarden mellom forsørgjarar og ikkje forsørgjarar. Både fleirtalet i barnetrygdkomiteen og kvinnebevegelsane hadde fremja desse ynskja med sine forslag til tross for at dei strida om form og yting. For desse og som for arbeidarkvinnebevegelsen ville dei legge til rette for mødrene i den heimlege sfæren. Det var allment erkjent at dette var den beste ramma for ei god oppfostring og mest til gagn for samfunnet.

Som for kvinnebevegelsane såg også fleirtalet i barnetrygdkomiteen barna sine interesser ilag med mødrene sine. Ein måtte styrkje heimane sin økonomi og barna sitt underhald - som mødrene tok seg av. Med det endelege lovutkastet fekk mødrene igjennom sine krav ved å byggje på barna sine behov. Ordninga la til rette for å morsrette omsorga, og den kan sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønad til forskjell frå fedre og familieeininga. Moderskapet vart belønna med eit fokus på mor og barn som eining. Ordninga markerte også starten på den universelle velferdsstaten.

Medan blant anna Margarete Bonnevie si mindretalsinnstilling og eit fåtal kvinnesakskvinner sine tankar på 30-talet om yrkesaktive kvinner og ei auke av kollektive tiltak ikkje sette preg på barnetrygda, skulle tankegodset deira blomstre under den andre debattepoken, særskilt frå 70-talet av. Då skulle ikkje lenger ei tilrettelegging for mor og barn

---

<sup>246</sup> Stang Dahl, Tove. (1994) Ekteskap, den moderne husmannskontrakten. Noen kvinnerettslige problemstillinger. I: Tove Stang Dahl. *Pene piker haiker ikke*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 51.

i den heimlege sfæren vere norma. Med kontantstøtta var ein motreaksjon mot 70-tals feminismen og eit brot i vente.

# KAPITELL 4: KONTANTSTØTTA - EIT BROTT MED TIDA?

---

## INNLEIING

Ved inngangen til 1990-åra var kvinner sin identitet knytt til morsarbeid og yrkesarbeid.<sup>247</sup> Majoriteten av norske småbarnsmødrer var i arbeid. Familien som omsorgs- og forsørgjarinstitusjon hadde gått igjennom drastiske endringar sidan byrjinga av hundreåret.<sup>248</sup> Teknologiske nyvinningar (innlagt vatn og elektrisitet m.m.), husmødrene sin overgang til forbrukarøkonomien og deira ekstra yrkesinntekt hadde ført til vekst og velstand i familien. Mellom 1970 og 1990-åra hadde husarbeidet minka betrakteleg og fleire menn hjelpte til i slikt arbeid.<sup>249</sup> Husmora sin gullalder var over, men kjønnssegregeringa i barneomsorga stod framleis sterk.<sup>250</sup> Heimearbeidande eksisterte framleis, men i hovudsak i kombinasjon med deltidsarbeid og eventuell inntektsoverføring frå ektefelle.<sup>251</sup> Endringane i familiemønsteret, oppløysinga av den kjønnskomplementære familien, med kvinner sin entre på arbeidsmarknaden, førte til nye diskusjonar om staten sin plass og rolle i barneoppfostringa.<sup>252</sup> Den nye kvinnebevegelsen frå 70-talet var sentrale pådrivarar, og hadde bringa kvardagsproblema til kvinnene på bana igjen.<sup>253</sup> Margarete Bonnevie sitt krav om at staten måtte ta ansvar for likestillingspolitikken fekk etterkvart gjennomslag. Mindretalsforslaget til barnetrygdkomiteen og tankane hennar var framsynte og vart verkeleggjort frå 70-talet.<sup>254</sup> Det private vart igjen eit politisk stridstema. Familieavhengigheita vart svekka av den kollektiviserte omsorga som sprang parallelt med den private individualiseringa.<sup>255</sup> Samtidig vart etterspørselen etter tilsynsordningar for barn mykje større enn tilbodet.<sup>256</sup> Men barnehagar, skular og fritidsordningar reduserte tida på anvendt omsorg, samtidig som kvinner i større grad brukte fritida si utanfor heimen. Tida i heimen minka og familien fekk i større grad eit fritidspreg. Velferdsstaten sitt ansvar for barn var i større grad erkjent. På den

---

<sup>247</sup> Blom 2007, 351.

<sup>248</sup> Leira 1996, 223.

<sup>249</sup> Blom 2007, 357-358.

<sup>250</sup> Blom 2007, 351, 388. Leira 1996, 224.

<sup>251</sup> Hatland 2011, 153.

<sup>252</sup> Leira 1996, 223.

<sup>253</sup> Blom 2007, 371.

<sup>254</sup> Lønnå, Elisabeth. (1996) Oppsummering og konklusjon. I: Elisabeth Lønnå. *Stolthet og kvinnekamp. Norsk Kvinnesaksforenings historie fra 1913*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag A/S, s. 289.

<sup>255</sup> Haavet 1999b, 151.

<sup>256</sup> Hatland 2011, 154-155.

eine sida trådde den til der familien svikta i forsørging og omsorg.<sup>257</sup> På den andre sida haldt den framleis fram med familiebaserte velferdstiltak. Målet var i hovudsak å hjelpe familien til å få timeplanen til å gå opp. Valfridom til arbeid og omsorg stod sterkt forankra.<sup>258</sup>

Barnetrygda og andre tilskot hadde til ei viss grad letta den økonomiske familieforsørginga, som over tid hadde auka på grunn av lengre skulegang og seinare debut i arbeidslivet. Det var framleis rom for fleire ordningar som avlasta familieforsørgjarane.

I dei politiske diskusjonane om den sosiale familiepolitikken hadde dei politiske fløyene skifta plass sidan den fyrste debattepoken under barnetrygddebatten. Kontantstøtta vart ei politisk sak med press frå politiske parti. Med regjeringsskifte i 1997 og snare forhandlingar bak dei politiske kulissane vart kontantstøttelova sanksjonert av Kongen 26. juni 1998. Lova skulle trå i kraft 1. august same året.<sup>259</sup> Innføringsvedtaket to månadar tidlegare fekk eit mangfald av nordmenn til å protestere, medan andre jubla. Kontantstøttelova var stikk motsatt av velferdsstatens grunnpilar - arbeid for velferd – og norma for familiemønster. Enkeltpersonar og press- og interessegrupper greip pennen fatt. Kontantstøtta vart enten elska eller hata. For å forstå kvifor staten greip inn i den heimlege sfæren gjennom kontantstøtta må vi tilbake til det som fekk ballen til å rulle, forhandlingane i Regjering og Storting. Kan denne ordninga sjåast på som eit ynskje og/eller ein intensjon om moderskapsstønad til forskjell frå fedre og familieeininga? Kvifor vart den så omstridd blant folket? Førte den til nokon endringar i overgangen til det 21. hundreåret?

## **KONTANTSTØTTELOVA SIN FRAMVEKST**

Kontantstøtte vart i denne samanhengen definert som ei kontantytting til småbarnsfamiliar, som ikkje eller delvis nytta seg av eller ikkje hadde tilbod om offentlege omsorgsløysingar, som vart drivne med statleg driftstilskot.<sup>260</sup> På slutten av 1980-talet vart den satt på dagsorden for fyrste gong. Regjeringsmaktene avgjorde hendingsgangen.

### ***Kontantstøtta på det politiske kartet***

---

<sup>257</sup> Blom 2007, 360, 382-383.

<sup>258</sup> Haavet 1999b, 151.

<sup>259</sup> Stortinget. (1998b) *Lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven) m. v. av 26. juni 1998 nr. 41*. Norsk Lovtidend Avd. 1 (1998). Oslo, s. 732-737.

<sup>260</sup> Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre. (1997) *Voksenåsen erklæringen. I: Vi vil...! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001.

I 1987 sendte Gro Harlem Brundtland si andre regjering stortingsmeldinga *Barnehager mot år 2000* til Stortinget med eit ynskje om ein ny offensiv i barnehagepolitikken. Målet var full barnehagedekning innan år 2000.<sup>261</sup> Mars året etter responderte Stortinget sin sosialkomité med si vurdering av saka.<sup>262</sup> Mindretalet i komiteen, som sokna til Kristeleg Folkeparti, set fram eit forslag i stikk motsatt retning av Arbeidarpartiregjeringa og dei andre partia sine forslag. Kristeleg Folkeparti ynskja ei kontantstøtte til foreldre som valde å vere heime med barna. Dei bad regjeringa om å fremje eit forslag til ein modell der statstilskotet til barnehageplassar for barn under tre år i staden skulle utbetalast direkte til alle foreldre med barn i den alderen. Formålet med omlegginga var blant anna større valfridom for småbarnsforeldre.<sup>263</sup> Deretter fylgde ein heftig debatt i Stortinget om saka. Fleirtalet var forferda over Kristeleg Folkeparti sitt forslag. Representantar frå Arbeidarpartiet gjekk krast ut. Jan-Olav Ingvaldsen hevda prioriteringa var riv ruskande galen til dåtida sin situasjon.<sup>264</sup> Frå 1970- og 1980-talet hadde Arbeidarpartiet konsekvent støtta opp om tiltak med ei primær relevans for lønsarbeidaridealet. Partia i sentrum og til høgre hadde i overgangen til den andre debattepoken tatt over for kravet om å auke dei offentlege overføringane til omsorgsarbeidet i heimen.<sup>265</sup> Av budsjettmessige årsaker ville derimot ikkje Høgre på dette tidspunktet gje Kristeleg Folkeparti si støtte.<sup>266</sup>

Eit år seinare vart det under Jan Peder Syse si leiing danna ei koalisjonsregjering mellom Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet. Regjeringserklæringa slo fast at det skulle innførast ei kontantstøtte for alle barn under tre år frå januar 1991. Med Arbeidarpartiregjeringa si overtaking i 1990, skrinla dei forslaget om kontantstøtta, til den tidlegare regjeringa sin skuffelse.<sup>267</sup> Kristeleg Folkeparti med Høgre si støtte, gav ikkje opp hjertesaka til tross for mykje motstand frå blant anna Sosialistisk Venstreparti og Venstre.<sup>268</sup>

---

<sup>261</sup> Forbruker- og administrasjonsdepartementet. (1987) *Barnehager mot år 2000*. St. meld. nr. 8. (1987-88). Oslo, Forbruker- og administrasjonsdepartementet, s. 1-29.

<sup>262</sup> Sosialkomiteen. (1988) *Innstilling fra sosialkomiteen om barnehager mot år 2000*. Innst. S. nr. 157. (1987-88). Oslo, Sosialkomiteen, s. 1-219.

<sup>263</sup> Sosialkomiteen 1988, 5-6, 19.

<sup>264</sup> Stortinget. (1988) *Sak nr. 4. Innstilling fra sosialkomiteen om barnehager mot år 2000*. S. Tidende s. 3033-3064 (1987-88). Oslo, Stortinget, s. 3037.

<sup>265</sup> Magnussen 1999, 29, 27.

<sup>266</sup> Stortinget 1988, 3035.

<sup>267</sup> Håland 2001, 71.

<sup>268</sup> Kristelig Folkeparti. (1993) *Tid for verdier. Handlingsprogram for stortingsperioden 1993-1997*. I: *Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001. Høyre. (1993) *Høyres stortingsvalgprogram. Norge trenger en ny giv*. I: *Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001. Sosialistisk Venstreparti. (1993) *Solidarisk Veivalg*.

Allereie til stortingsvalet i 1969 hadde Kristeleg Folkeparti satt seg som arbeidsmål å legge til rette for at småbarnsmødrer av økonomiske årsaker ikkje skulle behøve å ta seg arbeid utanfor heimen.<sup>269</sup>

### ***Stortingsforhandlingane***

I 1997 tok sentrumspartia, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Senterpartiet, over regjeringsmakta.<sup>270</sup> Innføringa av kontantstøtta vart nedfelt i det politiske grunnlaget deira, Voksenåsen erklæringa.<sup>271</sup> Sakene til mindretalsregjeringa vart politisk styrka etter valet, men dei var avhengige av Stortinget si støtte frå sak til sak. Ved behandlinga av Statsbudsjettet for 1998 danna regjeringspartia, Høgre og Framstegspartiet, eit fleirtal for innføringa av kontantstøtta. Med dette begynte ballen å rulle igjen. Regjeringa lova Stortinget ein proposisjon i vårsesjonen om utforminga av ordninga med kontantstøtta. Allereie påfølgjande januar kom tre stortingsrepresentantar frå Framstegspartiet med eit privat lovforslag om utforming av ei kontantstøtte til foreldre med barn under skulepliktig alder.<sup>272</sup> Lovutforminga var like rundt hjørnet.

### **Forslag til kontantstøttelov**

April 1998 var Kjell Magne Bondevik si fyrste regjering klar med eit konkret lovforslag, ein Odelstingsproposisjon, om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøttelova) utarbeida av Barne- og familiedepartementet og sendt over til Stortinget. Prinsippa som låg til grunn for lovforslaget var allereie gjort greie for i ein proposisjon til Stortinget om innføringa av kontantstøtta til småbarnsforeldre. Kontantstøtta skulle ytast til alle barn mellom eitt og tre år busett i riket, og som ikkje eller berre delvis nytta seg av barnehageplass som fekk statleg

---

*Arbeidsprogram for Sosialistisk Venstreparti 1993-1997. I: Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001. Venstre. (1993) *Frihet utan egoisme. Venstres stortingsvalgprogram 1993-97. I: Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001.

<sup>269</sup> Kristeleg Folkeparti. (1969) *Valgprogram Kristelig Folkeparti 1969-1973. I: Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1 2001.

<sup>270</sup> Blom 2007, 336.

<sup>271</sup> Barne- og familiedepartementet. (1998a) *Innføring av kontantstøtte til småbarnsforeldre*. St.prp. nr. 53 (1997-98). Oslo, Barne- og familiedepartementet, s. 5.

<sup>272</sup> Sandberg, Per, Per Roar Bredvold og John I. Alvheim. (1998) *Forslag frå stortingsrepresentante Per Sandberg, Per Roar Bredvold og John I. Alvheim om utforminga av en kontantstøtte til foreldre med barn under skolepliktig alder*. Dokument nr. 8:61 (1997-98), s. 1.

driftstilskot.<sup>273</sup> Bondevikregjeringa fant det ikkje hensiktsmessig at stønaden berre omfatta familiar med ein heimeverande forelder. Ifølgje dei ville dette vere ei diskriminering av familiar med andre behov og mogelegheiter. Samtidig måtte nok dette til for at Kristeleg Folkeparti skulle få igjennom kampsaka si i samarbeid med andre politiske parti. Ved å innlemme alle barn, ville dessutan retten til kontantstøtte ikkje vere knytt til foreldra sin yrkesaktivitet.<sup>274</sup> Ordninga skulle vere utan noko form for inntekts- eller behovsprøving og skattefri.<sup>275</sup> Dei ville ha meir likskap i overføringane frå staten til barneomsorg ved å kople kontantstøtta til ordninga med statleg driftstilskot for barnehagar. Målet om full behovsdekking for barnehagar innan år 2000 stod framleis ved lag.<sup>276</sup> Forslaget likna dei tidlegare formuleringane om ei kontantstøtte på 80-talet, men denne gongen hadde dei gått inn på detaljane. Forslaget var prega av kjenneteiknet til familiepolitikken, ein generell politikk som støtta alle familiar.

I følgje lovforslaget skulle Stortinget fastsette beløpet, og statskassa skulle dekkje utgiftene. Hovudregelen var at den som barnet var busett hos og som søkte om støtta skulle få utbetalt stønaden. I dei tilfella der barnet budde med begge foreldra, skulle stønaden utbetalast til den som søkte. Dersom begge foreldra søkte, skulle mora få utbetalinga.<sup>277</sup> Det var barnet sitt omsorgsbehov som var vilkåret for utbetalinga. Grunnlaget for stønaden sin størrelse var barnet i den gjeldande aldersgruppa og ikkje familien.<sup>278</sup> Forslaget til Bondevikregjeringa skilde seg frå familiepolitikken si åtferdspåverking dei siste tiåra, frå tilrettelegginga for yrkesdeltakinga blant kvinner og ei større deltaking i barneomsorga blant menn.

Sentrumsregjeringa uttrykte at familien var den grunnleggjande sosiale eininga i samfunnet. Ramma som familien danna var særskilt viktig i forhold til barna. Dei meinte at ingen fullt ut kunne erstatte familien i sin kjennskap, kjærleik og omsorg til eigne barn. Med bakgrunn i dette meinte departementet at ein måtte ha ordningar som la til rette for at foreldre kunne vere heime medan barna var små.<sup>279</sup> Dette var eit av dei fyrste formåla med kontantstøtta. Ein måtte altså for det fyrste sikre familien meir tid til sjølv å ta omsorga for eigne barn.<sup>280</sup> Løysinga på dette var i følgje Regjeringa å gje familiane betre økonomiske

---

<sup>273</sup> Barne- og familiedepartementet. (1998b) *Om lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven)*. Ot.prp. nr. 56 (1997-98). Oslo, Barne- og familiedepartementet, s. 1, 13.

<sup>274</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 9-10.

<sup>275</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 1.

<sup>276</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 6.

<sup>277</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 1-2, 10, 13-14.

<sup>278</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 9.

<sup>279</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 8.

<sup>280</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 1, 13.



mogelegheiter for dette valet. Som følgje av småbarnsforeldre si deltaking i yrkeslivet av ulike årsaker, stod dei ovanfor eit dilemma mellom omsynet til yrkesdeltaking og omsynet til foreldrerolla. For Bondevikregjeringa hadde tidsklemma ført til at fleire foreldre i større grad ynskja meir tid i heimen saman med barna utover fødselspermisjonsperioden. Med kontantstøtta skulle barn og foreldre få ein rolegare kvardag, som ville vere til barna sitt beste.<sup>281</sup> Dette stod i utakt med velferdsstaten sin grunnpilar, der velferdsordningane skulle vere til støtte for arbeid til alle.<sup>282</sup> Ein velfungerande arbeidsmarknad var avgjerande for velferdsstaten. Samtidig vart stabile familiar sett på som ein av dei viktigaste støttespelarane for velferdsstaten sin framvekst.<sup>283</sup>

For det andre skulle kontantstøtta gje familiare reell valfridom når det gjaldt kva for omsorgsform dei ynskja for barna sine.<sup>284</sup> Regjeringa grunn gav dette med at politikken måtte byggjast på respekt for at den enkelte familie sjølv var nærmast til å avgjere korleis dei ville innrette kvardagslivet sitt. Samfunnet si oppgåve var å legge forholda til rette for at foreldre kunne velje ut i frå familien sin situasjon.<sup>285</sup> I følgje sentrumsregjeringa vart småbarnsforeldre sin valfridom mellom yrkes- og heimearbeid hindra av økonomiske årsaker og mangel på passande tilbod om barnehage. Dei vedkjente at barn med spesielle behov særskilt drog nytte av eit barnehagetilbod. Samtidig peika dei på at til tross for mangel på småbarneplassar, spelte kultur og tradisjon i innvandrarfamiliar ei større rolle i valet av omsorgsform. Ifølgje departementet ville kontantstøtta ha lita innverknad på blant anna denne gruppa, sidan erfaringane viste at dei valte å ta i bruk barnehagetilbodet når barnet nådde fire til fem års alderen. Med kontantstøtta ville dei gje foreldre fridom til å velje omsorgsform, og Bondevikregjeringa hevda at dette ville føre til ei auke av familiare si tid ilag med barna.<sup>286</sup> Familiene på 1990-talet var i større grad enn tidlegare i hundreåret prega av ei differensiering når det gjaldt familiemønster og familiepraksis. Forskjellane og variasjonane i familielivet var blitt eit mønster, og bydde på stadig nye utfordringar for velferdsstaten.<sup>287</sup> Valfridommen stod dermed sentralt og kontantstøtta skulle vere eit verkemiddel.

---

<sup>281</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 8, 10.

<sup>282</sup> Fasting, Mathilde, Marius Doksheim og Eirik Vatnøy. (2011) Liberalisering og reform. I: Mathilde Fasting, Marius Doksheim og Eirik Vatnøy. *Den norske velferden*. Oslo, Civita AS, s. 118-119.

<sup>283</sup> Noack 2004, 39.

<sup>284</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 1, 13.

<sup>285</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 8.

<sup>286</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 8, 10, 22-23.

<sup>287</sup> Syltevik, Liv Johanne. (1999) Differensierte familieliv – konsekvenser for velferdsstaten? I: Velferd og Samfunn (program). *Velferd og Samfunn. Avslutningskonferanse 20.-21. april 1999. Foredragene*. Oslo, Norges Forskningsråd, s. 156-157.

Det tredje og siste formålet med kontantstøtta var at det måtte bli meir likskap i dei statlege overføringane, som den enkelte familie mottok til barneomsorg, uavhengig av korleis tilsynet måtte ordnast.<sup>288</sup> Ordninga med statleg subsidierte barnehagar kunne opplevast som urettferdig for dei familiare som valte å ha ein heimeverande forelder, og for dei som ikkje fekk barnehageplass. Ifølgje departementet var løysinga å setje den årlege kontantstøtta på nivå med det statlege driftstilskotet til ein fulltids barnehageplass. Det som låg til grunn var ein tillit til at dei aller fleste foreldre ville velje dei omsorgsalternativa som var til barnet sitt beste. Det å ta imot ei pengeyting for ikkje å nytte seg av eit velferds gode, stridde imot velferdsstaten sine tidlegare ordningar, men velferdsstaten skulle sikre like rettar. I forhold til likestillingsspørsmålet la departementet vekt på at kvinner ikkje var ei einsarta gruppe, og dermed gjorde ulike praktiske og likestillingspolitiske val. Dei hevda likestillingspolitikken i hovudsak hadde lagt til rette for yrkesaktive kvinner, og at rettferd tilsa ein breiare likestillingspolitikk.<sup>289</sup>

Kontantstøtta skulle ifølgje sentrumsregjeringa vere ei fortsetting og forlenging av støtteordningane ved fødsel og adopsjon. I tillegg skulle den virke parallelt med og vere eit supplement til andre familiestøtteordningar. For Regjeringa vog dei prinsipielle grunngevingane for ordninga svært tungt.<sup>290</sup> Lova var ynskja å tre i kraft frå 1. august same året.<sup>291</sup> Stortinget sin fagkomité på området vart satt på saka.

### **Kontantstøttelovforslaget til vurdering i Stortinget**

Stortinget sin Familie-, kultur- og administrasjonskomité tok lovforslaget om kontantstøtte til småbarnsforeldre opp til vurdering. Dei hadde allereie lagt til grunn for synspunkta sine om kontantstøtta i diskusjonen om sjølv innføringa av ordninga i Stortinget, der prinsippvedtaket om ei kontantstøtte blei fatta. Medlemmane frå Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Senterpartiet utgjorde fleirtalet i komiteen, medan mindretalet bestod av medlemmane frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti. Fleirtalet slutta seg til lovforslaget frå Bondevikregjeringa sitt Barne- og familiedepartement med nokre få kommentarar utan konsekvens. Dei peika særskilt på størrelsen på satsane, valet av modell, kontroll med

---

<sup>288</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 1, 13.

<sup>289</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 8-9, 31-32.

<sup>290</sup> Barne- og familiedepartementet 1998a, 10, 15.

<sup>291</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 15.

ordninga, og tidspunktet for den første utbetalinga.<sup>292</sup> Ifølgje mindretalet var det ei rekkje store og uavklarte spørsmål som burde behandlast før ordninga kunne iverksetjast: "[...] kontantstøttetiltaket bygger på opinionsundersøkingar, egne erfaringer og statsrådets tro på at kontantstøtte ikkje har betydning for verken barnevernsbarn, likestilling eller barnehageutbygging."<sup>293</sup> Dei hevda den bygde i for liten grad på forskning og konsekvensanalyse.<sup>294</sup>

Kontantstøtta skulle framleis ytast til alle barn mellom eitt og tre år som var busett i riket, og som ikkje eller berre delvis nytta seg av barnehageplass som mottok statleg driftstilskot m.m.<sup>295</sup> Fleirtalet i komiteen uttrykte at dette var særskilt viktig for å sikre fleksibilitet, valfridom og meir tid til eigne barn.<sup>296</sup> I tillegg skulle framleis mor ha fyrste retten til stønaden, dersom begge foreldra budde ilag og søkte om ordninga. Samtidig var det framleis rom for ei deling foreldra i mellom der det var delt bustad.<sup>297</sup>

Formålet med ordninga var sams for Barne- og familiedepartementet og fleirtalet i komiteen, den skulle gje barnefamiliane større valfridom og meir tid. Fleirtalet i komiteen hevda at ordninga i større grad ville kome den enkelte familie sitt behov og ynskje om å finne den rette omsorgsløysinga til det enkelte barn og den enkelte familie betre.<sup>298</sup> Meir tid til barnefamiliane sitt samvær var særskilt viktig i forhold til fleirtalet sitt syn på familien som eit verdimesig ankerfeste og grunnlag for vidareføring av kulturarven. Sams med Barne- og familiedepartementet var løysinga på tidspresset på familiane større økonomisk handlefridom. Mindretalet erkjente også småbarnsfamiliane sitt behov for meir tid saman, men kontantstøtta var ikkje løysinga deira på dette.<sup>299</sup><sup>300</sup> Arbeidarpartiet ville ha full barnehagedekning innan år 2000, eit godt tenestetilbod, som var kombinert med fleksible foreldrepermisjonsordningar. Desse ordningane kunne også gje valmogelegheiter. Så lenge kontantstøtta ikkje var knytt opp mot at ein av foreldra var heimeverande, kunne den ikkje stå som garantist for målet om meir

---

<sup>292</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen. (1998b) *Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven)*. Innst. O. nr. 62 (1997-98). Oslo, Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, s. 5-6

<sup>293</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen. (1998a) *Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om innføring av kontantstøtte til småbarnsforeldre*. Innst. S. nr. 200 (1997-98). Oslo, Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, s. 23.

<sup>294</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 23.

<sup>295</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998b, 6.

<sup>296</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 20.

<sup>297</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998b, 7.

<sup>298</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19. Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998b, 6.

<sup>299</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19, 24, 28-29.

<sup>300</sup> Mindretalet hadde tidlegare kome med forslag til kompromiss med Regjeringspartia, men utan hell. Her referert: Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 28.

tid. Samtidig hevda dei at dette igjen kunne føre til at den yrkesaktive forelderen måtte auke arbeidsmengd for å oppretthalde inntektsnivået. I tillegg ville ordninga stimulere til at somme valte bort barnehagar for dagmammaer.<sup>301</sup>

Fleirtalet i komiteen la også vekt på at valfridom særskilt var viktig for kombinasjonen av gode verdiar som både låg i heimebasert omsorg og barnehagane sitt pedagogiske tilbod. Dei hevda at det ikkje var behov for at det offentlege styrte valet av omsorgsform, og hevda ein måtte ha tillit til foreldra. Til tross for at fleirtalet erkjente at mange barn kunne ha spesielle behov for barnehageplass m.m., måtte valet likevel liggje hos familien og ein måtte sikre størst mogeleg fleksibilitet. Valfridommen skulle ifølgje fleirtalet gjelde alle familiar uavhengig av kulturell og nasjonal bakgrunn. Dei peikte på at barnehagar for innvandrarbarn var særskilt viktig, men hevda andre tiltak hadde større nytteverdi nærmare skulealder. Mindretalet hevda derimot at kontantstøtta ikkje ville bidra til meir valfridom. Sosialistisk Venstreparti var av den meining at kontantstøtta var ei belønning til dei som ikkje valte barnehageplass. Mindretalet hevda fleksible og billige omsorgsløysingar gav større valfridom til å kombinere yrkesaktivitet med omsorg for små barn. Med dette tok Arbeidarpartiet utgangspunkt i utviklinga der fleire kvinner ynskja utdanning og deltaking i arbeidslivet. Kontantstøtta ville få konsekvensar for likestilling ved å feste og forsterke kjønnsforskjellane. Lønnsforskjellane mellom kjønna ville føre til at mødrer var dei som kom til å nytte seg av ordninga. Samtidig peikte Arbeidarpartiet på at barnehagar blant anna var det viktigaste integreringstiltaket for barn med innvandrarbakgrunn, og eit viktig hjelpetiltak for barn med spesielle behov. Sosialistisk Venstreparti hevda at kontantstøtta ville bidra til å setje arbeidet med barnehagar i revers.<sup>302</sup> Med kvinnene sitt inntog og sterke engasjement i politikken i slutten av hundreåret, vart det stilt krav om velferdsordningar som fremja likestilling og kombinasjonen av produksjon og reproduksjon.<sup>303</sup> Barnehagar var eit viktig ledd i dette arbeidet, og kontantstøtta var i utakt med desse krava.

Fleirtalet hevda at ein med bakgrunn i omsorgsansvaret som ei samfunnsinvestering, ikkje måtte innrette dei økonomiske overføringane slik at heimebasert omsorg for dei minste vart definert som eit annanrangs tilbod. Kontantstøtta var i følgje fleirtalet ei viktig støtte for foreldre som ynskja å vere heimeverande med omsorgsoppgåvene på heil- eller deltid. Fleirtalet såg seg einige med sentrumsregjeringa i at samfunnet ikkje måtte diskriminere omsorgsløysingar som mange foreldre såg seg tent med. Med kontantstøtta ville det offentlege

---

<sup>301</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 24.

<sup>302</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19, 22, 24, 26-29, 32.

<sup>303</sup> Hatland 2011, 165.

omsorgstilbudet omfatte både offentlege og private løysingar. I høve likestilling hadde dei det same synet som Regjeringa om kvinner som ei fleirarta gruppe med ulike interesser og val.<sup>304</sup> ”Flertallet tror at kontantstøtten som gir familiene og kvinnene økt mulighet til å tilpasse sin hverdag etter egne behov kan medføre en styrking av familienes og kvinners stilling.”<sup>305</sup> Dei hevda det var mange foreldre av begge kjønn som ikkje ynskja ei yrkeskarriere heile livet. Dessutan la dei til at det var ei målsetting å få fedrane til å ta meir del i barneomsorga, men dette måtte ein forsøke å oppnå gjennom ulike ordningar. Mindretalet frå Arbeidarpartiet var derimot ueinige i Bondevikregjeringa sitt synspunkt om at det førekom ei skeivfordeling til fordel for dei som hadde barn i barnehage. Desse var ofte skattebetalarar og betalte ein høg eigendel. I følgje dei kunne full rettferd berre mogleggjerast ved at alle som hadde eit behov for barnehageplass fekk tilbodet. Arbeidarpartiet reagerte i tillegg på at kontantstøtteordninga ville føre til ein økonomisk kompensasjon for dei som ikkje nytta seg av eit velferdsgode. Dei stilte spørsmål til om dette var eit forsøk på å innføre eit nytt prinsipp i velferdsstaten. Fleirtalet avviste dette, og vektla at alle barn trong omsorg.<sup>306</sup>

Formåla med kontantstøtta kunne sjåast på som eit kompromiss mellom dei som ynskja at familien tok seg av barneomsorga, som Kristeleg Folkeparti, og dei som ville at staten skulle opptre meir nøytralt i valet av omsorgsform, som blant anna Høgre og Framstegspartiet. Til tross for usemje innan komiteen vant forslaget til den fyrste Bondevikregjeringa sitt Barne- og familiedepartement om ei kontantstøttelov fram. Fleirtalet rådde Odelstinget til å vedta forslaget.<sup>307</sup> Debatt, votering og vedtak stod for tur i Odels- og Lagtinget.

## **Vedtaket**

Innstillinga frå Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøttelova) vart vedtatt med 43 mot 36 stemmer i Odelstinget. Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti stod framleis på sitt mot ei slik ordning.<sup>308</sup> Odelstinget sitt vedtak til lov vart oversendt til Lagtinget, og deretter behandla og vedtatt

---

<sup>304</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19, 22.

<sup>305</sup> Her referert: Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 22.

<sup>306</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19, 22, 24.

<sup>307</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998b, 6.

<sup>308</sup> Odelstinget. (1998a) *Sak nr. 1. Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven)*. Ot. Tidende (1997-98). Oslo, Odelstinget, s. 478-479.

oversendt til Kongen i statsråd.<sup>309</sup> Kontantstøttelova vart sanksjonert 26. juni 1998.<sup>310</sup> Kva var resultatet av lovutforminga?

### **Resultatet**

Kontantstøttelova gjekk raskt, men ikkje støyfritt igjennom då lovutforminga fyrst var i gang. Spente debattar i Stortinget spegla dei sterke kontrastane mellom dei ulike partia. Ulike syn på kvinnerolla versus yrkesarbeid, foreldreansvar og omsorgsform gjorde seg gjeldande. Dei borgarlege partia ville legge til rette for eininntektsfamilien under småbarnsfasen, medan sosialdemokratane (Arbeidarpartiet) og sosialistane (Sosialistisk Venstreparti) via si tid og kraft til toinntektsfamilien. Tankegodset frå den fyrste debattepoken på byrjinga av hundreåret, om vedkjenninga av mødrene sitt arbeid i heimen, vart i ei ny form tatt opp til diskusjon igjen. Dei politiske leirane hadde skifta side. Ordninga utgjorde eit brot med familiepolitikken og støtteordningane under den andre debattepoken, som i hovudsak la til rette for kombinasjonen av omsorg og arbeid. Den kunne blant anna sjåast på som ein motreaksjon på 70-tals feminismen sitt ynskje om tilrettelegging for yrkesaktive mødrer, og likedelt foreldreansvar mellom kjønna.

Hovudregelen i kontantstøttelova vart at barn mellom eitt og tre år som var busett i riket, og som ikkje eller berre delvis nytta seg av barnehageplass som fekk statleg driftstilskot fekk rett til ei kontantstøtte. Ordninga skulle ytast til den som barnet budde fast hos. Dersom foreldra budde ilag og begge søkte om stønaden, skulle støtta utbetalast til mora. Deling kunne skje dersom foreldra ikkje budde ilag. Stortinget skulle bestemme kontantstøtta sin størrelse, medan statskassa skulle dekkje trygdeetaten sine utgifter til utbetaling og administrering av kontantstøtteordninga. Lova skulle tre i kraft fyrste august 1998.<sup>311</sup>

### **Formålet**

Kontantstøtta vaks ut av ei allmenn oppfatning om at ein hadde rett på støtte frå velferdsstaten når ein hadde eit behov, som ein ikkje klarte å ordne sjølv. Omsorgsansvaret var og blei ei samfunnsinvestering. Staten hadde sidan 70-talet fremja toforsørgjarsystemet som den ynskja norma. Staten erkjente i aukande grad familiane sitt vaksande problem med at tida ikkje

---

<sup>309</sup> Odelstinget. (1998b) *Vedtak til lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven)*. Besl. O. nr. 73 (1997-98). Oslo, Odelstinget, s. 1-3. Lagtinget. (1998) *Sak nr. 14. Odelstingets vedtak til lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven)*. Lagtingstidende (1997-98). Oslo, Lagtinget, s. 41.

<sup>310</sup> Stortinget 1998b, 732-737.

<sup>311</sup> Stortinget 1998b, 732-734, 736.

strakk til og eit økonomisk trykk som påverka omsorgssituasjonen. Omsorgsløysingar for kombinasjonen av yrkesarbeid og barn var kravt. Samtidig byrja politiske krefter etterkvart å sjå fleire løysingar på det same problemet.

Formålet med denne loven er å bidra til at familiene får mer tid til selv å ta omsorgen for egne barn, at familiene gis reell valgfrihet når det gjelder omsorgsform for barn og at det blir mer likhet i overføringene den enkelte familie mottar til barneomsorg fra staten, uavhengig av hvordan tilsynet ordnes.<sup>312</sup>

Formålet med lova vart som ynskja frå Barne- og familiedepartementet og fleirtalet i Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen meir tid, valfridom og likskap til småbarnsfamiliane.

Familien vart sett på som det viktigaste grunnlaget for barna sin oppvekst og vidareføringa av kulturarven. Men staten hadde og ansvar for den nye generasjonen. Familien var og blei den grunnleggjande sosiale eininga i samfunnet. Kontantstøtta bygde med dette på tanken om at heimebasert omsorg var ei like god omsorgsform for fleirtalet småbarn som den kollektiviserte omsorga. Ordninga skilte seg ut blant dei tidlegare familiestøtteordningane i debattepoken. Ved å leggje avgjersla om omsorgsform på familiane, vart foreldra sett som dei beste til å avgjere barna sitt beste. Foreldra sitt val vart det sentrale. Samtidig skulle kontantstøtta vere eit viktig handslag for dei som ynskja å vere heime fullt eller delvis med småbarna. Denne valfridommen kunne bli problematisk for den moderne familien. Fokuset vart retta på heil eller delvis heimeverande omsorg. Denne omsorgsforma hadde ikkje tidlegare blitt tilgodesett av fellesskapet, slik som kombinasjonen av omsorg og yrkesarbeid. Småbarnsforeldra sine behov og ynskjer måtte respekterast. Valfridommen til heimebasert eller kollektivisert omsorg vart kravd.

### **Målgruppe**

Med kontantstøtta vart eininntektsfamilien/den funksjonsdelte kjernefamilien fremja som eit alternativt ideal til den moderne familien sitt toforsørgjarsystem. Ordninga skulle i hovudsak vere ei støtte til dei foreldra som ynskja å vere heime heilt eller delvis med omsorgsoppgåva, medan barna var små. Stønaden skulle ytast for barn mellom eitt og tre år. Dermed til foreldre med omsorgsansvar og uavhengig av yrkesaktivitet. Mødrene skulle ha fyrste retten til stønaden, dersom foreldra budde ilag og begge søkte om ytinga.

Barna var altså målet for ordninga, samtidig vart familien, det vil sei foreldra indirekte innlemma som målgruppe. Det var allmenn kunnskap at kjønnssegregeringa i omsorg for barn

---

<sup>312</sup> Stortinget 1998b, 732. Odelstinget 1998b, 1.

framleis gjorde seg gjeldande, til tross for at det hadde skjedd mykje med likestillinga og samfunnet si støtte til barnefamiliane i denne perioden – både i samfunnet og mht. lovgjeving og politikk. Utbetalinga av stønaden var altså i følgje paragraf ni ynskja å gå til mora. Mora var den av foreldra som konsekvens vart formidlingsleddet av stønaden. Samtidig utelukka dette ikkje far. Med barna som målgruppe fylgde familien som heilskap med på lasset. Ei kjønnsnøytral formulering gav uttrykk for at det var familien som via barnet vart det indirekte målet. Familien var avhengig av staten si støtte, og staten var avhengig av familien sin barneproduksjon.

### **Tiltaket kjønnsretta?**

Utforminga av kontantstøtta var med det første augekast kjønnsnøytral. Dei politiske motstandarane av ordninga meinte derimot at dei kjønnsnøytrale formuleringane berre var ny innpakking av ein gammal politikk. Fokuset var satt på styrkinga av relasjonane mellom familien og barn. Samtidig var det ynskja at mødrene mottok stønaden. Kontantstøtta skulle teknisk sett utbetalast til mødrene i dei fleste tilfella, og det bygde opp om inntrykket av at intensjonen var ei morsrette ordning. Tiltaket kunne sjåast på som kjønnsretta, til tross for at kontantstøttelova direkte gav uttrykk for å likestille barneomsorga mellom foreldra. Med bakgrunn i kjønnssegregeringa innanfor barneomsorg og lønnsforskjellen mellom kjønna, meinte sosialdemokratane og sosialistane at det var store føresetnadar for at mødrene ville nytte seg av ordninga. Kontantstøtta kunne derfor verke til å morsrette barneomsorga. Indirekte kunne den virke som ei moderskapsstønad med utgangspunkt i reglane for utbetalinga med si forsiktede formulering. Ved å ta ut kontantstøtta fekk mødrene rett til betaling for å vere heimeverande. ”Flertallet mener at kontantstøtten er et viktig håndslag til de foreldre som velger å være hjemme helt eller delvis med omsorgsoppgaver.”<sup>313</sup> ”Hvis foreldrene bor sammen og begge søker om kontantstøtte, utbetales støtten til moren.”<sup>314</sup>

### **EIN OPPHEITA SAMFUNNSDEBATT**

Etter at Regjering og Storting i juni 1998 vedtok innføringa av ei kontantstøttelov, blussa det opp ein oppheita samfunnsdebatt som engasjerte alle lag av folket.<sup>315</sup> Likestillings-, kvinne-

---

<sup>313</sup> Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen 1998a, 19.

<sup>314</sup> Odelstinget 1998b, 2.

<sup>315</sup> Stortinget. (1998a) *Sak nr. 1. Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om innføring av kontantstøtte til småbarnsforeldre*. Tidende S. (1997-98). Oslo, Stortinget, s. 3053-4022. Odelstinget 1998a, 476-479.



og kjønnsforskarar, ulike kvinnebevegelsar, politikarar og blant anna profesjonsgruppa lærarar stakk seg særskilt fram under debatten. Dei viste sterk motstand eller begeistring i avisinnlegg og tidsskrift, som i radio og TV. Skiljelinjene var klare, debattantane var enten for eller i mot ordninga. Argumentasjonen gjekk igjen hos dei ulike meiningsfellane. Tankegodset til dei politiske leirane under stortingsforhandlingane vart vidareført. Stridsemna var dei tenkte verknadane av kontantstøtta: Kva dei tre formålsprinsippa: meir tid, reell valfridom og meir likskap, hadde å seie for likestilling, barneomsorg og integrering. Det rådde inga semje om sjølve ordninga. Kva var synspunkta til dei to motstridande partane, tilhengarane og motstandarane av kontantstøtta?

### *Meir tid*

Under den offentlege debatten om det fyrste prinsippet til Regjeringa, om meir tid til at familiane skulle kunne ta av seg omsorga av eigne barn, tok debattantane utgangspunkt i det moderne barne- og familielivet med tidsklemma. Tilhengarar og motstandarar av kontantstøtteordninga var einige om at det var eit aukande behov for å betre barneomsorga. Spørsmålet var om ein skulle gje meir tid til foreldre sitt samvær med småbarna, som var kontantstøtta sitt formål, eller om ein skulle legge endå betre til rette for kombinasjonen av omsorg og arbeid.

Ei rekkje forskarar innanfor likestillings-, kvinne- og kjønnsforskning var store motstandarar av kontantstøtteleova. Argumenta deira gjekk gjennomgåande igjen hos andre flittige motstandarar i kontantstøttedebatten. Forskar innanfor psykologi og kjønn, Agnes Andenæs, stilte spørsmål til om vekkarklokka var den største trusselen mot barn på slutten av 90-talet? Ho avviste tidskravet. Dersom mødrene si forankring aleine dreidde seg om pengar, hevda ho at ein kunne betalt seg ut av tidsklemma. For Andenæs dreia omsorg seg om meir enn intimitet, og like mykje om å vere ein ”ledsager” og vegvisar inn i det moderne samfunnet. I følgje Andenæs var mødrene si svake tilknytning til arbeidslivet ein større trussel mot ungane sin velferd og utvikling enn at foreldre var yrkesaktive, medan ungane var i barnehage.<sup>316</sup> Løysinga var i følgje Kompetansesenter for likestilling at arbeidslivet endra seg i staden for at kvinner skulle løyse tidsklemma ved å velje kontantstøtta.<sup>317</sup> Dessutan hevda forskar Harriet Bjerrum Nielsen, professor ved Senter for kvinneforskning ved Universitet i

---

<sup>316</sup> Andenæs, Agnes. (1998) Faglige premisser i politiske diskusjoner: Fra kontantstøttedebatten 1997-1998. *Kvinneforskning*, 22, s. 21-22.

<sup>317</sup> Yssen, Ingunn. (1998) Høringsnotat om kontantstøtte fra Kompetansesenter for likestilling. *Kvinneforskning*, 22, s. 30.

Oslo, at forslaget ikkje sikra prinsippet sidan det ikkje stilte krav til kontantstøttemottakarane om å gå ned i arbeidstid.<sup>318</sup> Kontantstøtta var ikkje løysinga på å betre barneomsorga sine kår og gje småbarnsforeldre meir tid med småbarna. Motstandarane blant forskarane peika på manglande likestilling i heimen og eit for høgt arbeidspress for småbarnsfedrar. Kontantstøtta ville virke i motsatt retning av ynskje om at menn jobba mindre ute og meir heime.<sup>319</sup> Partipolitisk uavhengige Kvinnefronten og Norsk Kvinnesaksforeining var to av fleire kvinnebevegelsar som også ytra sin uvilje mot kontantstøtta på denne måten.<sup>320</sup> Deira formål var å arbeide mot kvinneundertrykking, for kvinnefrigjerung og kvinner sin rett til lønsarbeid.<sup>321</sup> Medan deira rake motsetnad, tverrpolitiske Kvinne- og Familieforbund, stod fram som eit praktksempel på kvinnelege tilhengarar av ordninga. Foreldre skulle ha ansvaret for barna, og dei hevda barna uttrykte eit aukande behov for meir vaksentid og grensesetting.<sup>322</sup> Formålet deira var at kvinner sine ulike val gjennom livsfasar skulle bli allment akseptert. I tillegg ville dei ha ei auka verdsetting og styrking av familien sin posisjon.<sup>323</sup>

### ***Reell valfridom***

Diskusjonen omkring Regjeringa sitt andre prinsipp, om reell valfridom av omsorgsform for barn, tok for seg forståinga av likestilling, barneomsorg og integrering. Argumentasjonen for eller imot ordninga gjentok seg hos mangfaldet av debattantane. Det stod blant anna om ordninga innfridde reell valfridom eller ikkje.

Ei allmenn oppfatning blant motstandarane av ordninga, som blant likestillings-, kvinne- og kjønnsforskarane, kvinnebevegelsar, politikarar og lærarar, var at kontantstøtta ville forsterke det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret. Den ville forsterke den skeive arbeidsfordelinga mellom kjønna, og med dette gjere det vanskeleg med ei deling av yrkes- og heimearbeid. Motstandarane var klare på at stønaden ikkje representerte ei allmenn auke i

---

<sup>318</sup> Nielsen, Harriet Bjerrum. (1998) Høringsuttalelse – innføring av kontantstøtte fra Senter for kvinneforskning ved Universitetet i Oslo. *Kvinneforskning*, 22, s. 33.

<sup>319</sup> Yssen 1998, 31. Nielsen 1998, 35.

<sup>320</sup> Berg, Cecilie S. W, Anette Bjørlin Basma, Kristin Grongsta. (1999) Evaluèr kontantstøtteordninga. *Kvinnejournalen*, (1), s. 4.

<sup>321</sup> Lønnå, Elisabeth. (24.9.2012a) *Kvinnefronten* [Internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå: <<http://snl.no/Kvinnefronten>> [Nedlasta 13.1.2013]. Lønnå, Elisabeth. (15.11.2012) *Norsk kvinnesaksforeining* [Internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå: <[http://snl.no/Norsk\\_kvinnesaksforeining](http://snl.no/Norsk_kvinnesaksforeining)> [Nedlasta 13.1.2013].

<sup>322</sup> Rusdal, Elisabeth. (1998) Argumenter for kontantstøtte. *Kvinner og Familie*, 112, s. 8.

<sup>323</sup> Lønnå 24.9.2012b.

valfridommen for mødrer og fedrar.<sup>324</sup> Medan tilhengarane med Kari Wærness, sosiolog og omsorgs- og kvinneforskar, som eksempel hevda at: "Like lite som barnehagen er kontantstøtten et "tryllemiddel" for å endre den kjønnsbestemte arbeidsdelingen, verken i den ene eller andre retning."<sup>325</sup> For Wærness, som for Kvinne- og Familieforbundet med fleire, var ynskje om fridom til å velje svært viktig, sidan kvinner eller barnefamiliar ikkje var ei einsarta gruppe. Dermed ynskja heller ikkje alle dei same modellane i småbarnsfasen. Dei var ikkje einige i at kontantstøtta var eit hinder for likestilling.<sup>326</sup> Kva grunn gav dei ulike aktørane dette med?

Motstandarane, som blant anna Kompetansesenter for likestilling, hevda og frykta at ordninga ville slå forskjellig ut for kvinner og menn:

Fordi det er stor grad av likestilling mellom kvinner og menn hva angår lønn og arbeidstid, vil innføring av kontantstøtte slå forskjellig ut for kvinner og menn. En kan kalle dette valgfrihet, men faktum er jo at "valget" i stor grad er tatt gjennom de mekanismer som ulik lønn, forskjellig utdanning og deltidsarbeid utgjør.<sup>327</sup>

Motstandarane var samstemt om at valet vart styrt med utgangspunkt i at dei samfunnsmessige rammene var ulike for kvinner og menn.<sup>328</sup> For størstedelen av motstandarane av stønaden var det ingen tvil om at mødrene var den ynskja målgruppa.<sup>329</sup> I tillegg rekna dei også sannsynet for at kvinner ville nytte seg av ordninga som størst. Kompetansesenter for likestilling, Norsk Kvinnesaksforeining og Kvinnefronten var blant dei som med dette frykta at kvinner ville kome dårlegare ut i forhold til arbeidsliv og karriere. Samtidig ville mannen få eit auka krav til forsørging og dermed ville kontakten med barna minke.<sup>330</sup> Til tross for at stønaden teknisk sett skulle utbetalast til mødrene, men mennene kunne nytte mogelegheita til å nytte seg av ytinga, hevda Kompetansesenter for likestilling at

---

<sup>324</sup> Andenæs 1998, 24-25. Yssen 1998, 27-28, 31. Nielsen 1998, 33. Pettersen, Kjellaug. (1998) Høringsuttalelse om kontantstøtten. *Kvinnesaks-nytt*, 49. Mühleisen, Wencke. (1999) Kronikk Identitet Kjønn og seksualitet i endring. *Aftenposten*, 13.6.1999 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no.pva.uib.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002199906130073&serviceId=2>> [Nedlasta 22.4. 2012]. Ahsan, Aslam. (2001a) Integrering Kontantstøtte isolerer mødre og barn. *Aftenposten*, 13.3.2001 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200103130266&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4. 2012]. Med fleire.

<sup>325</sup> Wærness, Kari. (1998) Barnet er viktigst. *Kvinneforskning*, 22, s. 5.

<sup>326</sup> Rusdal 1998, 8. Wærness 1998, 11.

<sup>327</sup> Yssen 1998, 28.

<sup>328</sup> Yssen 1998, 28. Andenæs 1998, 25. Slåtten, Mette Vaagan og Kristin Holte Haug. (1999) Kronikk Kontantstøtten i valgkamp. *Dagbladet*, 12.8.1999 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no.pva.uib.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=055007199908120057&serviceId=2>> [Nedlasta 22.4.2012].

<sup>329</sup> Slåtten Vaagan og Holte Haug 1999. Yssen 1998, 28.

<sup>330</sup> Yssen 1998, 31. Pettersen 1998. Berg, Bjørnin Basma og Grongsta 1999, 4.

mennene dermed vart økonomisk avhengige av kvinnene, som igjen braut med likestillingsprinsippet.<sup>331</sup> I tillegg hevda Senter for kvinneforskning ved Universitet i Oslo at:

Kontantstøtteforslaget endrer betingelsene især for kvinners valg om yrkesaktivitet, ved å gjøre dette mindre lønnsomt – og for visse inntektsgrupper ikke lønnsomt overhode. På den måten kan en si at forslaget øker kvinners frihet til å velge å være hjemme, men at dette skjer ved samtidig å forringe kvinners frihet til å velge yrkesarbeid, siden det ikke er mulig samtidig å gjøre det lønnsomt å være hjemme og lønnsomt å være i arbeid.<sup>332</sup>

Kontantstøtta innebar både fridom og stengsler for kvinnene på same tid.<sup>333</sup> Dessutan ville ordninga skape ein auka svart dagmammamarknad, i følgje Norsk Kvinnesaksforening.<sup>334</sup>

Tilhengarane med Kari Wærness i spissen, hevda at ein måtte forvente at somme småbarnsmødrer blant den dårlegast betalte delen av den kvinnelege arbeidsmarknaden ville minske eller stogge sin arbeidsinnsats i møte med kontantstøtaden. Ifølgje Kvinne- og Familieforbundet og Wærness fortalte dette meir om lønningsvilkåra og arbeidsforholda, og synleggjorde behovet for endringar på den fronten. Likeins gjaldt det ein eventuell vekst på den ”grå” barnetilsynsmarknaden. Wærness uttrykte at dette på lengre sikt kanskje kunne vurderast som eit positivt bidrag til likestilling.<sup>335</sup> Kvinne- og Familieforbundet med andre etterlyste ei vurdering av arbeidsomgrepet:<sup>336</sup> ”Ulønnet arbeid har stor verdi for samfunnet. Hvorfor er det arbeid når naboen passer mine barn, mens det ikke er arbeid når jeg gjør det selv?”<sup>337</sup>

Kva som var den beste barneomsorga stod også sentralt i spørsmålet om kontantstøtta bidrog til reell valfridom. Forskarane var einige om at det ikkje førelåg noko forskingsmessig belegg for kva som var best for barn under tre år – barnehagar eller å vere heime hos mor eller dagmamma.<sup>338</sup> Det som blant anna Agnes Andenæs såg på som problematisk, var at kontantstøtta representerte ein politikk der barnetilsynet og dermed familielivet vart meir privat og isolert.<sup>339</sup> Somme motstandarar av ordninga var urolege for sikringa av

---

<sup>331</sup> Yssen 1998, 28.

<sup>332</sup> Nielsen 1998, 34.

<sup>333</sup> Nielsen 1998, 34.

<sup>334</sup> Pettersen 1998.

<sup>335</sup> Wærness 1998, 9. Rusdal 1998, 8.

<sup>336</sup> Christensen, Anne Mette. (2001) Kontantstøtten En stor og viktig reform. *Aftenposten*, 19.4. 2001 [Internett]. Tilgjengelig frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200104190270&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012]. Rusdal 1998, 8.

<sup>337</sup> Rusdal 1998, 8.

<sup>338</sup> Nielsen 1998, 34. Wærness 1998, 11. Hatland 2011, 156.

<sup>339</sup> Andenæs 1998, 25.

omsorgskvaliteten.<sup>340</sup> Med barnehagane og kommunale dagmammaer var dette inkludert, men samtidig sette dette dei ut av den økonomiske konkurransen med kontantstøtta. Senter for kvinneforskning ved Universitet i Oslo hevda at dette tyda på at forslaget ikkje generelt ville auke foreldra sine frie val av livsform og omsorgsform. I staden ville den bidra til å forskyve vilkåra for val slik at heimeverande foreldre og private omsorgsordningar ville premierast på kostnad av yrkesaktivitet og barnehagar.<sup>341</sup> I tillegg hevda Hanne Johansen i Kvinnefronten sitt tidsskrift at sidan kontantstøtta gjorde barnehagane til eit dyrt val kunne det oppstå eit klasseskilje i tilbodet til ungar.<sup>342</sup> For motstandarane av ordninga var det eit allment argument at full barnehagedekning måtte til for å få reell valfridom.<sup>343</sup> Somme tilhengarar av kontantstøtta sa seg einige i dette, men tanken var at foreldra eller mødrene var dei som best kunne avgjere kva kombinasjon av yrkesaktivitet og barnetilsyn som var best for barnet og mor. Inga kombinasjon var den rette eller beste.<sup>344</sup>

Lenger ut i kontantstøttedebatten og nærmare opp mot sleppet av evalueringa av ordninga dukka spørsmålet om integrering opp. Her gjorde særskilt innvandrar- eller andregangsinnvandrar politikarar seg gjeldande. Arbeidarpartipolitkar Aslam Ahsan hevda:

En av de alvorligste konsekvensene av ordningen er at den bryter med målsetningen om å øke rekruttering av innvandrerbarn i barnehagene – som et ledd i å lette deres tilpasning av integrering. Her er kontantstøtten etter min oppfatning et reelt hinder for integrering og er nærmest en katastrofe for innvandrerbarna. I stedet for å belønne foreldrene for å holde barna hjemme må det satses på rimeligere barnehageplasser for å sikre at disse barna får et noenlunde samme utgangspunkt for sin videre språkutvikling i det norske skolesystemet.<sup>345</sup>

Synspunktet hans var at kontantstøtta hindra integrering.<sup>346</sup> Likeins såg andre motstandarar av ordninga og bl.a. arbeidarpolitikvinna Saera Khan den avgjerande verdien barnehagane hadde i

---

<sup>340</sup> Slåtten Vaagan og Holte Haug 1999. Nielsen 1998, 34-36.

<sup>341</sup> Nielsen 1998, 34-36.

<sup>342</sup> Johansen, Hanne. (1998) Kontantstøtta på trappene. *Kvinnejournalen*, (4/5), s. 10.

<sup>343</sup> Slåtten Vaagan og Holte Haug 1999. Josefsen, Laila-Brit. (1999) Kronikk Barnehagen-en del av utdanningssystemet. *Dagbladet*, 11.1.1999 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/pva.uib.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=055007199901110075&serviceId=2>> [Nedlasta 22.4.2012]. Pettersen 1998.

<sup>344</sup> Aasebø, Siv. (1999) Debatt Kontantstøtten. *Aftenposten*, 7. 7.1999 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002199907070063&serviceId=2>> [Nedlasta 24. 4.2012]. Wærness 1998, 11. Norges Kvinne- og Familieforbund. (1998) Høringsuttalelse om forslag til kontantstøtte. *Kvinner og Familie*, 112, s. 8. Med fleire.

<sup>345</sup> Ahsan, Aslam. (2001b) Innvandrerbarn Kontantstøtten et hinder for integrering? *Aftenposten*, 23.2.2001 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200102230339&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012].

<sup>346</sup> Ahsan 2001b.

integreringsprosessen.<sup>347</sup> Integreringsløysinga var ikkje å belønne mødrer som isolerte seg og barna frå storsamfunnet.<sup>348</sup> Høgrepolitikar Aamir J. Sheikh avviste desse synspunkta. Han hevda det var ei undervurdering av innvandrarforeldra sitt omsorgsval for barna sine opp til treårsalderen. Sheikh hevda Arbeidarpartiet sin omkamp og argumentasjon for å få avvikla kontantstøtta, særskilt for innvandrarfamiliar, var eit eksempel på at menneske med innvandrarbakgrunn oppfattast som ei homogen gruppe.<sup>349</sup>

Dei ulike oppfatningane av likestilling, barneomsorg og integrering la føringane på argumentasjonen i debatten. Motstandarane av ordninga la i hovudsak eit kjønns- og likestillingsperspektiv til grunn for sine vurderingar. Medan tilhengarane, som blant anna Kari Wærness, hadde eit klasseperspektiv i botna for si vurdering. Ho hevda motstandarane sine standpunkt ikkje tok inn over seg at i eit slitsamt og dårleg betalt arbeid, kunne det vere eit framskritt å få moglegheita til å arbeide mindre i ein periode der det og var slitsamt heime. Wærness hevda at motstandarane hadde eit trongt middelklasse perspektiv på saka. I tillegg skilte motpartane seg frå kvarandre i synet på kjønn og betydinga av innvandrarbakgrunnen. Ei mistenkeleggjing og ei tvil til innvandrarane førekom, slik som på arbeidarklassen under den fyrste debattepoken.

### ***Meir likskap***

Om kontantstøtta oppfylte det tredje prinsippet, om meir likskap i overføringane som den enkelte familie mottok i barneomsorg frå staten, var også eit stridsemne under kontantstøttedebatten. Tilhengarane av kontantstøtta, med Wærness i spissen, viste til at ordninga bidrog til meir pengar til barneomsorg. Dessutan hevda ho at likestillingsorienterte politikarar på venstresida i staden for å motarbeide kontantstøtteforslaget skulle gå inn for ordninga ut frå ei erkjenning om at det var umogeleg i nærmaste framtid å etablere full barnehagedekning. Med bakgrunn i dette måtte dei akseptere kontantstøtta til alle barn under tre år, som ikkje fekk plass i statsstøtta barnehagar, uansett kombinasjonen av yrkesaktivitet

---

<sup>347</sup> Khan, Saera. (2001a) Byrådet Integrering av innvandrerkvinner? *Aftenposten*, 23.2.2001 [Internett].

Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200102230343&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012]. Berg, Bjørnin Basma og Grongsta 1999, 4.

<sup>348</sup> Ahsan 2001a. Khan, Saera. (2001b) Kontantstøtten Sørg for et bedre barnehagetilbud! *Aftenposten*, 8.3.2001 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200103080309&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012].

<sup>349</sup> Sheikh, Aamir J. (2001) Kontantstøtten Innvandrerforeldre undervurderes. *Aftenposten*, 28.2.2001 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200102280249&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012].

og private tilsynsformer som foreldra baserte seg på.<sup>350</sup> Siv Aasebø, medlem av Norges Kvinne- og Familieforbund, uttrykte også glede over at kontantstøtta gav midlar til dei som ikkje valte statsstøtte til barnehageplass eller redusert plass. Ved hjelp av kontantstøtta kunne foreldre sjølv velje omsorgsløysing for barna.<sup>351</sup> Norsk Kvinnesaksforeining hevda samanlikninga mellom dei som fekk statsstøtte gjennom barnehagar og dei som ikkje fekk var meiningslaus. Foreldre med barn i barnehagen bidrog blant anna vesentlig til offentlege inntekter gjennom skatten.<sup>352</sup> Medan Senter for kvinneforskning ved Universitet i Oslo vedkjente at forslaget ville gjere overføringane til småbarnsfamiliar meir like, viste dei i staden til at andre målsettingar med barnehageutbygging ville bli skadelidne.<sup>353</sup> Kristeleg Folkeparti politikar Aud Kvalbein svarte kritikken av kontantstøtta med at: "Ingen blir tvunget til å ta imot kontantstøtten. Den er helt frivillig og et tilbud. Det er ikke slik at de tre milliardene som brukes til kontantstøtte, er tatt fra barnehagestøtten, som noen ser ut til å tro."<sup>354</sup> Medlemmar av Kvinnefronten hevda derimot at likskapen ikkje vart reell då dei familiare som mottok kontantstøtta og valte ei anna omsorgsform enn barnehage, kom betre ut enn dei som hadde statsstøtta barnehageplass.<sup>355</sup> Kontantstøtta vart enten elska eller hata.

## EVALUERINGA

Jens Stoltenberg si fyrste regjering la i april 2001 fram den etterlengta og ynskja evalueringa av kontantstøtteordninga. Allereie i 1997 hadde Bondevik si fyrste regjering slått fast i Voksenåsenekklæringa at ei evaluering av ordninga skulle foretas.<sup>356</sup> Undersøkingane, som utgjorde det endelege resultatet, utført av blant andre Statistisk Sentralbyrå og Noregs Forskningsråd hadde haldt fram sidan 1998.<sup>357</sup> Kva var dei faktiske konsekvensane av ordninga? Var dei like urovekkande og problematiske som motstandarane av ordninga hadde frykta? Kva familiar nytta seg av ytinga? Kva hadde den å sei for likestilling og foreldre si

---

<sup>350</sup> Wærness 1998, 10-11.

<sup>351</sup> Aasebø 1999.

<sup>352</sup> Pettersen 1998, 1-3.

<sup>353</sup> Nielsen 1998, 32-36.

<sup>354</sup> Kvalbein, Aud. (2001) Kontantstøtte Foreldre skal kunne velge. *Aftenposten*, 6.3.2001 [Internett].

Tilgjengeleg frå: <<http://ret-web05.int.retriever.no/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=020002200103060281&serviceId=2>> [Nedlasta 24.4.2012].

<sup>355</sup> Berg, Bjørlin Basma og Grongsta 1999, 4.

<sup>356</sup> Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre. (1997) *Voksenåsenekklæringen. I: Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884-2001*, cd-rom gitt ut av Norsk samfunnsvitenskaplig datateneste og institutt for samfunnsforskning, versjon 1.1.2001.

<sup>357</sup> Barne- og familiedepartementet. (2001) *Om evaluering av kontantstøtten*. St.meld. nr. 43. (2000-2001). Oslo, Barne- og familiedepartementet, s. 2.

arbeidstilpassing? Kva konsekvensar fekk den for barn med etnisk minoritetsbakgrunn?

Innfridde den kontantstøtteleva sine tre hovudmål?

”Det ble gjennomsnittlig for 1999 og 2000 utbetalt kontantstøtte for i overkant av tre fjerdedeler av ett- og toåringene.”<sup>358</sup> Til tross for at kontantstøtta i dette tidsrommet tilsynelatande var utbreitt, vart berre i overkant av 40 prosent av barna passa av eigne foreldre. I følgje evalueringa vart nesten halvparten av kontantstøttebarna passa både av foreldre og av andre som barnehagar, medan heiltidstilsyn utan foreldre var lite utbredt blant mottakarane. Kontantstøtta hadde verken ført til store endringar i foreldra si arbeidstilpassing, eller fleire fulltidsheimeverande mødrer. Somme mødrer hadde auka tida i heimen med barna, særskilt blant dei som tidlegare arbeidde mykje og hadde høgare utdanning, men i hovudsak som ei midlertidig tilpassing. Ordninga hadde ikkje fått store innverknadar på likestillinga mellom kjønna. Dei dramatiske argumenta til kontantstøttemotstandarane under dei offentlege debattane slo feil på dette området. Derimot hadde det blitt nokre færre småbarn i barnehagane, og dermed ein redusert vekst i barnehageutbygginga. Tilbodet om barnehagar til småbarn hadde blitt mindre tilgjengeleg enn tidlegare for dei familiane som ynskte denne ytinga. Motstandarane hadde frykta dette, medan tilhengarane tilsynelatande hadde gitt uttrykk for at barnehagedekninga stadig skulle utbetrast. Dette var noko Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti ikkje let passere utan kamp. I vurderinga av barn med spesielle behov gjekk evalueringa ut frå at kontantstøtta kunne ha ført til ein liten reduksjon i etterspørselen etter barnehageplass for eitt- og toåringar med etnisk minoritetsbakgrunn. Undersøkingane rekna med at ytinga hadde bidratt til ei styrking av det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret i desse familiane, men manglande data utgjorde ein svakheit i undersøkingane.<sup>359</sup> ”For disse familiene blir kontantstøtten en viktig økonomisk overføring som bekrefter de valg som gjøres med forankring i tradisjonelle kulturelle verdier. Det som oppfattes som naturlige valg er med kontantstøtten også blitt en styrking av familieøkonomien.”<sup>360</sup>

Ifølgje evalueringa viste undersøkingane at kontantstøtta hadde ført til at småbarnsmødrer deltok litt mindre i arbeidslivet og at foreldra stod for ein litt større del av barnetilsynet. Dette var i tråd med ynskje til sentrumsregjeringa. Samtidig førte den ikkje til noko endring i fedrane sin yrkesaktivitet, som kontantstøttemotstandarane hadde antatt. Valfridommen var derimot ikkje reell for dei foreldra som ikkje fekk innfridd ynskje om

<sup>358</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 14.

<sup>359</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 14-15, 21-22, 29-30, 35-36.

<sup>360</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 34.



barnehageplass. Samtidig hadde valfridommen auka for dei som på grunn av kontantstøtta valte å arbeide mindre enn utan ordninga, og som i utgangspunktet ynskja den tilsynsforma. Valfridommen i barnetilsyn førte også til at dei som føretrakk dagmamma fekk ei mogelegheit til å få det subsidiert. Likevel stod dagmammabruken på staden kvil ifølgje undersøkingane frå 1998 til 1999. Debattantane fekk altså rett på kvar sitt vis. Det tredje og siste målet om at det i større grad enn tidlegare vart utbetalt like mykje i statlege overføringar til barn med og utan barnehageplass vart innfridd.<sup>361</sup> Frå 1999 gjekk kontantstøttesatsane over frå fire til fem, for å legge betre til rette for kombinasjonen barnehage og kontantstøtte. Dermed skulle barnehagetilskotet i følgje evalueringa harmoniserast med ein femtedel av kontantstøtta. 100 prosent kontantstøtte var i 2001 kroner 36 000 per barn per år.<sup>362</sup> Ein sum som for dei aller fleste var for lav til å ofre yrkeslivet, medan for somme tilfredsstillande og ei påskjøning til eit allereie innlysande tilsynsval. Evalueringa stadfesta at ordninga representerte eit nytt prinsipp i velferdsordningane, sidan ein fekk pengeutbetaling for eit unytta velferdsgode.<sup>363</sup>

Ifølgje evalueringa vart konsekvensane av kontantstøttelova altså langt frå så problematiske som ulike debattantar hadde frykta. Den utgjorde ein minimal forskjell på 90-talet og rett over i det 21. hundreåret. Mødrene vart ikkje kasta tilbake til kjøkkenbenken, og fedrane reduserte heller ikkje arbeidstida i den offentlege sfæren. Somme barn fekk derimot litt meir tid med mødrene sine under småbarnsfasen. Dessutan var utfallet blant innvandringsfamiliane ei anna side av same sak. Ei orientering mot tradisjonelle verdiar når det gjaldt barnetilsyn, lite utdanning og svake norskkunnskapar var utslagsgjevande for yrkesaktiviteten blant innvandarmødrene i forhold til den øvre befolkninga.<sup>364</sup> Kontantstøtta forsterka det tradisjonelle valet. Kontantstøtta var framleis ung og det 21. hundreåret var ukjent.

## OPPSUMMERING

Kontantstøtta vaks ut av ei tid og eit samfunn der gullalderen til husmora var over. Kvinner og menn si rolle som foreldre var endra. Toinntektssystemet var staten si ynskja norm og realitet for dei fleste familiar. Familien var funksjonstappa og vart i hovudsak assosiert med fritid. Den hadde tilpassa seg og endra seg etter behova og tida. Velferdsstaten var i endå større grad enn under den fyrste debattepoken blitt ein del av familien, eit støtteapparat. Familien var

---

<sup>361</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 39-43.

<sup>362</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 5-6.

<sup>363</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 42.

<sup>364</sup> Barne- og familiedepartementet 2001, 33.

framleis samfunnet si bærande kraft, enkeltindivid sitt sikkerhetsnett. Kontantstøtta var eit brot med tida, den dåverande familiepolitikken og andre støtteordningar under den andre debattepoken. Ei verdsetting av barneomsorg innanfor den heimlege sfæren. Tankegodset frå byrjinga av hundreåret om ei vedkjenning av mødrene sitt arbeid i heimen vart på ny tatt opp til diskusjon. Denne gongen som ein tilsynelatande kjønnsnøytral debatt, men indirekte med eit ynskje og/eller intensjon om å vere morsorientert. Dei politiske leirane hadde skifta side om stridsemnet. Dei borgarlege partia og sentrum var no husmødrene sine forkjemparar. Den einaste som framleis hadde omtanke for ideala frå mellomkrigstidas arbeidarrørsle var sosiologen Kari Wærness.

Formålet med utviklinga av ordninga var at den skulle vere eit viktig handslag for dei som fullt eller delvis ynskja å vere heime med småbarna. Barnet var målet, medan foreldra indirekte fylgde med på lasset. Dei generelt kjønnsnøytrale formuleringane under lovutforminga gav inntrykk av familien som målet, medan mødrene vart det ynskja forvaltningsleddet av stønaden, med bakgrunn i utbetalingsreglane. Dei vart også formidlingsleddet i realiteten på grunn av dei forskjellige samfunnsmessige rammene for kjønna. Tiltaket kan sjåast på som eit ynskje om å vere kjønnsretta. Intensjonen var å kunne verke til å morsrette barneomsorga.

Kontantstøttelova utløyste ein oppheita debatt om verknadane av ordninga i forhold til likestilling, barneomsorg og integrering. Desse forholda var atskillig endra sidan den fyrste debattepoken på 30-talet. Skiljelinjene var like klare som under den politiske debatten i Stortinget. Ein var enten for eller imot ordninga. Kontantstøtta stod ikkje fastspikra med stortingsvedtaket, som vart gjennomført med eit stort fleirtal. Den andre debattepoken med dei ulike familiestønadane og kontantstøtta viste ei politisk tilbøyelegheit for ulike morsmodellar. Med kontantstøtta fekk mødrene rett til betaling for å vere heimeverande. Eininntektsfamilien var idealet for nokon. På den eine sida vart barneomsorga med dette igjen privatisert ved at barneomsorg skulle gå føre seg i heimen. Samtidig førekom det ei offentleggjering med den offentlege pengeoverføringa ved omsorgsarbeidet. Kontantstøtta var mentalitetsmessig meir familie- og morssentrert enn arbeidslivssentrert. Dette stridde imot den norske velferdsstaten sine elles lave familiestønadar og den offentlege kollektiviserte barneomsorga, med blant anna barnehagar, der terskelen for å slutte å arbeide var mindre. Avhengigheitsforholdet mellom familien og staten var urokkeleg. Det var ikkje lenger eit spørsmål om staten skulle støtte familiane, men korleis.

# KAPITELL 5: BELØNNING AV MODERSKAPET

---

## INNLEIING

Ordningane oppstod i to forskjellige epokar av det 20. hundreåret. I løpet av perioden endra tida og samfunnet seg. Dermed også kjønnsrollene, familien og det offentlege engasjementet i barneomsorg og barn si forsørging. Dette påverka den offentlege debatten: Kva dei diskuterte og kvifor dei diskuterte det dei diskuterte. For det fyrste i kva grad gjenspeglar debattane endringar i samfunnet i perioden, og korleis var dette med å endre synet på omsorgsarbeid og betalt moderskap? For det andre var formålet for utviklinga av ordningane lik i dei to epokane? For det tredje var dei begge tenkt som moderskapsstønadar, trass i ulik formulering og grunngjeving? Og heilt til slutt kva utfordringar møter ordningane i byrjinga av det 21. hundreåret?

## TO FORSKJELLIGE DEBATTAR PÅ BETALT MODERSKAP/OMSORGSARBEID

Debattane i samfunnet og innanfor Regjering og Storting fekk betydning for barnetrygda og kontantstøtta si utforming, og synet på betalt moderskap og omsorgsarbeid i perioden. Barnetrygda vart høgt debattert i mellomkrigstida i media i lys av store diskusjonar om utforminga av velferdsstaten og befolkningsspørsmålet. Det tok nokre tiår før ei endeleg løysing kom. Diskusjonane gjekk frå å vere morsorientert til barneorientert. Med kontantstøtta gav velferdsstaten igjen uttrykk for eit ynskje om å støtte opp om familiane i reproduksjonsarbeidet slik som med barnetrygda. Men i dette tilfellet kom stortingsvedtaket etter ein kortvarig debatt innanfor Regjering og Storting. Samfunnsdebatten kom som ein reaksjon på vedtaket. Argumentasjonen under barnetrygd- og kontantstøttedebatten tok i hovudsak for seg kjønnsrollene, barneomsorga, forholdet mellom produksjon og reproduksjon, og staten si rolle i familien. Skilnaden var at samfunnet hadde endra seg utover hundreårsperioden. Behova var ulike og krava hadde dermed andre utgangspunkt.

Ekteskapslova av 1927 stadfesta og institusjonaliserte eineforsørgjarfamilien og kjønnsforskjellane. Paragraf 1 lydar som følgjande: ”Mann og hustru plikter gjennom tilskudd av pengar, gjennom virksomhet i hjemmet eller på annan måte å bidra, hver efter sin evne, til å skaffe familien det underhold som efter ektefellenes kår og stilling må anses passende.”<sup>365</sup> Med hensikta om å likestille partane i ekteskapet og gje individa rettar og plikter, førte den til eit større skilje mellom kjønna. Det heteroseksuelle ekteskapet vart tilpassa det moderne

---

<sup>365</sup> Lorentzen 2012, 81.

samfunnet. Lova gav ansvar for forsørging, men erkjente husmorarbeidet som likeverdige.<sup>366</sup> Dette lovverket låg til grunn for 1900-talet sine tankar i forhold til ekteskapet, plikter og roller, og forsørging. Til tross for at toforsørgjarsystemet i slutten av hundreåret nesten var einerådande, gjaldt lova framleis. Den var viktig i bevisstheita til barnetrygd- og kontantstøtteforkjemparane.

Samfunnsdebattane i mellomkrigstida om barnetrygd kan sporast tilbake til kravet om ei oppvurdering av morsarbeidet, ei belønning av moderskapet, og til lønsproblematikken med omsyn til forsørgjarbyrd. Grasrota i organisasjonar og partilag engasjerte seg. Tre forslag om barnetrygd, som vart omtalt med ulike namn fram til 1930, vart fremja og diskutert inntil det endelege stortingsvedtaket vart fatta. Det fyrste forslaget var ei mødreløn, seinare omdøyppt til barnetrygd fremja av arbeidarkvinnebevegelsen. Det andre forslaget kom frå den borgarlege sida der kvinnebevegelsen ville ha ei forsørgjarløn. Medan det tredje og siste forslaget var tenester i naturalia til barnefamiljar, fremja av sosialøkonomar og ein del av Margarete Bonnevie sitt ynskje. Frå 1920-talet sine morsorienterte diskusjonar, tok debatten på 30-talet vendinga mot barnet. Løysinga stod mellom ei kontantytting eller tenester i naturalia. Stortingsdebattane bygde vidare på argumentasjonen frå samfunnsdebatten.<sup>367</sup>

Den politiske debatten om ei kontantstøtte oppstod derimot i diskusjonen om barnehagedekninga, ein barneorientert og dermed familiesentrert diskusjon frå fyrste stund. Kravet om ei kontantstøtte som alternativ til barnehagar og andre foreldrepermisjonsordningar skapte uro. Også her stod det om naturalia eller kontantytting. Kontantstøttedebattane vart ført av to fløyer med eit felles overordna mål om å lette småbarnsfamiliane sine liv. Den politiske venstresida, forskarar og fleirtalet av kvinnebevegelsar aksepterte ikkje ei ordning som kunne virke husmorretta. Dei kravde eit godt tenestetilbod i naturalia, altså velferdsordningar som la til rette for produksjon og reproduksjon. Desse tankane hadde vore for radikale for mange før andre verdskrigen. Arbeidarkvinnene såg ikkje lenger verdien av eineforsørgjarsystemet. Derimot kjempa den borgarlege sida, særleg Kristeleg Folkeparti, denne gongen for ei kontantytting, i tillegg til dei allereie eksisterande kollektive tiltaka.<sup>368</sup>

Aktørane under dei ulike debattane hadde altså skifta side. Krava såg tilsynelatande ut til å vere barneorientert og dermed familieorientert, men intensjonen vart skulda for å vere morsorientert. Kva inneber skilnaden i tid mellom desse ordningane og debattane knytt til dei?

---

<sup>366</sup> Melby 2007, 301. Lorentzen 2012, 81.

<sup>367</sup> Sjå kapittel 3.

<sup>368</sup> Sjå kapittel 4.

Eit industrialisert, profesjonalisert og urbanisert samfunn var på frammarsj i byrjinga av hundreåret.<sup>369</sup> Mykje av produksjonen vart flytta ut av familien. Idealet for den moderne familien var ei kjønnsdeling. Paradoksalt nok hadde kvinnene fått stemmerett i 1913.<sup>370</sup> Kvinnebevegelsane hadde kjempa for likestilling i lovverk og institusjonar.<sup>371</sup> Utover perioden auka likevel talet på gifte kvinner som forsørgja seg gjennom ekteskapet. Den fyrste debattepoken var prega av nye kjønnslikskapar og forskjellar, og nye moglegheiter og stengsler.<sup>372</sup> Synet på barneomsorga, reproduksjon ved sidan av produksjon, og staten sin plass i familien endra seg. Desse synsmåtane vart igjen endra i siste halvdel av hundreåret. Etterkrigstida var prega av framtidsoptimisme, økonomien var på opptur og teknologiske nyvinningar gjorde kvardagen betre for folk flest.<sup>373</sup> I tillegg endra demografien seg med fleire fødande kvinner, men færre barn og blant anna kortare barneomsorg for foreldre.<sup>374</sup> Fleire kvinner fekk tid og anledning til å bli yrkesaktive. Synsmåtane og grensene frå byrjinga av hundreåret vart brotne i møte med den andre debattepoken frå omkring 1970-talet. Kvinnebevegelsar hevda det private var politisk. Samfunnet måtte betre og legge til rette for kvinnene i det offentlege og arbeidslivet.<sup>375</sup> Det oppstod ei ny forståing med fokus på individualitet, likestilling og likeverd.<sup>376</sup> Desse faktorane gav krava, behova og grunngevingane til dei ulike tidene andre utgangspunkt. På 1990-talet var det sjølvsagt at begge kjønn hørte til i den heimlege og offentlege sfæren med staten som tilretteleggar.

Under barnetrygddebatten var det ei felles oppfatning om at samfunnet hadde interesse av at barn og ungdom vaks opp under gode levevilkår, og at dette i høg grad var avhengig av familien sin økonomiske stilling. På dette tidspunktet hevda dei at lønningane ikkje tok omsyn til familiane sin størrelse, og konsekvensen var at eit nytt barn førte til ein senka levestandard for heile familien.<sup>377</sup> Industrialiseringa hadde ført til nye arbeidsmogelegheiter for både kvinner og menn.<sup>378</sup> Likevel vart 20- og 30-talet prega av høg arbeidsløyse, som igjen hadde ført til ei utestenging av gifte kvinner frå arbeidsmarknaden. Ifølgje Berge Furre hadde:

”Sterke krefter i fagrørsla rekna det jamvel som usolidarisk av gifte kvinner å gå på arbeid når

---

<sup>369</sup> Lorentzen 2012, 81, 117.

<sup>370</sup> Melby 2007, 260, 331.

<sup>371</sup> Furre 2000, 261.

<sup>372</sup> Melby 2007, 260, 331.

<sup>373</sup> Lorentzen 2012, 87.

<sup>374</sup> Blom 2007, 342.

<sup>375</sup> Skard, Torild. (1990) *Kvinnepolitikkenes tiår i de nordiske land. I: Arbeiderhistorie. Årbok for Arbeiderbevegelsen Arkiv og Bibliotek 1990*. Oslo, LO media, s. 94, 107-109. Furre 2000, 261. Danielsen 2002, 92-93.

<sup>376</sup> Blom 2007, 388.

<sup>377</sup> Kapittel 3.

<sup>378</sup> Melby 2007, 309-310.

menn med forsyntarbør var ledige.<sup>379</sup> Frå 1925 og fram til 1937 råda prinsippvedtaket til LO, som lydte som følgjande: "[...] om å motarbeide at både mann og hustru i familien tok arbeid."<sup>380</sup> Løna vart sett på som ei felles godtgjersle, og skulle dermed fordelast etter trongen.<sup>381</sup> På same tid livnærte framleis størstedelen seg av jord- og havbruk.<sup>382</sup> Få kvinner kunne i praksis leve opp til det borgarlege idealet om å vere husmødrer. Kvinnene i blant anna jordbruket, arbeidde fram til etter andre verdskrig eller seinare på den tradisjonelle måten.<sup>383</sup> Dårlig med arbeid, høge matprisar og ei usikker framtid for folk flest, i tillegg til den auka tilgangen på preventive midlar, førte til ein kraftig nedgang i fødselstala. Det oppstod uro i samfunnet og innanfor dei politiske veggane.<sup>384</sup> Levekårspolitikken vart staten sitt verktøy i møte med dei sosiale problema, eit fokus på realiteten for vanlege familiar.<sup>385</sup> I følgje historikar Anne Lise Seip: "Levestandarden måtte heves, og utgiftene ved å ha barn utjevnes."<sup>386</sup> Kvinnene som familiaranes hushaldarar og økonomiske forvaltarar vart ved hjelp av statlege ytingar nøkkelen til å nå dette målet.<sup>387</sup> Den fyrste debattepoken sitt hovudproblem med familiarane sin økonomi var starten på ein velferdsstat og gryande familiepolitikk.

Etter barnetrygda vart innført og fem år etter andre verdskrigen, såg det ut til at fleire gifte kvinner kunne leve opp til husmoridealet.<sup>388</sup> Den gryande velferdsstaten med ei kollektiv tenking, ynskja å trygge forholda for barn med ein økonomisk og praktisk basis. Staten vart eit viktig støtteapparat for folk flest.<sup>389</sup> Under velferdsstaten si utbygging i etterkrigstida vart det slått fast at statleg støtte til barnefamiliar gjekk inn under velferdspolitikken og ikkje lønspolitikken. Gerhardsenregjeringa hadde i 1951 kome med forslag om ei familieløn som skulle løyse dyrtidsproblema, men utan hell. Forslaget stridde imot dei etablerte prinsippa for fastsettinga av løn. Løn etter forsørgjarbyrde etter pris- og lønssituasjonen var uaktuelt for Arbeidarbevegelsen og særskilt LO. Dei grunn gav det med omsyn til marknadskreftene og frie forhandlingar. Løysinga deira var direkte støtte til dei med spesielle behov. Dei unngjekk å erkjenne kjønnsforskjellane. Derimot ville dei borgarlege partia ha meir statleg regulering som også gjaldt fastsettinga av løn. Ut av denne og andre debattar om barneforsørginga på

---

<sup>379</sup> Furre 2000, 50.

<sup>380</sup> Melby 2007, 296

<sup>381</sup> Melby 2007, 296

<sup>382</sup> Furre 2000, 43-44.

<sup>383</sup> Melby 2007, 318.

<sup>384</sup> Furre 2000, 50. Melby 2007, 289. Seip 1994a, 128.

<sup>385</sup> Haavet 1999c, 150. Haavet 1999b, 290-291. Melby 2007, 291.

<sup>386</sup> Seip 1994a, 133.

<sup>387</sup> Melby 2007, 290.

<sup>388</sup> Melby 2007, 309. Haavet 1999c, 122.

<sup>389</sup> Furre 2000, 141.

1950-talet, kom det inga løysing eller andre forslag om familiestønadar. Lønssystemutvalet frå 1951 i utgreinga av spørsmålet om familieløn, hadde gjeve uttrykk for at statleg støtte til familieforsørgjarar blant anna måtte skje gjennom ordningar som barnetrygda. Ikkje før på 70- og 80-talet vart barnetrygda endra, då vart alle barn under 16 år innlemma og satsen fekk ei tydeleg auke.<sup>390</sup> Ifølgje historikaren Inger Elisabeth Haavet skulle det bli: "[...] produksjonsøkningen i samfunnet som etterhvert brakte flere familier opp på et anstendig nivå, snarere enn offentlige tiltak og støtteordninger."<sup>391</sup> Etterkrigstida var prega av økonomisk vekst og høgare produksjon og velstandsauke. Frå 60- og 70-talet endra familielivet seg. Fleire kvinner tok utdanning og løna arbeid, og staten gjorde seg avhengig av denne arbeidskrafta. Kjønnroller og likestilling vart tema for offentleg debatt, og kvinnebevegelsar stod på barrikadane. Med Familiemeldinga i 1973/74 vart toforsørgjarsystemet satt som mål ved hjelp av naturalytingar: barnehagar, barselspermisjonar og hjelpeordningar i heimen. Staten ynskja å ta eit større ansvar i barneomsorga i småbarnsfasen. På same tid låg staten heile tida eit skritt bak kvinnene sine behov. Til tross for at barnefamiliane vart definert inn under velferdspolitikken, vart likevel normalarbeidstakarane tatt mest omsyn til i framveksten av familiestønadar.<sup>392</sup> Desse styrka også kvinnene sin rett som mødrer meir enn mennene som fedrar.<sup>393</sup> Det var ikkje før på 90-talet at staten i større grad la vekt på å dele barneomsorga mellom kjønna, blant anna ved å tvinge fedrar til større deltaking gjennom fedrekvoten.<sup>394</sup> Velferdspolitikken som gjaldt småbarnsfasen vart i slutten av hundreåret enten gjeve gjennom økonomiske overføringar (kontantyttingar), eller gjennom offentleg støtte av tenester (naturalia). På den eine sida set staten reproduksjonsarbeidet framfor yrkesarbeidet, medan på den andre sida avlasta den foreldra i arbeidet med barneomsorga/reproduksjonsarbeidet.<sup>395</sup> Til tross for nye lovgjevingar, kvinners aukande entre i politikken og yrkeslivet og menns aukande deltaking i barneomsorga, stod kjønnssegregeringa framleis fastspikra på 90-talet.<sup>396</sup>

Krav fra kvinnebevegelsen var fanget opp av etablerte institusjoner, men de var også til en viss grad ufarliggjort. Særlig var kravene om spesifikke tiltak til fordel for kvinner ofte blitt

---

<sup>390</sup> Haavet 1999c, 110-111, 113, 120, 126.

<sup>391</sup> Haavet 1999c, 120.

<sup>392</sup> Danielsen 2002, 92-93, 101, 103.

<sup>393</sup> Blom 2007, 389.

<sup>394</sup> Danielsen 2002, 104.

<sup>395</sup> Leira 1996, 214-215.

<sup>396</sup> Furre 2000, 221-222. Skard 1990, 93, 106, 109-110.

erstattet med mer tvetydige kjønnsnøytrale tiltak som muligens kunne, men ikke nødvendigvis ville medvirke til å styrke likestillingen.<sup>397</sup>

Synsmåtene frå barnetrygddebatten hadde lagt grunnlaget for staten si sjølvsgatte rolle i familien under kontantstøttedebatten. Til forskjell frå tidlegare bestod familiane i hovudsak av to forsørgjarar, og levestandarden hadde for dei fleste auka. Diskusjonane om økonomisk støtte frå staten for å sikre familiane gode levevilkår var forbi. Under kontantstøttedebatten tok dei for seg korleis staten skulle støtte dei og kva omsorgsform som var ynskja. Det førelåg inga eintydig forskning på kva tilsynsordning som var best for småbarna.<sup>398</sup> Hovudproblemet dreidde seg om tid til omsorg. Til tross for at folk hadde fått meir fritid og det sosiale samværet hadde auka utover 90-talet, viste statistikken at folk fekk det meir travelt, særskilt mødrene. Familiesamværet hadde fått hard konkurranse i møte med kollektiv omsorg, jobb, fritidssyslar, og enkeltindivid sine eigne og felles behov.<sup>399</sup> I begge debattane gjekk diskusjonane mellom kontantytting og naturalyttingar. Forskjellen var at i gryinga av velferdsstaten var utbygginga av kollektive tilsynsordningar ikkje sjølvsgatte. Frivillige organisasjonar spelte ei avgjerande rolle. Under kontantstøttedebatten var naturalyttingar og familiestønadar eit alternativ for alle, medan ei kontantytting som i praksis gjorde det mogeleg å vere ein heimeverande omsorgsperson på fulltid ikkje eksisterte.<sup>400</sup> Kva stridast dei ulike aktørane under debattane om og kva var årsaka til dette?

### ***Barnetrygddebatten***

Under barnetrygddebatten såg arbeidarkvinnene verdien i husmorarbeidet og morsarbeidet. Yrkesarbeidet vart sett på som ei ulempe og til hinder for mødrene sitt omsorgsansvar. Kravet om ei mødreløn frå samfunnet vart grunngeve med at husmorarbeidet var ein sjølvstendig næringsveg med sine eigne produksjonsvilkår. Retorikken si nye vending i 30 åra, kom nok av ei erkjenning om at det var lettare å fremje kvinner sine krav gjennom barnet. Argumentasjonen bygde på staten sitt samvit når det gjaldt ansvaret og betydninga av den vaksande slekta. I tillegg var mødrene i dette tilfellet deira beste samarbeidspartnarar i sikringa av oppvekstvilkåra til framtidens vaksne. Etterkvart som diskusjonane drog ut, måtte nok arbeidarkvinnene finne fleire gode grunnar for ordninga. Ei barnetrygd vart også argumentert med å styrke kjøpekrafta, senke arbeidsløysa og få ned fleire offentlege utgifter.

---

<sup>397</sup> Skard 1990, 110.

<sup>398</sup> Hatland 2011, 156.

<sup>399</sup> Furre 2000, 322-324.

<sup>400</sup> Kapittel 3 og 4.



Truleg som eit alternativ på løysinga av den økonomiske krisa. Argumentasjonen gjekk igjen hos fleirtalet under barnetrygdlova sin saksgang. For den borgarlege kvinnebevegelsen låg fokuset på lønsforholda i yrkeslivet i større grad enn å stimulere til heimeverande mødrer. Lønssystemet straffa familien ved at forsørgjarane si inntekt ikkje strakk til, med den same lønningssatsen som for einslege. I tillegg gav utestenginga av gifte kvinner frå arbeidslivet ingen alternativ. Til tross for usemja om korleis mødrene og familiare sitt problem skulle løysast ved hjelp av ei kontantytning, var den borgarlege- og arbeidarkvinnebevegelsen einige om at mødrene måtte bli forsørgjarar på lik linje med menn. Fleirtalet i debatten meinte heimeverande mødrer var det beste for barna, familien og dermed samfunnet. Mor og barn vart sett på som ei eining. Naturalytingar vart for arbeidarkvinnebevegelsen ei fattighjelp, ei undergraving av heimane, og ei umyndiggjering av mødrene. Samtidig ytra dei borgarlege kvinnene ein moderne visjon, om å legge til rette for dei som ynskja eller trong arbeid utan at det gjekk utover barna.<sup>401</sup>

Tilhengarane av ei barnetrygd i form av tenester i naturalia var i mindretal. Dei direkte tiltaka vart argumentert med at dei gav sikkerheit for at dei kom barna til gode, og dei mest vanskelegstilte befolkningslaga. Ytinga skulle mogleggjere ei omlegging av befolkninga sitt forbruk etter samfunnet sitt ynskje. Sosialpolitikken måtte sjåast i samheng med den økonomiske og finansielle politikken. Dette vart for enkelte oppfatta som ein paternalistisk politikk, ved å fjerne alt ansvaret og tilliten frå mødrene sitt husmor- og omsorgsarbeid. Naturallinja ville ha mor og far ut i arbeidslivet, som stridde imot borgarklassen si norm frå slutten av 1800-talet, som arbeidarklassen på dette tidspunktet streva etter.<sup>402</sup>

Forklaringa på oppslutnaden om ei barnetrygd i form av ei kontantytning med mødrene som formidlingsledd, kom nok blant anna av dyrkinga og idealiseringa av husmora på 1900-talet. I tillegg til den auka kjønnskomentære kjønnsrolletenkinga blant folket.<sup>403</sup> I følgje historikaren Kari Melby var dette: "[...] perioden da hushold og arbeid for første gang i historien i stor skala ble fysisk atskilt. Det dreier seg om tiden før offentlige velferdsordninger var utbygd."<sup>404</sup> Mødrene var forvaltarane av familieøkonomien, og dermed ynskja som garantist for at trygda kom barna til gode. Alternativet var at far fekk tillegg til løn, som i andre europeiske land. Mødrene hadde gått frå å vere ein del av arbeidet i totalhushaldet i jordbruksfamiliane, til å delta i minst mogleg anna arbeid enn innanfor den heimlege sfæren.

---

<sup>401</sup> Kapittel 3.

<sup>402</sup> Kapittel 3.

<sup>403</sup> Lorentzen 2012, 11.

<sup>404</sup> Melby 2007, 258.

For somme familiar var dette umogeleg i praksis. Fedrane sitt arbeidsfelt vart derimot forskyvd frå heimen til det offentlege. Intimitetsposisjonen deira spelte ikkje lenger ei rolle, det vesentlege var forsørgjarrolla.<sup>405</sup> Men familieforsørgjaren med den same inntekta som einslege dekkja ikkje barnefamiliane sine livsnødvendige behov. Barnetrygda var eit håp om å endre dette. Fokuset på barneomsorga kom nok av mentalitetsendringa når det gjaldt kva som var barna sitt beste. Barnet vart oppfatta som eit individ med eigne ressursar og behov.<sup>406</sup> Staten si rolle opp i dette vart kravd ut ifrå konsekvensane av moderniseringa. Politisk og ideologisk prøvde staten å utvikle og reprodusere eineforsørgjarmodellen.<sup>407</sup>

### ***Kontantstøttedebatten***

Årsaka til at argumentasjonen tok ei anna vending under kontantstøttedebatten tyda på ei samfunnsendring sidan barnetrygddebatten. Dei borgarlege partia i tillegg til eit mindretal av forskarar og kvinnebevegelsar representerte ynskje om eit velferdsgode i form av ei kontantytting til småbarnsforeldre. For det fyrste måtte foreldra velje omsorgsform utifrå at det var dei som best kjente barnet sitt beste og familien sitt behov. Stønaden skulle legge til rette for heimeverande med omsorgsoppgåvene på heil- og deltid. I forhold til likestilling viste dei til at kvinner med og utan innvandringsbakgrunn og barnefamiliane deira ikkje var einsarta grupper. Innanfor stortingsdebattane omtalte dei ordninga som kjønnsnøytral, samtidig som dei særskilt omtalte kvinnene og set dei inn i eit breiare likestillingsomgrep. Fedrane si omsorgsrolle skulle ikkje løysast med denne ordninga. Aktørane under samfunnsdebatten la ikkje skjul på at mødrene var den ynskja målgruppa. Sosiologen Kari Wærness poengterte at for dei dårlegaste betalte kvinnene kunne kontantstøtta vere eit betre alternativ enn kjedelige og underbetalte jobbar og eventuelt dårlege omsorgsløysingar. For det andre viste dei til at dilemmaet mellom yrkesarbeid og omsorgsarbeid hadde ført til eit auka ynskje og behov blant foreldre og barn til meir samvær. Og for det tredje ville dei ha meir likskap i overføringane frå staten til barneomsorg. Aktørane i samfunnsdebatten etterlyste ei vurdering av arbeidsomgrepet. Dei forventa at staten la til rette for at foreldre sjølv kunne velje tilsynsform til det beste for barnet. Utfordringane med den aukande veksten av innvandrarfamiliar måtte løysast med andre tiltak, samtidig stod kulturen og tradisjonen sterkare enn staten sine

---

<sup>405</sup> Lorentzen 2012, 11-12, 79.

<sup>406</sup> Sogner, Sølvi. (2003) Familien som omsorgsfellesskap. I: Sølvi Sogner (red.). *I gode og vonde dagar*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 190-192.

<sup>407</sup> Lorentzen 2012, 11.

kollektive tiltak.<sup>408</sup> Som konsekvens av ei auka globalisering, var Noreg på 90-talet i ferd med å bli eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn. Noreg hadde fått nærare tilknytning og nye plikter til andre land gjennom blant anna medlemskapen i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet.<sup>409</sup>

Motstandarane av kontantstøtta ynskja i staden å arbeide vidare med kollektive tiltak for småbarnsforeldre. Den politiske venstresida i tillegg til eit fleirtal blant engasjerte forskarar og kvinnebevegelsar mfl. retta fokuset mot dei tenkte konsekvensane. Det var ei felles oppfatning at ordninga ville forsterke det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret. Stønadene representerte ikkje valfridom, fordi forskjellane mellom kjønna innanfor arbeidslivet, økonomi og utdanning ville avgjere valet. Samtidig ville vilkåra for val av omsorgsform bli forskyvd slik at heimeverande foreldre og private omsorgsordningar vart premierte på kostnad av yrkesaktivitet og barnehagar. Det var ingen tvil om at mødrene ville nytte seg av ordninga. Mannen kom dårleg ut ved eit auka forsørgingskrav og mindre omsorgstid. For innvandarane hindra den integrering på grunn av mangel på språkutvikling og samvær med andre enn sin familie. Ordninga representerte ein politikk som privatiserte og isolerte barnetilsynet og familielivet utan sikring av omsorgskvaliteten.<sup>410</sup>

Årsaka til den sterke og allmenne reaksjonen mot kontantstøtta som hinder for likestilling og integrering, kom blant anna av at idealet om eineforsørgjarsystemet var erstatta med ei familieform der ansvaret for forsørging og omsorg var delt mellom foreldra.<sup>411</sup> Unntaket var innvandarfamiliene, der somme haldt fast ved familiemønsteret i kulturen dei kom frå og som likna systemet her frå byrjinga av 1900-talet.<sup>412</sup> Rollene som mor og far hadde nærma seg kvarandre, men likevel arbeidde far meir.<sup>413</sup> Omsorgsfaen gjorde seg gjeldande.<sup>414</sup> Den praktiske sida av omsorgsarbeidet vart erstatta med den psykologiske og sosiale sida.<sup>415</sup> Familien brukte mindre tid i sjølve heimen i motsetnad til fleirtalet av innvandarbarn og mødrer. Desse hadde for få kontaktflater i det norske samfunnet.<sup>416</sup> I teorien hadde oppslutninga om kjønnslikestilling auka kraftig, medan i praksis hang

---

<sup>408</sup> Kapittel 4.

<sup>409</sup> Furre 2000, 340, 344-345.

<sup>410</sup> Kapittel 4.

<sup>411</sup> Blom 2007, 388.

<sup>412</sup> Kavli 2004, 290. Kavli 2012, 306.

<sup>413</sup> Sogner 2003, 205.

<sup>414</sup> Blom 2007, 383-384.

<sup>415</sup> Sogner 2003, 205-206.

<sup>416</sup> Sogner 2003, 201-202. Kavli 2004, 314.

haldningane etter.<sup>417</sup> Krava til staten som tilretteleggar og støtteapparat kom av velferdsstaten sin oppkomst. Velferdspolitiske tiltak hadde i slutten av hundreåret tatt sikte på å lette kombinasjonen av reproduksjon og produksjon for foreldre.<sup>418</sup> Familielivet vart i større grad underlagt statleg og profesjonell kontroll.<sup>419</sup> I følgje sosiolog Anne Lise Ellingsæter utformast familiepolitikken: ”[...] med utgangspunkt i bestemte antagelser om situasjonen til moderne familier, og er med på å prege oppfatningar av godt foreldreskap.”<sup>420</sup>

### *Debattane*

Debattane gjenspeglar altså endringar i kjønnsrollene i perioden. Medan moderskapet i byrjinga av hundreåret vart definert av hus- og omsorgsarbeidet, var det kombinasjonen av yrkes- og omsorgsarbeid som gjaldt for mødrene i slutten av hundreåret. Ei kontantytting til støtte for ei heimeverande mor (forelder) gjekk frå å vere ei ynskja norm til å bli eit avvik. Debattane var med på å endre synet på omsorgsarbeid og betalt moderskap til dei ulike tidene ut frå familiesystemet og kjønnsrolletenkinga som dominerte. Kontantyttinga til den heimlege sfæren under barnetrygddebatten vart i hovudsak sett på som eit framsteg for kvinner og likestilling, i forhold til å bli rekna med som forsørgjar, og ei verdsetting av kvinnelege verdiar. Medan den type ordning for motstandarane av kontantstøtta fekk den heilt motsette tydinga. Tilhengarane var derimot ueinige, dei definerte likestilling på ein anna måte og såg på valfridommen som det sentrale. Oppfattinga av best barneomsorg og staten si rolle i forhold til den, gjekk frå å vere ein diskusjon om kvifor den skulle bidra økonomisk til korleis det økonomiske bidraget skulle ordnast. Frå barnetrygda av vart det offentlege engasjementet i barneomsorga og barn si forsørging gjort universelt. Velferdsstaten si utvikling med utbygginga av velferdsordningar for familie og barn auka utover hundreåret. Fokuset låg på tilretteleggingspolitikk og utbygging av hjelpeordningar. Det var ein allmenn tanke gjennom heile perioden at staten tente på gode oppvekstvilkår for barn. Dessutan stod tilliten til foreldre i barneomsorga sterkt blant begge forkjemparane av ordningane. Medan motstandarane av barnetrygda tvilte på mødrene si avgjersleevne og arbeidarklassen vart mistenkeleggjort. Kontantstøttemotstandarane behandla derimot innvandrarane og dei dårlegare stilte gruppene i samfunnet som homogene grupper og som unntak frå fleirtalet. Dessutan førekom det ein skepsis til kvinners avgjersleevne med utgangspunkt i dei ulike

---

<sup>417</sup> Kavli 2012, 269.

<sup>418</sup> Blom 2007, 358-359.

<sup>419</sup> Ellingsæter 2004, 134-135.

<sup>420</sup> Ellingsæter 2004, 135.

samfunnsrammene for kjønna. Motstandarane ville bruke offentlege pengar på direkte tiltak. Dermed skulle dei vere sikra at stønadane kom barna til gode. Mors omsorg var avgjerande for barnet si utvikling under barnetrygddebatten. Under kontantstøtta vart fleire faktorar sett på som ein føresetnad for barnet si utvikling. Barnet trong omsorg frå begge kjønn, eit pedagogisk tilbod, og samvær med andre barn. Kravet til barneomsorg var endra, og familielivet vart stadig satt på prøve i møte med nye utfordringar.

Endringane i samfunnet hadde påverka synspunkta og aktørane i krava om ytingane. Ei oppvurdering av moderskapsarbeidet gjekk frå å vere arbeidarkvinnene og venstresida sitt krav til å bli ei borgarleg kampsak med Kristeleg Folkeparti i spissen. Posisjonane skifta undervegs. Noregs Husmorforbund, til 1997 kalla Kvinne- og familieforbundet, stod derimot fast på sitt under begge debattane. For dei var heimebasert omsorg noko elementært. Barnetrygda og kontantstøtta vart utforma i samheng med krava som vart sett fram, som følgje av behova som gjorde seg gjeldande på dei ulike tidspunkta. Skilnaden i tid var avgjerande for mottakinga av forslaga og kva retning diskusjonane tok. Familiepolitikken fekk med desse to ordningane ei meining for folk sine liv og velferd både i arbeidslivet, familielivet og omsorgsordningar. Medan barnetrygda i praksis utgjorde ein symbolsk sum, gjorde kontantstøtta det mogeleg å vere ein heimeverande forelder. Heimebasert omsorgstenking låg bak argumenta til forkjemparane av ordningane. Barnetrygda vart ei markering på byrjinga av den universelle velferdsstaten, medan kontantstøtta kan bli sett på som ein motreaksjon til 70-talsfeminismen, kombinasjonen av omsorgsarbeid og yrkesarbeid. Skilnaden i tid mellom desse ordningane og debattane knytt til dei innebar forskjellar i aktørane sine posisjonar og kva som vart legitimert til dei ulike tidene. Hovudproblemet under den fyrste debattepoken var forsørginga, medan under den andre debattepoken tidsklemma.

## **FORMÅLET: LIKSKAPAR OG ULIKSKAPAR?**

Som nemnt ovanfor og i dei tidlegare kapitla vart ordningane utvikla i ulike tider og i ulike samfunnskontekstar. Likevel førekom det likskapar til tross for ulikskapar. Kva var likt og ulikt med formålet for utviklinga av ordningane? Korleis vart barnetrygda og kontantstøtta (belønningstankegeongen) legitimert til dei ulike tidene? Var formålet for desse ei (re)familisering eller defamilisering?<sup>421</sup>

---

<sup>421</sup> ”Defamilisering er politikk som minsker individets avhengighet av familien, som maksimerer individets kontroll av økonomiske ressurser uavhengig av familierelasjoner. Familisering er ”pro-familie” politikk som sikter mot å sette inn igjen såkalte ”familieverdier”, og tildeler familien maksimalt med velferdsforpliktelse.” Anne Lise Ellingsæter og Lars Gulbrandsen refererar her til Gøsta Esping-Andersen sitt skilje mellom desse to

Under utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta var det ei allmenn oppfatning at samfunnet hadde ei interesse av at alle barn vaks opp under gode levevilkår. Familien sin økonomiske situasjon var avgjerande. Under utviklinga av kontantstøttelova hadde retten til velferdsstaten si hjelpande hand blitt sjølvstøtt, medan tida før barnetrygda stod fleirtalet på eigenhand. Med bakgrunn i dette var formålet med barnetrygda for det fyrste å betre mødre og barna – dermed familien – sine kår. Likefullt var det viktig at lova ikkje tok frå foreldra heile ansvaret med den økonomiske forsyninga av barna. Det avgrensa kontantbeløpet var nok blant anna ein konsekvens av dette. Diskusjonane om barnefamiliane sin levestandard tok for seg omsorgsalternativa under utviklinga av kontantstøtta. Staten og velstandsauken i etterkrigstida sikra familiane sitt underhald no. Denne ordninga skulle gje foreldre valfridom i tilsynsordning og tidsbruk med barna, i tillegg til likskap i dei statlege overføringane i denne samanhengen. Tilliten til foreldra gjorde seg også gjeldande under denne ordninga ved valfridommen i tilsynsordningar. I tillegg skulle kontantstøtta som barnetrygda vere ei vedkjenning/støtte for dei som ynskja å vere heime med barna. Skilnaden var at kontantstøtta skulle legge til rette for heimeverande omsorg under småbarnsfasen, medan barnetrygda skulle oppmuntre til det lengre løp. Kontantstøtta vaks derimot ut av eit mangfald av foreldrestønadar, så her gjaldt det ein valfridom, eit luksusproblem, medan barnetrygda søkte å lette tilværet for familiane. Samfunnet var under barnetrygda si utvikling til hinder for at toforsørgjarsystemet kunne fungere i praksis, utan alvorlege konsekvensar for barnetilsynet. Det fanst veldig få barnehagar. Eit nytt barn bidrog til ein lågare levestandard. Denne var sikra under utviklinga av kontantstøtta.<sup>422</sup>

Medan eineforsørgjarsystemet var den rådande og ynskja samlivsforma under den fyrste debattepoken, tok toforsørgjarsystemet over frå 1970-talet. Med kvinna som den forsørgja, hadde barnetrygda for det andre som formål å legge til rette for mødre i den heimlege sfæren. Barnet var avhengig av mors omsorg. Kontantstøtta hadde også som formål å rette fokuset mot heimebasert omsorg, men kven som skulle ta dette ansvaret vart formulert kjønnsnøytralt.<sup>423</sup>

Oppdraginga av barn vart sett på som ei samfunnssteneste under begge periodane. Under utviklinga av barnetrygda var det erkjent at lønningane ikkje tok omsyn til

---

omgrepa. Deira forenkla definisjon av defamilisering er at omsorga blir flytta ut av familien, med familisering behaldast omsorga i den, og med refamilisering blir omsorga flytta tilbake til den. Her referert: Ellingsæter, Anne Lise og Lars Gulbrandsen. (2003) *Barnehagen – frå selektivt til universelt velferdsgode*. Oslo, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, s. 10, 47.

<sup>422</sup> Kapittel 3 og 4.

<sup>423</sup> Kapittel 3 og 4.

forsørgingsbyrda, og barnetrygda skulle for det tredje virke utjamnande mellom inntektsgruppene ut ifrå om ein hadde forsørgjarbyrde. Dette var ikkje lenger eit problem under den andre perioden, då begge foreldra i hovudsak var forsørgjarar. Familiene vart avlasta av staten på ulike måtar. Problemet stod om tidsklemma, som følgje av det økonomiske trykket som påverka omsorgssituasjonen. Kontantstøtta skulle vere ei løysing på dette problemet i tillegg til dei andre velferdsgoda, som allereie gjorde kombinasjonen av yrkesarbeid og barn mogeleg. Stønaden var heller ikkje ei utjamning mellom inntektsklassar, men ei utjamning mellom kollektive tilsynsordningar og heimeverande omsorg. Barnetrygda skulle vere uavhengig av yrkeslivet, medan kontantstøtta kunne gje fridom frå yrkesaktivitet. Altså mottakarane av ordningane kunne vere med og utan yrkesarbeid.<sup>424</sup>

Det var eit felles formål å legge til rette for heimeverande omsorg under begge ordningane. Barnetrygda var eit ynskje om familisering, der omsorga skulle behaldast i familien. Medan kontantstøtta var eit ynskje om ei refamilisering, der omsorga skulle flyttast tilbake til familien. Belønningstankegangen vart legitimert til dei ulike tidene på ulikt vis. Barnetrygda vart legitimert med behovet om å betre barna og dermed familien sine levevilkår. Medan kontantstøtta vart legitimert med at foreldre måtte få velje tilsynsordning for barna, det måtte bli likskap i overføringane frå staten i dette høve, og foreldre og barn uttrykte eit behov for meir samvær. Dessutan var den dominerande og allment aksepterte tilsynsordninga med barnehagar ikkje tilgjengeleg for alle, så ein kunne ikkje gjere forskjell på folk, noko måtte dei som ikkje fekk barnehageplass få i erstatning.<sup>425</sup>

## **MODERSKAPSSTØNADAR?**

Var mødrene formålet eller middelet? Korleis endrar synet seg på omsorga og kven staten skulle rette seg mot? Kva slags omsorgstenking låg bak? Var det eit ynskje og/eller ein intensjon om å belønne moderskapet gjennom desse ordningane?

Barnetrygda var ei støtte til den kjønnskomplementære familien, medan dette idealet vart fremja som eit alternativ til den moderne familien sitt toforsørgjarsystem med kontantstøtta. Mor og barn vart sett på som ei uskiljeleg eining i tillegg til forsørgjaren i byrjinga av hundreåret, medan omsorgsansvaret i aukande grad vart sett på som eit samarbeidsprosjekt mellom mor og far under den andre debattepoken.<sup>426</sup>

---

<sup>424</sup> Kapittel 3 og 4.

<sup>425</sup> Kapittel 3 og 4.

<sup>426</sup> Kapittel 3 og 4.

Både barnetrygda og kontantstøtta såg med det fyrste ut til å ha barnet som målgruppe. Konsekvensen av dette var at mødrene (foreldra) i hovudsak fylgde med på lasset. Med barnetrygda på grunn av det ynskja og etterkvart dominerande eineforsørgjarsystemet, og med kontantstøtta på grunn av kjønnssegregeringa som framleis gjorde seg gjeldande. Retorikken under stortingsforhandlingane utgjorde derimot skilnaden. Barnetrygda vart under saksgangen omtalt som ei vedkjenning av mødrene sitt arbeid med barneoppfostringa. Medan kontantstøtta vart omtalt som ei kjønnsnøytral ordning. Utbetalingsreglane stadfesta derimot ynskje og/eller intensjonen om mødrene som formidlingsleddet av stønadane. Likevel utelukka ikkje kontantstønadane far som mottakar så lenge mor ikkje søkte.<sup>427</sup>

Synet på omsorga gjekk frå å vere morsorientert til familieorientert. Staten vendte seg mot mor med barnetrygda, medan til foreldra med kontantstøtta. Bakom låg det likevel eit ynskje og/eller ein intensjon om ei omsorgstenking som var morsretta. Med barnetrygda i normgjevande forstand. Den symbolske summen som var tiltenkt mødrene kunne virke haldningsskapande. Medan kontantstøtta sitt pengebeløp, med mødrene som ynskja og i realiteten formidlingsledd, gjorde ei heimeverande mor mogeleg i praksis. Med desse stønadane var det mogeleg å oppnå ei viss offentleg støtte og vedkjenning av mødrene sitt uløna arbeid/omsorgsarbeidet i heimen. Evalueringa til kontantstøtta viste at svært få fedrar endra sin innsats i omsorgsarbeidet.<sup>428</sup>

## **UTFORDRINGAR I DET 21. HUNDREÅRET**

Byrjinga på det 21. hundreåret bydde på nye utfordringar for barnetrygda og kontantstøtta. Eit auka fleiretnisk samfunn og meir fri flyt av arbeidskraft og varer over landegrensene, var tilhøve som ordningane ikkje var utforma for. Dei familiepolitiske reformene vart innført med eit anna publikum for auge. Prinsippet om like rettar for alle vart satt på prøve i møte med fleire variasjonar i samlivsmønster og sosiale behov.<sup>429</sup> Dilemmaet med innvandarmødrene og møtet med velferds goda auka utover perioden.

Mens velferdsstaten gjennom å premiere og legge til rette for kvinners yrkesaktivitet har hatt en økonomisk selvstendigjørende effekt på norske kvinner, er resultatet for mange ikke-vestlige innvandrede kvinner en innslåing i tradisjonelle kjønnsroller og økonomisk avhengighet av mannen. Satt på spissen kan vi si at velferdsstatens sjenerøsitet overfor barnefamilier, dyre tilsynsordninger og et delvis lukket arbeidsmarked bidrar til å

---

<sup>427</sup> Kapittel 3 og 4.

<sup>428</sup> Kapittel 3 og 4.

<sup>429</sup> Kavli 2004, 294.



sementere en tradisjonell familietype blant (enkelte grupper av) ikke-vestlige flyktninger og innvandrere.<sup>430</sup>

I tillegg til dilemmaet med innvandramødrene, vart eit anna tilfelle etterkvart synleggjort i byrjinga av hundreåret. Eksportering av trygdeordningar vart ein konsekvens av EØS-medlemskapet inngått i 1994.<sup>431</sup> Ein hadde allereie under utviklinga av kontantstøtta gjort seg til kjenne med dette.<sup>432</sup> Forskrifter frå 2006 og seinare redigert i 2012 la grunnlaget for inkorporasjon av trygdelovboda i EØS-avtala.<sup>433</sup> Dermed fekk utanlandske foreldre med arbeidstilknytning i Noreg, med barn i andre europeiske land, rett til blant anna barnetrygda og kontantstøtta.

Dette henger sammen med at slike familieytelser i mange europeiske land blir sett på som tillegg til lønnen for arbeidstakere som forsørger barn. Det er da nærliggende at ytelsene utbetales der forsørgeren arbeider. Dette strider mot vanlig norsk tankegang om at kontantstøtte og barnetrygd er støtte til barn, ikke til lønnsstakere, og at den bør utbetales og tilpasses samfunnsforholdene i landet der barna bor.<sup>434</sup>

Sidan begge ordningane var tiltenkt forsørgjarar, som budde i riket og hadde lovleg opphald, vart eksporteringa sett på som svært problematisk innanfor Regjering og Storting og elles blant folket. Diskusjonstemaet om velferdsstaten si yteevne fekk nye aspekt. Kva hadde og har velferdsstaten råd til å betale for? Det 21. hundreåret er framleis ungt.

## OPPSUMMERING

Utviklinga av barnetrygda og kontantstøtta vart prega av perioden dei oppstod i. Det førekom både likskapar og ulikskapar til tross for samfunns- og familieendringar. Det vart satt fokus på heimeverande omsorg, og intensjonen var å belønne moderskapet. Barneoppdragning var eit samfunnsarbeid, og mødrene var det ynskja og/eller i realiteten formidlingsleddet.

Barnetrygda stod fram som tidsrelevant i forhold til forsørgingsproblemet, medan

---

<sup>430</sup> Kavli 2004, 313.

<sup>431</sup> Knudsen, Olav Faglund. (15.3.2012) *EØS-avtalen* [Internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå: <http://snl.no/E%C3%98S-avtalen> [Nedlasta 20.2.2013].

<sup>432</sup> Barne- og familiedepartementet 1998b, 8.

<sup>433</sup> Forskrift om inkorporasjon av trygdeforordningene. (2006) *Forskrift om inkorporasjon av trygdeforordningene i EØS-avtalen*. Fastsatt ved Kronprinsreg.res. 30. juni 2006 med heimel i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven) §22, lov 8. mars om barnetrygd (barnetrygdloven) §22 mfl. Tilgjengeleg frå: < [http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/ltavd1/filer/sf-20060630-0731.html&emne=2006-06-30\\*,%20\\*-2006-06-30&&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/ltavd1/filer/sf-20060630-0731.html&emne=2006-06-30*,%20*-2006-06-30&&) > [Nedlasta 20.2.2013]. Forskrift om inkorporasjon av trygdeforordningene. (2012) *Forskrift om inkorporasjon av trygdeordningene i EØS-avtalen*. Fastsatt ved kgl.res. 22. juni 2012 nr. 585 med heimel i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven) og lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd (barnetrygdloven) mfl. Tilgjengeleg frå: <<http://www.lovdata.no/for/sf/ad/td-20120622-0585-0.html>> [Nedlasta 20.2.2013].

<sup>434</sup> Hatland 2011, 158.

kontantstøtta i forhold til tidsklemma. I overgangen til det 21. hundreåret endra den offentlege debatten om sjølve kontantstøtta fokuset, frå ei hovudvekt på kvinner i kvardagen i retning av innvandring, altså ein integreringsdebatt. Samtidig møtte den og barnetrygda nye utfordringar. Ein kunne ikkje lenger halde trygdene innanfor dei nasjonale grensene. Fri flyt av pengar og menneske vart eit nytt moment. Verda kom på bana gjennom interne avtaler, som EØS-avtala. Det problematiske var og er at velferdstrygdene vart utforma i ei anna tid med andre utfordringar. Ordningane var blitt del av ein anna debatt enn då dei blei fremja. Kontantstøtta ville framleis somme ha og somme fjerne, medan barnetrygda stod fastslått. Men i møte med dei nye utfordringane var det ei politisk semje om at ei omforming av ordningane måtte til. Angående diskusjonen om heimebasert omsorg i framtida, stilte ein seg spørsmålet om velferdsstaten kunne nekte den individuelle retten til å velje omsorgsform? Ei fjerning av kontantstøtta ville vere eit brot med denne retten. Kva framtida ville gjere med ordningane ville berre tida vise.

## KAPITTEL 6: KONKLUSJON

---

På 1900-talet vart barnet sett på som samfunnet si framtid. Gode levekår, og dermed økonomiske forhold var ein føresetnad. Barneoppdraginga var og blei sett på som ei samfunnsteneste. Samfunnet var avhengig av at kvinner fødar barn. Der foreldra ikkje strakk til, måtte staten trå til. Staten vart ein større del av familien under dette hundreåret. Omsorga dukka opp i politikken og laga kaos. Forholdet mellom yrkesarbeid, det løna arbeidet, og reproduksjonsarbeidet, det uløna arbeidet, var eit varig dilemma.

Staten greip inn i den heimlege sfæren gjennom barnetrygda og kontantstøtta for å støtte opp om barneomsorga i familien, og legge til rette for heimeverande omsorg. Desse var påskjønningar til omsorgsarbeidet i den heimlege sfæren. Barnetrygda var eit ynskje om familisering, medan kontantstøtta eit ynskje om ei refamilisering. Den symbolske summen med barnetrygda hadde som formål å betre mødrene og barna og dermed familien sine levekår. Dessutan med eit ynskje om å minske forskjellen i levestandard mellom forsørgjarar og ikkje forsørgjarar under einforsørgjarsystemet. Familiane under den fyrste halvdel av hundreåret stod ovanfor eit forsørgingsproblem som ikkje kunne oversjåast. Det avgrensa, men tilfredsstillande kontantbeløpet med kontantstøtta, hadde som formål å gje foreldre meir tid til barneomsorg. I slutten av hundreåret var det ei allmenn oppfatning om ei tidsklemme. Dessutan kom barnetrygda på toppen og var ikkje lenger berre symbolsk. I tillegg var formålet å gje foreldre valfridom i tilsynsform, og likskap i dei statlege overføringane til tilsynsformer for barneomsorg. Like og individuelle rettar var blitt sjølvsgatte. Stønaden skulle vere eit alternativ til den kollektiviserte barneomsorga, som toforsørgjarsystemet hadde ført med seg. Ordningane bygde på ein tillit til foreldra og deira avgjersleevne i valet av omsorgsform. Dei bygde på tanken om familien som samfunnet sin grunnpilar, noko som motstandarane var ueinige i.

Ordningane såg med det fyrste augekast ut til å ha barna som målgruppe. Dermed omfatta dei også mødrene (foreldra). Mødrene (foreldra) vart nøkkelen til å sikre barna det beste livsgrunnlaget gjennom desse ordningane. Med eineforsørgjarsystemet hadde omsorga vore mødrene sitt prosjekt, medan i overgangen til toforsørgjarsystemet var den ynskja å vere eit samarbeidsprosjekt mellom foreldra. Kontantstøtta utelukka dermed ikkje far. Men til tross for ordninga si kjønnsnøytrale formulering, i motsetnad til barnetrygda, var mødrene i realiteten formidlingsleddet i begge ordningane. Praksis og haldningar, som gjennom hundreåret var prega av kjønnssegregering med ulik vekt, var avgjerande. Synet på

